

Mastergradsoppgave

Stig Løland

Kampen for bølgjene

Eit bidrag til å forstå
bølgjesurfarar sin motstand
mot surfeverbodet på Jæren



Høgskolen i Telemark

Fakultet for allmennvitenskapelige fag

Kampen for bølgjene



**Eit bidrag til å forstå bølgjesurfarar sin
motstand mot surfeforbodet på Jæren**

Stig Løland

**Masteroppgåve i idrett og friluftsliv
Høgskolen i Telemark
2013**

Høgskolen i Telemark 2013

Fakultet for allmenvitenskapelige fag

Institutt for idretts- og friluftslivsfag

Hallvard Eikas plass

3800 Bø i Telemark

<http://www.hit.no>

© 2013 Stig Løland

Illustrasjon på framsida: Frå internett (No Surfing Picto, 2013).

Denne avhandlinga representerer 60 studiepoeng

Forord.

No er det på tide å sette sluttstrek for dette prosjektet og i den samanhengen vil eg påpeike at oppgåva har ikkje blitt til utan hjelp frå andre. Først vil eg takke Tommy Langseth for god og kyndig vegleiing. Ei takk går og til Alf Odden som var veglear i oppgåva sin innleiande fase. Utan informantane så hadde denne oppgåva aldri vore mogleg, så eg vil derfor takke surfarane på Jæren som stilte opp på intervju. Eg vil også takke Fylkesmannen i Rogaland for svar på spørsmål rundt problematikken, og Direktoratet for Naturforvaltning for hjelp med saksdokument. Biblioteka på Høgskulen i Telemark og Høgskulen i Volda fortener og ei takk for upåklageleg innsats. Ei takk går også til gode kollegaer for støtte og hjelp gjennom heile prosjektet. Til slutt vil eg takke alle andre som på ein eller anna måte har hjelpt meg gjennom prosessen med å få ferdig oppgåva.

Volda, august 2013

Stig Løland

Samandrag

Dei siste åra har det vore ei auke i talet på konfliktar mellom naturforvaltninga og utøvarar av enkelte typar friluftslivsaktivitetar som det har vore ein vekst i utbreiinga av. Denne oppgåva tek føre seg ei av desse konfliktane som har pågått mellom bølgjesurfarar og forvaltninga på Jæren i Rogaland. Bakgrunnen for konflikten var at det i 2003 blei oppretta eit surfeforbod der surfarane mista dei to beste lokalitetane for surfing i området. Grunnen til at forvaltninga etablerte forbodet var at dei meinte at surfarane skremte fuglelivet. Mange surfarar har nekta å følgje forbodet og vel å surfe ulovleg. Målet med denne masteroppgåva er derfor å forstå surfarane din motstand mot dette forbodet og å forstå kvifor dei surfar ulovleg. Hensikta med dette er å gje forvaltninga eit innblikk i surfarane sin verden og å prøve å komme fram til nokre viktige poeng for at konflikten skal kunne dempast. Empirien som oppgåva bygger på består av semistrukturerte intervju med 6 surfarar og resultata har blitt analysert ved hjelp av sosiologen Pierre Bourdieu sine omgrep habitus, felt og kapital.

Oppgåva undersøker surfarane sin motstand mot surfeforbodet på to nivå. Det første nivået tek føre seg surfarane sitt forhold til surfing og til dei forbodne bølgjene. Dette utgjer grunnmuren i surfarane sin motivasjon for ulovleg surfing og skildrar det affektive og emosjonelle forholdet surfarane har til sporten sin. Hovudfunna er at surfing blir sett på som svært viktig av informantane. Fleire har bygt opp liva sine rundt surfing og aktiviteten kan sjåast på som ei eiga karriere. I tillegg til å gje store personlege opplevelingar, så gir surfing også ein samanheng i tilværet, ein identitet og ein posisjon i surfemiljøet og i samfunnet. Oppgåva viser at desse fordelane er sterkt knytt opp mot dei lokalitetane som inngår i forbodet. Oppgåva argumenterer også for at lokalitetane kan sjåast på som territorium som surfarane føler eit eigarforhold til og ut i frå dette så kan ulovleg surfing sjåast på som eit revirhevdande tiltak frå surfarane si side.

Det andre nivået analyserer forvaltninga sitt arbeid med etableringa av forbodet som grunnlag for surfarane sin motstand mot forbodet. Hovudfunna viser at det er to hovudgrunnar til at surfarane reagerer på forvaltninga sitt arbeid. Det første er at surfarane reagerer på at forvaltninga kan etablere eit forbod utan å ha tilstrekkeleg bevis på at surfing er skadeleg for fuglelivet. I tillegg til dette meiner surfarane også at saksgangen har vore ulovleg. Dette gjer

at surfarane opplever at forvaltninga berre kan gjere som dei vil utan å følgje korrekte og legitime framgangsmåtar i eit sånt arbeid. Surfarane opplever derfor ei sterk grad av avmakt og den einaste måten surfarane kan bli høyrt på i denne situasjonen er gjennom ulovleg surfing. Ulovleg surfing blir dermed surfarane sin måte å delegitimere og undergrave forbodet på. Konklusjonen av arbeidet er at surfarane sin motstand mot surfeforbodet på den eine sida kan forståast som eit affektivt og emosjonelt forhold til surfing og til dei beste bølgjene og på den andre sida forståast som ein form for protest mot eit byråkrati som sit med all makt.

I siste delen av oppgåva blir desse resultata forsøkt brukt til å produsere nokre spørsmål som forvaltninga kan bruke som verktøy for å dempe konflikten på Jæren. Oppgåva prøver og å generalisere resultata til å kunne gjelde fleire saker av liknande karakter og kjem fram til nokre spørsmål som forvaltninga kan stille i saker der det er potensiale for konflikt mellom forvaltninga og utøvarar av enkelte typar friluftslivsaktivitetar.

| | |
|--|-----------|
| FORORD | 1 |
| SAMANDRAG | 2 |
| 1. INNLEIING..... | 6 |
| BAKGRUNN OG MÅLSETTING..... | 6 |
| PROBLEMSTILLINGAR | 10 |
| OM UNDERSØKINGA | 11 |
| LEGITIMERING OG AKTUALITET | 12 |
| AVGRENSINGAR..... | 15 |
| OPPGÅVA SIN STRUKTUR..... | 16 |
| 2. KONFLIKT, SURFING OG FORVALTNING. | 18 |
| KONFLIKTAR I NATUR..... | 18 |
| SURFING | 21 |
| FORVALTING..... | 24 |
| 3. SURFEFORBODET OG FORVALTNINGA SINE ARGUMENT FOR FORBODET | 26 |
| JÆRSTRENDENE LANDSKAPSVERNOMRÅDE | 26 |
| FORVALTNINGA SINE ARGUMENT OVERFOR SURFARANE..... | 29 |
| 4. TEORI..... | 33 |
| PIERRE BOURDIEU | 34 |
| HABITUS..... | 34 |
| KAPITAL..... | 39 |
| FELT..... | 42 |
| MAKT..... | 46 |
| FELTANALYSE | 48 |
| EIT KRITISK BLIKK PÅ BOURDIEU | 48 |
| 5. METODE | 50 |
| HERMENEUTIKK | 50 |
| DET KVALITATIVE FORSKINGSINTERVJU..... | 51 |
| MIN BAKGRUNN OG GRUNNGJEVING FOR VAL AV KASUS | 52 |
| FORSKINGSPROSESSEN | 53 |
| VAL AV INFORMANTAR | 55 |
| ANONYMISERING AV INFORMANTANE..... | 56 |
| ETISKE FØREHALD..... | 56 |
| GJENNOMFØRING AV INTERVJUA..... | 57 |
| TRANSKRIPSJON, ANALYSE OG TOLKING. | 58 |

| | |
|---|------------|
| GENERALISERBARHEIT, RELIABILITET OG VALIDITET | 59 |
| 6. SURFARAR OM SURFING | 64 |
| SURFARANE | 65 |
| BØLGJER MED MEINING | 65 |
| SURFING, FERDIGHEIT OG STATUS | 70 |
| SURFING SOM LIVSSTIL | 75 |
| BØLGJENE SOM TERRITORIUM..... | 81 |
| OPPRØR..... | 86 |
| 7. SURFARAR OM FORBODET | 88 |
| SURFARANE SITT SYN PÅ FORVALTNINGA SITT ARBEID OG GRUNNLAGET FOR FORBODET | 88 |
| <i>Erfaringsbasert kunnskap</i> | 88 |
| <i>Vitskapleg kunnskap</i> | 92 |
| SURFARAR OM SAKSGANGEN | 95 |
| AVMAKT OG PROTEST | 98 |
| 8. EIT VERKTØY FOR FORVALTNINGA..... | 102 |
| ER DET MULIG Å FÅ EI FREDELEG LØYSING PÅ JÆREN? | 102 |
| KORLEIS UNDERSØKE KONFLIKTPOTENSIALET? | 104 |
| 9. AVSLUTNING | 106 |
| OPPSUMMERING OG KONKLUSJON | 106 |
| EI VURDERING AV DET TEORETISKE RAMMEVERKET..... | 109 |
| EI VURDERING AV OPPGÅVA..... | 110 |
| VEGAR VIDARE | 111 |
| LITTERATUR..... | 112 |
| VEDLEGG 1: INTERVJUGUIDE SURFEMILJØET | 120 |

1. INNLEIING

Bakgrunn og målsetting

Dei siste åra har det dukka opp ei rekke konfliktar¹ rundt omkring i landet mellom utøvarar av enkelte friluftslivsaktivitetar og forvaltninga². På Lista trossar brettseglarane forbodet mot windsurfing, i Rondane er det ei konflikt mellom terrengsyklistar og vernemyndighetene og på Dovre og i Rondane reagerer kiterar mot kiteforbod. Denne lista kan gjerast lang og det kan virke som om det stadig dukkar opp nye saker. Denne oppgåva tek føre seg ei av desse konfliktane som dukka opp i kjølvatnet av at bølgjesurfing³ blei forbode på dei to lokalitetane på Jæren i Rogaland som i følgje surfarane er dei beste for utøving av aktiviteten i området. Desse er blant surfarane kjent under namna Kvassheim og Svinestien⁴. Forbodet blei oppretta i 2003 i ”forskrift om vern av Jærstrendene landskapsvernområde” (Miljøverndepartementet, 2003a) og grunnen var at forvaltninga meinte at surfarane skremmer fuglelivet. Forvaltninga si avgjersle vakte stor motstand og kraftige protestar i surfemiljøet. I åra 2004 til 2005 prøvde surfarane å få oppheva forbodet gjennom ei rekke klager og søknadar til Fylkesmannen i Rogaland, Direktoratet for Naturforvaltning og Miljøverndepartementet. Miljøvernministeren, lokalpolitikarar, uavhengige forskrarar og andre vart involvert, men ingenting av dette førte fram og surfarane fekk endeleg avslag i 2005. Heilt fram til i dag har mange surfarar nekta å akseptere forbodet og mange fortset å surfe på dei forbodne lokalitetane på tross av forbodet. Forholdet mellom surfarane og forvaltninga er betent og diskusjonane har gått heftig føre seg

¹ Omgrepene blir diskutert og definert seinare i oppgåva.

² I oppgåva blir omgrepene naturforvaltning eller forkortinga forvaltning brukt om den offentlege naturvernforvaltninga. I denne oppgåva er forvaltninga representert ved Fylkesmannen i Rogaland, Direktoratet for Naturforvaltning og Miljøverndepartementet.

³ Bølgjesurfing er ein aktivitet der utøvaren står på eit brett og glir på ei brytande bølgje. I denne oppgåva blir bølgjesurfing ofte forkortinga til surfing. Når omgrepet (bølgje)surfarar eller (bølgje)surfarane blir brukt så er det snakk om informantane som denne oppgåva gjer bruk av.

⁴ I forvaltninga er desse lokalitetane kjent som Øyren og Skarsteinane. Sjå kart illustrasjon 1. I denne oppgåva har surfarane sine eigne namn blitt valt som utgangspunkt.

både i aviser, magasin og tv-program. Det ser ikkje ut til at den ulovlege surfinga kjem til å bli slutt på med det første og det ligg an til at denne konflikten kan bli langvarig.

I ein artikkel i Stavanger Aftenblad uttalte representant for Fylkesmannen i Rogaland at denne saka viser at surfarane ikkje har utprega beskjedenhet for våre⁵ verneverdiar og at surfarane må vise same respekt for miljøvern som alle andre (Aftenbladet, 2004, 15. 01). Denne kommentaren starta mi undring over om det verkeleg er slik at surfarar ikkje har respekt for verneverdiar og for om dei verkeleg er respektlause overfor naturmiljøet. Og om det er derfor dei ikkje aksepterer forbodet og om det er derfor dei surfar ulovleg. Utgangspunkt for val av fokus i oppgåva er ei undring over om ikkje den ulovleg surfinga handlar om meir enn at surfarane meiner at dei ikkje skremmer fuglane og at surfarane ikkje bryr seg om verneverdiar og miljøvern. På overflata kan det jo virke som om at denne konflikten berre handlar om at forvaltninga og surfarane har ulikt syn på kor vidt bølgjesurfing skremmer fuglane eller ikkje og kor vidt det går an å bevise dette den eine eller den andre vegen. Saka handlar sjølvsagt om dette. Men med denne oppgåva skal eg sjå på om denne konflikten handlar om noko meir enn ulik kunnskap om det same fenomenet. Eg vil prøve å grave i problematikken og sjå nærmare på kva denne saka *eigentleg* handlar om for surfarane sin del og sjå på kva det verkeleg er som gjer at surfarane surfar ulovleg. Gjennom ei kvalitativ undersøking har denne oppgåva derfor til hensikt å betre forståinga av kvifor surfarar ikkje aksepterer surfeforbodet og kvifor dei fortset å surfe sjølv om dette er ulovleg. Empirien vil basere seg på intervju med surfarar som er involverte i saka og desse har som mål å avdekke surfarane sine grunnar for ulovleg surfing på ein annan og grundigare måte enn det som kjem fram i sakspapir og i media.

Surfarane sin motstand mot surfeforbodet vil bli undersøkt på to nivå. Det første nivået er knytt til surfarane sin motivasjon for ulovleg surfing, og her vil surfarane sitt forhold til surfing generelt og til dei spesifikke forbodne bølgjene vere i hovudfokus. Det andre nivået utgjer surfarane sine reaksjonar på forvaltninga sitt arbeid med etableringa av forbodet. Med utgangspunkt i desse to nivåa vil denne oppgåva prøve å male eit heilskapleg bilet over surfarane sine grunnar til motstanden mot surfeforbodet.

⁵ Kva som er «våre» verneverdiar er ein eigen diskusjon. På grunn av omfanget til denne oppgåva vil dette ikkje bli problematisert. For ei innføring i diskusjonen sjå til dømes Kalland & Rønnow (2001).

Oppgåva si primære målsetting er å tilføre forvaltninga ny kunnskap om kva som gjer at surfarane surfar ulovleg. På bakgrunn av den primære målsettinga er denne oppgåva si sekundære målsetting å komme fram til nokre sentrale punkt som skal kunne vere med på å dempe denne konflikten i framtida. Tanken bak dette er å gje forvaltninga eit praktisk verktøy. Det blir og eit delmål å prøve å generalisere dette verktøyet slik at det kan bli brukt i andre liknande saker der det er eit konfliktpotensiale mellom forvaltninga og utøvarar av enkelte friluftslivsaktivitetar.

Illustrasjon nr. 1: Kart over Rogaland med aktuelle surfspottar inntekna. Kvassheim og Svinestien er merka med gult med svart sirkel rundt. (Jærstrendene landskapsvernområde med biotopfredninger og naturminne, 2011).



Problemstillingar

Ramma for denne oppgåva er altså konflikten mellom surfarane og forvaltninga på Jæren. Grunnen til at konflikten oppstod er jo rimeleg opplagt, fordi det blei etablert eit vern som gjorde at surfarane mista dei beste surfesølgjene sine. Men eg vil med denne oppgåva forsøke å sette sørkelys på det som ikkje ligg oppe i dagen og prøve å male eit heilskapleg bilde som omhandlar surfarane sin motstand mot forbodet. Hovudproblemstillinga (*H*) for denne oppgåva vert derfor: *Kvífor er bølgjesurfarane motstandarar av surfeforbodet på Jæren og korleis kan vi forstå surfarane sin motstand mot forbodet?*

For å kunne svare på hovudproblemstillinga vil eg stille tre underproblemstillingar. Dei to første har som hensikt å sette seg inn i surfarane sin surfe-verden og sjå om dette er perspektiv som kan gje fruktbare svar. Det første spørsmålet eg vil stille tek utgangspunkt i ei forståing for at surfing må vere viktig for surfarane elles hadde dei ikkje kjempa mot forbodet i den grad som dei har gjort. Eg spør derfor om: *(i) Kva betyr surfing for surfarane?* For å kunne svare på dette vil eg gå surfarar og surfkulturen på Jæren nærmare etter i saumane og undersøke kva det er som står på spel for dei.

Den første underproblemstillinga tek i utgangspunkt tak i surfing på generelt grunnlag, men grunnen til at surfarane reagerer på forbodet er jo at det er to heilt spesifikke bølgjer⁶ som vert tatt i frå dei. Heile Jærkysten er jo full av plassar der går an å surfe, så det må bety at desse to bølgjene er viktige. Eg spør derfor om *(ii) kva betydde (og betyr) dei forbodne bølgjene for surfarane?* Spørsmålet har som hensikt å avdekke kva desse to spesifikke bølgjene har å seie for surfarane sin motstand. Begge desse underproblemstillingane vil vere knytt tett i hop og vil utgjere fundamentet i det som motiverer surfarane til kamp og dermed utgjer grunnmuren i surfarane sin motstand.

⁶ Ei «bølgje» eller ein «spot» er vanleg terminologi blant surfarar for å beskrive ein lokalitet der bølgjene bryt på ein sann måte at det gir surfbare bølgjer.

Ei anna side ved denne saka som også er interessant å studere er kva sjølve etableringa av forbodet og forvaltningsa sitt arbeid med dette har å seie for surfarane sin motstand. Gjennom media så kjem det fram at surfarane uttrykker misnøye med det arbeidet som forvaltningsa har gjennomført. Det vil derfor vere interessant å følgje dette opp grundigare og sjå på kva svar eit slikt perspektiv kan gje. Eg spør derfor: *(iii) kva betyr forvaltningsa sitt arbeid med etableringa av forbodet for surfarane sin motstand?* Dette spørsmålet har og sin bakgrunn i frå andre konfliktar i natur, blant anna rovdyrdebatten, der forskinga viser at konflikten ofte kan forståast som uttrykk for problem av meir sosial, kulturell og politisk karakter⁷. Det kan derfor vere interessant å sjå om surfarane sin motstand også kan sporast til eit sånt perspektiv.

Desse tre problemstillingane tek nok ikkje føre seg alle grunnane og sidene ved surfarane sin motstand mot forbodet. Men ut i frå både den forskinga som er gjort tidlegare, og mine eigne erfaringar som utøvar av ei rekke friluftslivsaktivitetar, meiner eg at desse spørsmåla vil kunne belyse viktige aspekt. Som vi skal sjå seinare skal dette silast gjennom eit teoretisk rammeverk, og dette vil også påverke og legge føringar for kva som blir resultatet av dette prosjektet.

Om undersøkinga

Empirien til denne oppgåva består seg av 6 semistrukturerte intervju som blei gjennomført med surfarar på Jæren hausten og vinteren 2010/11. Informantutvalet består seg av 5 menn og ei kvinne. Intervjua varte ca. 1 time. Oppgåva tek også utgangspunkt i saksdokument som blei produsert i perioden 2004-2005 av Norsk Surfforbund⁸, Fylkesmannen i Rogaland, Direktoratet for Naturforvaltning og Miljøverndepartementet.

Tanken bak dette prosjektet er altså at ei oppgåve med eit friluftslivsfagleg blikk vil kunne tilføre forvalningsfaget nyttig kunnskap. Men i og med at friluftsliv kanskje ikkje utgjer eit eige fagområde vil denne oppgåva støtte seg på eit fag med ein lenger og meir etablert forskingstradisjon. Derfor vil det teoretiske rammeverket til denne oppgåva bygge på sosiologen Pierre Bourdieu sine omgrep. I første rekke er det omgrepene felt, kapital og habitus

⁷ Dette kjem vi tilbake til i kapitelet “konflikt, surfing og forvaltning”.

⁸ Norsk Surfforbund heiter i dag Norges Surfforbund (NSRF). Forbundet blir omtala i kapitel 2.

som vil bli brukte for å synleggjere surfarane sin motstand og gjøre det lettare å forstå kvifor dei reagerer så negativt på surfeforbodet.

Oppgåva gjer og bruk av aktuell og relevant forskingslitteratur som er knytt til konfliktlinjer i norsk natur. Det er ikkje gjort noko spesifikk forsking på akkurat den tematikken som eg tek opp, men oppgåva vil bruke blant anna rovdyrdebatten som eit samanlikningsgrunnlag. I tillegg vil prosjektet stå på skuldrene til tidlegare nasjonal og internasjonal forsking på surfing og surfkultur. Det vil og bli trekt inn forsking som er gjort på naturforvaltning.

Legitimering og aktualitet

Det naturlege spørsmålet som melder seg no er om vi eigentleg treng kunnskap om surfarane og surfeforbodet på Jæren. Eg meiner at det er eit behov for dette. For det første er det etter det eg har klart å finne ut er det altså ingen som har skrive om konfliktane mellom desse nye aktivitetane⁹ som har vokse fram og forvaltninga. På bakgrunn av litterurgjennomgangen meiner eg dermed at det fins eit hol i friluftslivs- og forvaltningsforskinga her til lands og eg finn det derfor interessant å dukke lenger ned i denne problematikken.

I tillegg til dette meiner eg at undersøkinga vil kunne ha betyding i eit samfunnsperspektiv. Odden (2008) viser til at det dei siste 10-15 åra har vore ein kraftig vekst i aktivitetar som terrengsykling, kiting, padling og surfing og liknande aktivitetar som han kallar «moderne» friluftsliv¹⁰. Denne oppblomstringa har skjedd dei siste 10-15 åra og han skriv at det i kjølvatnet av endringa i den norske befolkninga si friluftslivsutøving har dukka opp nye konfliktlinjer der desse aktivitetane er involvert. Auka i desse aktivitetane skapar nye utfordringar som naturforvaltninga ikkje er vant med å handtere. I følgje Odden er det ingenting som tydar på at denne tendensen med aukande tal konfliktar kjem til å endre seg med det første. Han seier at det kan synest som om naturforvaltninga i stor grad aksepterer skadeverknadane frå det tradisjonelle friluftslivet, men at dei set eit skilje mot dei nye aktivitetane som blir møtt med restriksjonar og lovforbod. Arnesen & Riseth (2008) viser

⁹ Sjå neste avsnitt.

¹⁰ Omgrepet blir diskutert seinare i oppgåva.

også til at utviklinga av konfliktfylte naturvernprosessar i Noreg har oppstått som eit resultat av ny bruk av område som ikkje har vore vanleg tidlegare, men dei poengterer også at auka i talet på verneområde er ein viktig faktor som gjer at det har vore ei auke i tal konfliktar mellom vern og bruk av natur. Dei meiner vidare at med ein sentralistisk hierarkisk forvaltningsmodell som ein har i dag så vil dette i aukande grad skape konfliktar i framtida. Ein del av løysinga på utfordringa meiner dei er å opparbeide seg aukande kunnskap på problemområdet gjennom analyser av ulike casar og tilfelle der det er konfliktfylte område, og på denne måten bidra til ei nødvendig utvikling av den sentrale forvaltningspolitikken for å sikre seg at det i framtida blir så få konfliktar som mogleg. Dette tilseier at det er behov for meir forsking på feltet og denne oppgåva er nettopp eit slikt forsøk på ei analyse av eit spesifikt kasus

Desse konfliktane mellom utøvarar av enkelte friluftslivsaktivitetar og forvaltninga har og vist seg å vere aktuelt i samfunnet elles, så eg er ikkje den første eller den einaste som har vist interesse for sakene av denne typen. Dei siste åra har det vore ei rekke oppslag i friluftslivsmagasin¹¹, aviser¹² og tv-program¹³ som har omhandla denne tematikken. Dei fleste av desse har vore meiningsytringar frå enten den eine eller den andre parten, så det vil derfor vere matnyttig å få ei meir objektiv, uavhengig og forskingbasert analyse av problemområdet.

Det er og ein del organisasjonar som har engasjert seg i debatten, mellom anna Den Norske Turistforening (DNT). Organisasjonen vedtok i juni i 2010 ein resolusjon mot det dei meiner er ein utholing av allemannsretten (Den Norske Turistforening, 2010)¹⁴. I resolusjonen står det at dei aukande ferdsselsreguleringane på friluftslivsutøvinga synest å særleg gå ut over nyare former for friluftsliv. Marianne Reusch (2012, s. 219) skriv om allemannsretten og ho

¹¹ Sjå til dømes: Kvivik (2006); Damsgaard (2007); Sollie (2009)

¹² Sjå til dømes Ellingsen (2004); Lode (2004).

¹³ Fuglehaug (2011).

¹⁴ Allemaniessretten er ei samlenemning på rettar som alle har til å benytte naturen fritt. Allemaniessretten blei lovfesta i friluftsloven i 1957 (Reusch, 2012).

meiner at det er uheldig at norsk lov ikkje dekker dei nye formene for friluftsliv som har dukka opp dei seinaste åra. DNT meiner at auka i ferdelsreguleringar truar retten til fri ferdsel i norsk natur og ber regjeringa sørge for at allemannsretten ikkje vert uthola¹⁵. I september 2011 sette DNT Ung i samarbeid med DNT, Norsk Organisasjon for Terrengsykling, Norges Padleforbund, Norges Kiteforbund og Brettseilerne på Lista opp eit sett med allemannsplikter som skal bidra til at nye friluftslivsbrukarar skal lære kva omsyn ein må ta ved aktivitet (Den Norske Turistforening, 2011). Hensikta med allemannspliktene skal vere å vise at organisasjonane tar ansvar for at allemannsretten skal fungere.

Problematikken har og vore oppe til politisk debatt. Miljøverndepartementet (2010-2011) kom med sin proposisjon 88 L til stortinget med forslag til lovvedtak om endringar i friluftsloven og straffeloven. (Tilrådd av miljøverndepartementet 8. april 2011). Regjeringa føreslår i proposisjonen endringar i lov om friluftslivet av 28. juni 1957 nr 16 (friluftsloven). Endringane har bakgrunn i Stortingsmelding nr. 39 Friluftsliv – Ein veg til høgare livskvalitet (Miljøverndepartementet, 2001). Føremålet med endringane er å styrke allemannsretten med den hensikt å gjøre det lettare for befolkninga å få tilgang til og oppleve naturen og nytte seg av den retten dei allereie har. I innstillinga frå energi- og miljøkomiteen om endringar i friluftslova og straffelova (Innst. 400 L) kom komiteen sine medlemmar frå enkelte parti blant anna med følgjande forslag:

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med statsbudsjettet for 2012 foreta en gjennomgang av friluftsloven og andre tilstøtende lover og regelverk med formål å fjerne restriksjoner mot nye friluftsformer i norsk natur og åpne naturen for nye brukergrupper innenfor økologisk bærekraftige rammer.» (Energi- og miljøkomiteen, 2011, s. 3-4).

Det blir blant anna vist til surfeforbodet på Jæren som eit døme på eit aukande tal restriksjonar. Miljøverndepartementet (2012-2013, s. 223 -224) sitt svar på dette er at restriksjonane i verneområda er i hovudsak godt grunngjevne, men påpeikar at det kan vere behov for å innhente ytterlegare kunnskap om visse område og om visse ferdelsformer. Det blir påpeikt at kunnskapsinnhentinga vil kunne vere både feltstudie og litteraturstudie. Ut over

¹⁵ DNT hadde eit møte med Miljøverndepartementet angående dette 3. desember 2010

dette seier ikkje miljøverndepartementet noko om meir om restriksjonane på dei nye friluftsformene.

Ut i frå dette er det altså tydeleg at temaet for oppgåva er både svært aktuelt og viktig fordi det har vore ein tendens mot ei auke i desse konfliktane mellom dei moderne friluftslivsaktivitetane og forvaltninga. Det blir også etterlyst kunnskap og forsking på problemområdet frå forskrarar og frå politisk hald. På bakgrunn av dette meiner eg at det er viktig at dette forskingsfeltet som til no har vore undertematisert kjem på dagsorden og at eventuelle avgjersler som blir vedteke politisk er basert på forsking som ser denne typen konflikten frå ulike synsvinklar og fagtradisjonar. Denne oppgåva er som tidlegare nemnd skriven med eit friluftsfagleg utgangspunkt der hovudperspektivet er å sjå surfeforbodet med surfarane sine auge, og tanken bak dette prosjektet er at dette friluftslivsfaglege blikket kanskje kan oppdage andre ting enn til dømes juridiske og naturforvaltningsmessige blikk. Eg trur at ein delvis «insider» som kjenner til, og som har levd, denne typen «moderne» friluftsliv vil vere i stand til å avdekke aspekt ved ei slik type konflikt som ikkje nødvendigvis ein «outsider» i til dømes forvaltninga vil kunne klare å få fram i lyset. Det er på tide at forvaltninga får litt innblikk i og sjølvinnssikt i korleis handlingane deira blir opplevd frå dei som blir påverka av avgjerslene deira. Denne oppgåva er såleis *eitt* innspel i denne debatten og eg meiner at å sjå ei slik konflikt med surfarane sine auge vil kunne gje verdifull og nyttig informasjon til både forvaltninga og andre.

Avgrensingar

På eit så stort felt med så mange dimensjonar og moglegeheter for ulike perspektiv er det nødvendig å gjere ein del avgrensingar. I utgangspunktet ligg det ein del klare avgrensingar klare allereie. Det ligg i måla for oppgåva ei klar geografisk avgrensing til Jæren samt at det er surfarar eg er ute etter å studere. Dette vil seie at fokuset på andre aktørar som og er involverte vert tona ned. Dette gjer blant anna at forvaltninga sine perspektiv berre blir belyst ved hjelp av sakspapira. Forvaltninga sine argument i denne saka kjem fram i eit eige kapitel. Der blir forvaltninga sine argument presentert slik som kjem fram i sakspapira, men desse er ikkje gjenstand for fullstendig analyse. Denne oppgåva spekulerer derfor ikkje i kva som

(eigentleg) ligg bak forvaltninga sine argument i denne saka. For dei som etterlyser ei forståing av kultur og holdningar som ligg bak naturforvaltarar sine avgjersler på generelt grunnlag vil eg vise til doktorgradsavhandlinga til Aasetre (2000) om holdningar og kultur i norsk naturforvaltning. I debatten rundt surfeforbodet er det og ein del andre aktørar som er engasjerte og involverte, men som blir utelate i denne oppgåva. Dette gjeld blant anna dei lokale grunneigarane og fuglekikarane på Jæren. I tillegg tilseier rammene for denne oppgåva at det er berre ei lita gruppe av surfarane som får uttale seg.

Ei anna avgrensing som og set klare grenser for kva som blir resultatet av oppgåva er det teoretiske perspektivet. Grunnane til surfarane sin motstand på forbodet er samansette og komplekse. Eit anna teoretisk perspektiv vil kunne medføre at ulike resultat blir synleggjort eller i alle fall ulikt vekta. Ein argumentasjon for val av teori blir føretatt i teorikapitelet.

På tross av desse avgrensingane så er målsettingane og rammene for prosjektet der utgangspunktet er å prøve å danne eit breitt forståingsgrunnlag, kanskje fortsett både vide og ambisiøse. På den andre sida skriv Johannessen, Tufte & Christoffersen (2010) at mindre utforska områder må ha vidare problemstilling. Ettersom det ikkje er gjort så mykje forsking på dette området håpar eg at forsøket mitt på å fange heilheita ikkje blir eit for ambisiøst prosjekt. Kanskje kan denne oppgåva gjere det lettare for andre å konsentrere seg om meir avgrensa delar av desse problemstillingane seinare. I avslutninga på oppgåva vil eg gjere ei vurdering på om eg har lukkast med å skape eit heilskapleg, men samstundes djup nok og relevant innsikt i problematikken.

Oppgåva sin struktur

Kapitela som oppgåva er delt inn i er meint å skulle følgje kvarandre i ein logisk struktur. I det neste kapitelet blir det definert og gjort greie for ein del sentrale omgrep som er knytt til konfliktar, surfing og forvaltninga. Dette kapitelet inneheld og ein gjennomgang av litteraturen som denne oppgåva står på skuldrane av. Det tredje kapitelet består seg av ei historisk oversikt over etableringa av Jærstrendene landskapsvernområde og etableringa av surfeforbodet. Her blir og forvaltninga sine viktigaste argument over for surfarane slik dei

kjem fram i sakspapira summert opp. Kapitel fire inneheld ein gjennomgang av det teoretiske perspektivet som oppgåva bygger på og kapitel fem går gjennom metodane som undersøkinga har gjort bruk av. Kapitel seks inneheld det som eg har kalla surfarane sitt motivasjonelle og affektive grunnlag for motstanden på surfeforbodet. Her er det surfarane sitt forhold til surfing og til dei forbodne bølgjene som er tema. I det neste kapitelet kjem surfarane sine reaksjonar på forvaltninga sitt arbeid med etableringa av forbodet og diskusjonar rundt korleis det går an å forstå desse fram. I det åttande kapitelet brukar eg funna frå analysa frå dei to førre kapitela til å prøve å nå dei sekundære målsettingane for oppgåva der eg kjem fram til nokre avklaringar og sentrale punkt som skal til for at denne, og liknande konfliktar, skal kunne dempast. I det niande og siste kapitelet så blir det ei oppsummering med ein konklusjon, samt ei vurdering av oppgåva.

2. Konflikt, surfing og forvaltning.

Dette kapitelet utgjer det eg kollar eit kontekstkapitel der hensikta er å sette denne oppgåva i ein samanheng. Dette vil bli gjort ved å bygge nokre rammer som denne oppgåva skal forståast ut i frå. Det vil her blant anna definert ein del sentrale omgrep. Det vil også bli føretatt ein gjennomgang av den tidlegare forskinga som er mest relevant for oppgåva der hensikta er å forankre dette prosjektet i arbeid som er gjort før. Litteraturgjennomgangen har og den hensikta å skape eit forståingsgrunnlag for argumentasjonen min og den vil danne grunnlaget for ei forståing for val av problemstillingar og val av teoretisk rammeverk. Det finst mykje forsking innanfor ulike disiplinar som kunne ha blitt med her, men hovudfokuset i presentasjonen er på det som vurderast til å vere mest aktuelt. Oppgåva mi må derfor sjåast i lys av den forskinga som eg presenterer. Gjennomgangen er ordna tematisk.

Konfliktar i natur

Relasjonen mellom surfarane og forvaltninga har allereie blitt skildra som ei konflikt. Det er derfor nødvendig å sjå nærmare på dette omgrepet og å undersøke kva som eventuelt gjer at saka på Jæren inngår i denne kategorien. Martinussen (1991) skriv at samfunnet kan sjåast på som ei samansetning av arenaer for samhandling som gir rom for så vel samarbeid som konflikt og at sosiale relasjoner på den måten er ein balanse mellom motståande ynskjer og krav. Han skriv at ei sosial konflikt oppstår når forholdet mellom to partar er prega av spenning. Når det er kamp om folk sine verdiprioriteringar eller verdigrunnlag blir dette definert som ei verdikonflikt. Ei interessekonflikt oppstår når fleire aktørar er interesserte i eit knapt gode. Martinussen skriv at det i begge tilfella har ein med å gjere verdiar som ikkje kan foreinast. Han skriv vidare at mange konfliktar er ei blanding av verdi- og interessekonfliktar fordi dei fleste verdiprioriteringar heng saman med folk sine meir handfaste interesser. På bakgrunn av dette ser vi ut frå det vi veit så langt at surfarane og forvaltninga har ulike verdiar og interesser knytt til det same området; surfarane vil bruke bølgjene til surfing medan forvaltninga vil at bølgjene skal vere for fuglelivet. På bakgrunn av dette har det oppstått ein konfliktprega relasjon som er prega av motsetnadar og spenning mellom partane.

Vi skal no ta med oss konfliktomgrepet vidare og sjå på ulike typar konfliktar knytt til natur¹⁶. Etter det eg har klart å avdekke finst det ikkje tidlegare forsking på konfliktar mellom utøvarar av «moderne» friluftslivsaktivitetar og forvaltning. Det finst derimot ein del litteratur som går på ulike typar av konfliktar som på ein eller annan måte omhandlar temaområdet bruk og vern av natur mellom myndigheiter og lokalbefolkninga¹⁷.

Kalland & Rønnow (2001) skriv om miljøkonfliktar som omhandlar bruk og vern av naturressursar. Boka er eit resultat av forskingsprosjekt med mål om å betre forståinga av dei mange konfliktane som i dag eksisterer mellom tradisjonelle, lokale brukarar av naturressursar og nye interessegrupper som av ulike grunnar ynskjer at desse ressursane skal fredast. Spennet i funna til bidragsytarane er stort. Denne oppgåva vil m.a. nytte seg av ein artikkel som går på lokalbefolkninga sin identitet og tilknyting til eit område som bakgrunn for motstanden mot ein planlagt nasjonalpark. Redaktørane skriv at det i dag er brei einigkeit om at naturvern er nødvendig, men at det er lita einigkeit om *kva* slags natur som skal vernast, *kvifor* naturen skal vernast, *korleis* naturen skal vernast og for *kven* den skal vernast. Dei skriv at ein av grunnane til konfliktane oppstår er at naturressursane har gradvis gått frå å vere lokale til å bli nasjonale og internasjonale. Ideen om at naturen er «vår felles arv» legitimerer intervenering i dei lokale sin sjølvråderett og dette kan få konsekvensar ikkje berre for ressursgrunnlaget til dei lokale, men også for opplevinga av å høyre til ein stad og opplevinga av å ha ein identitet. Dette kan vidare opne for antidemokratiske holdningar skriv dei. Konklusjonane viser at konfliktar om bruk eller vern av naturressursar ofte kan forståast som uttrykk for meir omfattande problem av kulturell, sosial og politisk karakter.

Ei av konfliktlinjene i norsk natur som har blitt forska ein del på er rovdyrdebatten. I denne oppgåva vil Skogen & Haaland (2001) bli trekt fram som samanlikningsgrunnlag. Publikasjonen tek føre seg forholdet mellom rovdyrforvaltninga og lokalbefolkninga i Østfold. Årsaka til konflikten er den då ny-establerte ulvestamma. Motstanden mot ulven frå

¹⁶ For ein gjennomgang av naturomgrepet sjå til dømes Odden (2008, s. 29).

¹⁷ Det fins nyare forsking på området enn den som blir vist til her. Grunnen til at denne litteraturen vert trekt fram er at denne forskinga har ei lik tilnærming og innfallsinkel til problematikken som dette prosjektet har.

lokalbefolkinga si side er stor og dette har sin bakgrunn i at ulven tek hundar og jaktbart vilt, samt at frykta for at menneskeliv skal gå tapt er levande. Eit av hovudfunna er at det eksisterer ei tydeleg mistillit mellom aktørane frå det lokale og det institusjonelle nivået. I tillegg så er opplevinga av at maktforholdet i samfunnet er unødig skeivt og samstundes er uroa over urban ekspansjon og kjensla av å vere ein makteslaus tilskodar stor. For mange i lokalbefolkinga er utsetting av ulv prikken over i' en i denne situasjonen. Konfliktdempande tiltak blir diskutert og involvering av lokalbefolkinga blir blant anna framheva som eit viktig prinsipp.

Andre konfliktlinjer i natur er dei som kan oppstå mellom ulike friluftslivsutøvarar som har ulik og konkurrerande bruk av same areal. I norsk samanheng er det klassiske eksempelet konfliktar mellom motorisert og ikkje- motorisert ferdsel, som til dømes mellom skigåarar og skuterkjøyrarar¹⁸. Denne forskinga skildrar i mindre grad forholdet til vernemyndighetene så denne tematikken vil ikkje bli følgjt opp vidare i denne oppgåva.

Når det gjeld utanlandsk litteratur så vil eg nemne Jacob & Schreyer (1980). Dei laga ein firedeelt teoretisk modell om kva som påverkar grad av konflikt mellom ulike former for «outdoor recreation». Det første punktet omhandlar aktivitetsstil og med dette meiner dei kva personleg meining kvar enkelt legg i eigen aktivitet. Det andre punktet omhandlar det området som ein utøvar aktiviteten i, som til dømes grad av tilknyting til området. Det tredje punktet refererer til forventningane ein har til opplevinga og det fjerde punktet kva grad av aksept ein har overfor ein livsstil som er annleis enn den ein sjølv har. Ved å bruke desse fire faktorane kan forvaltninga skaffe seg kunnskap om konfliktsituasjonar som oppstår mellom ulike typar friluftslivsutøvarar. Oppgåva brukar ikkje denne artikkelen aktivt, men ho er inspirert av dette arbeidet. Dette er kanskje mest synleg i kapitel 8.

¹⁸ Sjå til dømes Pedersen (1999); Skår & Vistad (2001)

Surfing

Denne oppgåva omhandlar surfarane på Jæren. Det er derfor nødvendig å få eit innblikk i surfing generelt og kva relevant forsking som er gjort på dette feltet. Men sidan surfing allereie har blitt definert som friluftsliv vil eg først definere og forklare denne samanhengen. Det eksisterer mange definisjonar av friluftslivsomgrepet¹⁹, men eg ser det ikkje som naudsynt med ein lenger diskusjon rundt desse, så eg vil støtte meg på den offisielle definisjonen om at friluftsliv er «*opphold og fysisk aktivitet i friluft i fritiden med sikte på miljøforandring og naturopplevelse*» (Miljøverndepartementet, 2001). Ei skiljelinje som må avklarast er den som går mellom det som Odden kallar det tradisjonelle og det «moderne»²⁰ friluftslivet. Eg vil bruke Odden (2008) sine definisjonar i denne oppgåva der han med omgrepet tradisjonelt friluftsliv viser til aktivitetar som var ein etablert del av aktivitetsmönsteret før 1970-talet, det vil seie fotturar, skiturar, bærplukking, jakt og fiske. Med omgrepet «moderne» friluftsliv meiner Odden aktivitetar som har komme til dei siste 10-15 åra. Desse er ofte kjenneteikna av fart, spenning, risiko, mestring og spesialutstyr. Døme på aktivitetar meiner han er terrengsykling, frikjøring på ski og brett, kiting, surfing og liknande aktivitetar (ibid.). I oppgåva blir og omgropa «sport» og «aktivitet» brukt om surfing. Som vi skal sjå seinare i oppgåva kan surfing vere både friluftslivsfokusert og sportsfokusert. Bruken av omgropa vil derfor variere i oppgåva men er ikkje tilfeldig. Omgropa er knytt til det som er tema for det aktuelle avsnittet.

Bølgjesurfing er ein aktivitet der utøvaren står på eit brett og glir på ei brytande bølgje. Aktiviteten har sitt utspring hos pre-moderne kulturar i Stillehavet og i første rekke i Polynesia (Warshaw, 2003). Å stå oppreist på brettet reknar ein at befolkninga begynte med rundt år 1000, men å ligge eller å sitte på eit brett har sannsynlegvis blitt praktisert i årtusen (ibid.). Den oppreiste stilens vart i hovudsak utvikla på Hawaii og vart raskt ein integrert del av

¹⁹ Sjå Odden (2008, s. 24-28) for ei oversikt og diskusjon over omgropa.

²⁰ Odden (2008) skriv at alle former for friluftsliv eigentleg er ein del av eit moderne fenomen, fordi friluftslivet har opphavet sitt i epoken som blir kalla moderniteten. Denne blir rekna i Noreg for å ha hatt sitt gjennombrot i Noreg med blant anna industrialiseringa rundt 1850. Men han viser til at i norsk daglegtale er det vanleg å omtnale friluftsliv som ein tradisjonell aktivitet og at endringane dei siste 10-15 åra gjer det aktuelt å snakke om dei nye aktivitetane som ”nye” eller ”moderne”.

kulturen. Landsbyane vart bortimot tømde når det var gode forhold og både gamle og unge, kvinner og menn ga seg ut i bølgjene og dei beste surfarane møttest i konkurransar med hundrevis av tilskodarar. Det oppsto myter, legender og songar som dramatiserte prestasjonar og personar, og dette blei overført frå generasjon til generasjon. Bretta dei surfa på blei laga av ulike tresortar og var, som i dag, i ulike lengder og fasongar (*ibid.*). Då kaptein Cook kom til dei polynesiske øyene på slutten av 1700-talet var han sannsynlegvis den første europear som observerte at urbefolkninga surfa på bølgjene. Surfing blei etter kvart importert til Australia og California frå Hawaii tidleg på 1900-talet og breidde seg raskt i popularitet, men det var ikkje før på slutten av 50-talet og 60-talet at aktiviteten verkeleg tok av med god hjelp av ungdomsopprør, Hollywood-filmar og musikk (Langseth, 2012b). I denne perioden blei surfing sett på som eit symbol på fridom og opprør (*ibid.*). Etter kvart spreidde også surfinga seg til Norge. Det blir påstått at det første surfebrettet i Norge skal ha blitt laga i Lofoten etter studie av biletet av eit surfebrett på ei Beach Boys-plate (Langseth, 2012b). På 1960- og 70-talet var det litt spreidd aktivitet ulike stadar langs kysten, men først på 1980-talet utvikla det seg ein vedvarande surfekultur i Norge med Jæren som viktigaste område (Langseth, 2012a). Kvassheim og Svinestien, som er dei bølgjene som denne oppgåva handlar om, blei, i følgje informantane, surfa for første gang på midten av 80-talet. Det var først ei kjerne på fire til seks surfarar og det har i dag utvikla seg til å anslagsvis vere mellom 1000 og 1500 surfarar på Jæren (Langseth, 2012b). Men i følgje mine informantar er det rundt 100 surfarar som surfar heile året, og ikkje berre i sommarhalvåret.

Surfarane sin eigen organisasjon i Noreg er Norges Surfforbund (NSRF)²¹. Forbundet er ein ideell organisasjon som skal jobbe for surfsporten i Noreg, og for ein positiv utvikling både nasjonalt og internasjonalt (Norges Surfforbund, 2013). NSRF er medlem av the European Surfing Federation (ESF). Forbundet blei konstituerte 18. oktober 2003 og blei i 2012 medlem av Norges Idrettsforbund (NIF), men står foreløpig under Norges Seilforbund, fordi NSRF ikkje dekka kriteria for å stå som eige forbund i NIF. Andre sjølvstendige surfeklubbar som finst i Noreg men som ikkje er organisert under NSRF er blant anna Jæren Boardriders, Lofoten Boardunion, Arctic Surfing og Saltstein Surfklubb.

²¹ Norges Surfforbund heitte tidlegare Norsk Surfforbund.

Når det gjeld forsking på surfing så er dette eit område som det har blitt gjort ein del på. På grunn av omfanget på denne forskinga vil det ikkje bli ei fullstendig oversikt over dette her. Men ei bok som gir eit breitt bilet av surfing frå ulike samfunnsteoretiske perspektiv er Ford & Brown (2006). Tema strekker seg frå surfing som subkultur og livsstil, til opplevingar og kroppsleggjering av surfing. Dei ser og blant anna på betydinga av bølgjene som plassar å utvikle ferdigheter og status. Dei brukar m.a. Bourdieu sine perspektiv og nyttar omgrepene surfehabitus og surfefelt. Når det gjeld forsking på surfing i Noreg er utvalet langt mindre. Men Tommy Langseth (2012a, 2012b) har levert viktige bidrag gjennom sitt doktorgradsarbeid der han blant anna har forska på sosialiseringss prosesser blant surfarar på Jæren. I og med at surfing har auka i popularitet dei siste åra så har det blitt vanskelegare å bli ein del av den etablerte surfekulturen skriv han (Langseth, 2012a). Han skildrar prosessen der ein nybegynnar utviklar seg til å bli ein anerkjent surfar og med hjelp av Bourdieu sitt omgrep symbolsk kapital avdekkar han at for å bli fullt integrert i subkulturen så er ferdigheter, kunnskap, engasjement og lokal tilknyting viktig. Dei som manglar denne forma for symbolske kapital vert definert ut og ekskluderte av dei som allereie er godkjente. Han viser også korleis det å sitte inne med den rette typen kapital skapar identitet både for enkeltindivid og for gruppa.

Ein annan som har levert bidrag til forståing av brettaktivitetar i Norge er Christensen (2001) som har gjort eit doktorgradsarbeid på snowboardarar i Hemsedal. Intensjonen med studiet var å gje ei større forståing av korleis ungdomsgrupper skapar sitt eige kulturelle særpreg med utgangspunkt i fritid. Han finn blant anna at dei som investerer mykje tid og innsats har skapt heile livsstils-konsept på det som tidlegare ”berre” var fritidsaktivitetar. Felles for alle slike grupperingar er eit sterkt og levande engasjement i forhold til aktiviteten, samstundes som det vert lagt stor vekt på kompetanse, innsats og sjølvmediering. Christensen (2001) skriv også blant anna om utøvarane sitt emosjonelle engasjement i forhold til opplevingslandskapet som dei ferdast i og korleis dei gjennom dette får ei tilknyting til landskapet. Gode opplevingar og erfaringar i landskapet gjer at spesielle stadar vert spesielt verdilada og at utøvarane dermed opplever å høyre til enkeltstadar. I ein samanheng der det å vise korleis kroppsleggjort praksis bind individet i hop med landskapet kan det og vere relevant å nemne Settten (2002). I doktorgradsavhandlinga si skriv ho at praksis i landskapet dreiar seg om handling, praksis og

bruk av landskapet. Praksisen knyter Setten til Bourdieu sitt habitus-omgrep²² og vektlegg ikkje-kognitiv, kroppsleg kunnskap der brukarane sitt landskap er materielt manifestert av nærvær og naturleggjort praksis. Ho skriv vidare at sedvanlege praksistar i landskapet skapar kulturelle, sosiale og territorielle identitetar i landskapet.

Forvalting

Sidan forvaltninga er ein part i denne oppgåva skal eg no gå gjennom nokre sentrale omgrep knytt til dette, samt sjå nærmare på forvaltninga som organisasjon. Naturforvaltninga er ein del av det offentlege forvaltningsapparatet i Noreg. I oppgåva blir nemninga naturforvaltninga eller forkortinga forvaltninga brukt om den offentlege naturvernforvaltninga. Dei etatare som blir gjennomgått her er dei som har vore involverte i saka angåande surfeforbodet på Jæren.

Miljøverndepartementet (MD) har hovudansvaret for å ivareta heilskapen i regjeringa sin miljø- og klimapolitikk (Miljøverndepartementet, 2011). Ansvarsområda er delt inn i mellom anna bevaring av naturmangfald og friluftsliv, bevaring av kulturminner, reint hav og vatn og eit stabilt klima. Departementet skal samordne desse miljøpolitiske måla og syte for resultatoppfølging av miljøpolitikken. Departementet har fem etatar der Direktoratet for Naturforvaltning er eit av desse.

Direktoratet for Naturforvaltning (DN) er ein rådgjevande og utøvande statleg etat, som arbeider for å bevare og styrke naturmangfaldet og legge til rette for friluftsliv, samt å kombinere vern og berekraftig bruk av naturen (Direktoratet for Naturforvaltning, 2011). DN er underlagt Miljøverndepartementet. DN bidreg med ekspertise til regjeringa sitt nasjonale og internasjonale miljøarbeid og at dei har ansvaret for at regjeringa sin miljøpolitikk vert sett i verk, og å identifisere, førebygge og løyse miljøproblem. Vidare er oppgåvene å skaffe grunnlag for avgjersler og å dele kunnskap om tilstanden i naturen og kva effekt ulike tiltak gir slik at dei som tek avgjersler kan ivareta omsynet til miljø, natur og friluftsliv på best mogleg måte. Statens Naturoppsynt er ein del av direktoratet, og er organisert som ei eiga

²² Habitus-omgrepet er skildra i teorikapitelet.

eining for naturoppsyn og forvaltningsretta feltarbeid. DN blei 1. juli 2013 slått saman med Klima- og forurensingsdirektoratet til Miljødirektoratet.

Fylkesmannen i Rogaland er staten sin fremste representant i fylket og skal arbeide for at Stortinget og Regjeringa sine vedtak, mål og retningslinjer vert følgde opp i Rogaland (Fylkesmannen i Rogaland, 2011). Oppgåvene er i hovudsak rettleiing, tilsyn og klagebehandling retta mot enkeltpersonar, kommunar og bedrifter. Fylkesmannen skal medverke til å samordne, forenkle og effektivisere statleg verksemd i fylket og har mellom anna oppgåver innanfor fagområda miljøvern, landbruk, utdanning og planlegging. Ei av avdelingane til Fylkesmannen er miljøvernavdelinga. Denne avdelinga sine oppgåver er å følgje opp Regjeringa sin miljøpolitikk, og oppgåvene er gitt gjennom lov, forskrift og tildelingsbrev frå Direktoratet for Naturforvaltning og Statens Forureiningstilsyn.

Når det gjeld forsking på naturforvalting så er Aasetre (2000) si dr. polit. avhandling i geografi som omhandlar holdningar og kultur i norsk naturforvaltning eit viktig bidrag. Avhandlinga er basert på fire empiriske undersøkingar. Funna i avhandlinga dokumenterer blant anna at naturforvaltarar oppfattar ”natur” som positivt, og at ”natur” er det motsette av ”moderne landskap”. Vidare viser funna at forvaltarar klassifiserer ”urørt natur” og ”tradisjonelle kulturlandskap” som ”natur”, men at desse må forvaltast på ulike måtar. Aasetre skriv at forvaltningsidealet har sterke fellestrek med rasjonalistisk planleggingssyn og at forvaltarar sitt syn på brukarmedverknad synest å vere prega av at forvaltarar aksepterer i større grad medverknad frå andre delar av forvaltninga og seriøse og etablerte NGO’er, enn ad-hoc og uorganiserte brukargrupper. Avhandlinga diskuterer og blant anna forvaltninga sitt syn på eiga rolle. Aasetre dokumenterer gjennom statistiske analyser at arbeidsstad, utdanning og sosial bakgrunn er faktorar som påverkar forvaltarane sine holdningar. Han skriv at dette indikerer at sosialisering internt i forvaltninga kan influere forvaltarane sine holdningar, men og at andre mekanismar utanfor naturforvaltningssektoren er med på å sosialisere naturforvaltarar. Avhandlinga til Aasetre vil bli brukt for å forstå forvaltinga sin rasjonalitet på eit generelt grunnlag i dette prosjektet.

3. Surfeforbodet og forvaltninga sine argument for forbodet

For å forstå surfarane sin motstand mot surfeforbodet må konteksten dette skjer innanfor inkluderast så langt det er mogleg. Surfarane sin motstand må sjåast i forhold til den tida, den staden og den samanhengen dette skjer innanfor. Dette kapitelet utgjer derfor bakgrunnsteppet for ei forståing av surfarane sin motstand mot surfeforbodet. Dette er ein rein deskriptiv presentasjon av saksforhold og er følgjeleg ikkje tolka eller analysert. Gjennomgangen gir seg ikkje ut for å ha med alle detaljar i saksforholda rundt etableringa av verneområdet og surfeforbodet. Kapitelet går grovt gjennom dei historiske hovudtrekka i prosessane og biletet for å få ei forståing av historia bak denne konflikten.

Jærstrendene landskapsvernombord

Jærstrendene er ei nemning for kystområdet som ligg i kommunane Randaberg, Sola, Klepp og Hå i Rogaland fylke²³ (Fylkesmannen i Rogaland, 2010). Jærstrendene landskapsvernombord vart oppretta ved Kongeleg resolusjon i 1977 etter at arbeidet med vern av strendene hadde pågått sidan tidleg på 70-talet. (Fylkesmannen i Rogaland, 1995, s. 11). Det vart vedteke eit sett med reglar for å regulere lovleg aktivitet i det verna arealet. Hensikta med vernereglane var å fremje føremålet med det oppretta vernet og hindre at verneverdiane vert redusert eller øydelagt. Fylkesmannen i Rogaland vart forvalningsstyremakt og sett til å forvalte reglane. Miljøvernavdelinga vart oppretta som ei eiga fagavdeling for statleg miljøforvaltning i 1982 (ibid.).

I perioden 1992-1995 vart det utarbeida ein revidert verneplan fordi vernereglane frå 1977 ikkje kunne hindre reduksjon av verneverdiane og gjennomføring av ein del u-ynskja aktivitet og at naturkvalitetar hadde blitt redusert eller øydelagt på bakgrunn av dette (Fylkesmannen i Rogaland 1995, s. 12). Den reviderte verneplanen skulle danne grunnlag for eit revidert landskapsvernombord i tillegg til å gje opplysningar om natur og kultur i dei ulike områda til både grunneigarar og andre (ibid.).

²³ Sjå illustrasjon nr 1.

Planen er i fire delar under overskriftene *del I, innleiing og gjennomgang av aktuelt lovverk*, *del II, fagleg gjennomgang av landskapsvernombretet*, *del III, brukarinteresser som kan påverke verneverdiane* og *del IV, revidert vern – grenser og verneforskrift*. Det som er mest interessant for denne oppgåva er det som står i *del III, brukarinteresser og faktorar som kan påverke verneverdiane*. Der står det å lese under 6.2.1 sportsaktivitetar at:

«I dag vert det drive mange ulike sportsaktivitetar i landskapsvernombretet (...) I den seinare tid har det vore auka interesse for ulike aktivitetar på sjøareala, som bølgjesurfing og vannjetkøyring. Dette siste kan lett uroa sjøfugl som ligg og kviler på sjøen.

Utøvinga av sportsaktivitetane kan koma i konflikt med både naturvern- og forvaltningsinteresser og turgåjarar. Vassmotorsport og brettsegling vinterstid vil lett kunna koma i konflikt med overvintrande sjøfugl som ligg på sjøen. Sportsaktivitetane kan også koma i konflikt med fastbuande og hytteeigarar.

Problema over må løysast ved å iverksette tiltak som avgrensar og styrer aktivitetane til særskilde stadar og visse tidsrom. Fordelinga av aktivitetar slik at områda ikkje vert overbelasta, korkje fysisk eller sosialt. Sportsaktivitetar som like godt kan drivast andre stadar, bør lokaliserast vekk frå dei mest sårbare områda. (...)» (Fylkesmannen i Rogaland 1995, s. 104).

I Del IV, *Revidert vern – grenser og verneforskrift* står det under punkt 9. *Framlegg til revidert verneforskrift at for fuglefredingsområda gjeld følgjande reglar: 6.d: I sjøområda er det forbod mot bruk av “vannscooter/vannjet”, andre former for vannmotorsport og bruk av seglbrett f.o.m. 1. oktober t.o.m. 31. mars.* (kap. IV-B/§ 3-B, pkt. 6 d.) (Fylkesmannen i Rogaland 1995, s. 160).

For å summere opp så langt så var bølgjesurfing altså nemnt i miljørapporten som ei potensiell kjelde til uro for sjøfugl, men var fortsatt lovleg i følgje den reviderte verneplanen. I perioden 1995-1997 var planen på lokal og sentral høyring og vart utsett i påventa av Stortinget si handsaming av Stortingsmelding nr. 43 *Vern og bruk i kystsona*, og sidan på

grunn av spørsmålet om taretrålingsforbodet (Fylkesmannen i Rogaland, 2010). Surfarane vart ikkje kontakta som part i desse høyringane.

9.12.2003 la Miljøverndepartementet fram kronprinsregentens resolusjon om revidert vern av Jærstrendene landskapsvernområde (Miljøverndepartementet 2003a). Verneplanen var ein revisjon av den eksisterande frå 1977. Under den tematiske gjennomgangen av dei innkomne merknadane står det at:

DN [Direktoratet for Naturforvaltning] støtter fylkesmannens vurdering angåande vannmotorsport og brettseiling. Bølgesurfing er en relativt ny sportsform som var lite kjent og utbredt da verneforslaget var på høring. Etter at tilrådningen ble oversendt, har fylkesmannen anbefalt direktoratet å forby bølgesurfing i fuglefredningsområdene på lik linje med brettseiling. Begrunnelsen er at bølgesurfing har same element av forstyrrelse som seilbrett. Direktoratet støtter fylkesmannens vurdering, og mener at et slikt forbod er en presisering av forskriften på bakgrunn av nye opplysninger. Direktoratet tilrår at oppramsing av virksomheter i Kap. IV-B/§ 3-B, pkt. 6 d. også omfatter "bølgesurfing" (Miljøverndepartementet, 2003a).

12.12.2003 vart forskrifa om vern av Jærstrendene landskapsvernområde fastsett. I forskrifta om står det mellom anna i § 2 at: «*Føremålet med vernet av fuglefredingsområda er å ta vare på fuglelivet som er knytt til områda og nyttar desse som trekk, - hekke- eller overvintringsplassar, vidare å ta vare på fuglane sitt livsmiljø i områda (...)*».

(Miljøverndepartementet, 2003b)

I § 3 verneregler står det m.a. under pkt B: *For fuglefredingsområda gjeld følgjande reglar:*

1. *Fuglane, herunder reira og eggja deira, er freda mot alle former for skade, øydelegging og unødig forstyrring.*
2. *Vegetasjon på land som har verdi som næring eller livsmiljø for fuglane, er freda mot skade eller øydelegging. (...)*
6. *Ferdselsrestriksjonar: (...)*
 - d. I sjøområda er det forbod mot bruk av vannscooter/vannjet, andre former for vannmotorsport, bølgesurfing og bruk av seglbrett f.o.m. 1. oktober t.o.m. 31. mars.*

(Miljøverndepartementet, 2003b).

Frå 12. desember 2003 blei altså bølgjesurfing forbode på ein del lokalitetar på Jærstrendene. Blant dei forbodne lokalitetane blei bølgjene på Øyren og Skarsteinane, som surfarane kjenner som Kvassheim og Svinestien²⁴ utilgjengelege. Blant erfarne surfarar er desse kjent som dei beste surfebølgjene på Jæren og perioden då surfing er forbode er meir eller mindre samanfallande med den perioden då det er gode surfeforhold på desse lokalitetane. Forbodet gjorde dermed at dei beste surfelokalitetane vart forbode i den beste sesongen. Forbodet kom overraskande på surfarane sidan dei ikkje hadde vore klar over prosessen som hadde gått føre seg. Men då dei oppdaga kva som hadde skjedd begynte dei å reagere. I dei påfølgjande nesten to åra sendte Norsk Surfforbund ei rekke brev til Fylkesmannen i Rogaland, Direktoratet for Naturforvaltning og Miljøverndepartementet der dei klaga på vedtaket og søkte om dispensasjon for å få oppretthalde tilgangen til Kvassheim og Svinestien. Men dei fekk negative svar på alle søknadane. Det endelige avslaget fekk dei i oktober 2005 frå Miljøverndepartementet og dette vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast på.

Forvaltninga sine argument overfor surfarane.

Som ein bakgrunn for å forstå surfarane sine motstand i analysekapitla skal eg no gå gjennom sakspapira og sjå på argumentasjonen som forvaltninga brukar over for surfarane. Avsnitta inkluderer ein gjennomgang av dei argumenta som Fylkesmannen i Rogaland, Direktoratet for Naturforvaltning og Miljøverndepartementet brukar over for Norsk Surfforbund²⁵.

Eit av argumenta som forvaltninga brukar over for surfarane er det rettslege grunnlaget der verneforskrifta sitt kapitel IV-B/§ 3-B, pkt. 6d, som omfattar bølgjesurfing, blir dratt fram (Direktoratet for Naturforvaltning [DN], 2005). Det blir lagt vekt på lovverket for Jærstrendene landskapsvernområde med biotopfredningar og naturminner som blei verna ved

²⁴ Sjå illustrasjon 1.

²⁵ Dei argumenta som forvaltninga brukar over for surfarane er stort sett like i dei fleste breva. I dette kapitelet blir Direktoratet for Naturforvaltning (2005) sitt brev brukt som utgangspunkt fordi dette dokumentet er ei oppsummering av dei andre dokumenta frå Fylkesmannen i Rogaland og Norsk Surfforbund.

kronprinsregentens resolusjon av 12.12.2003 med heimel i naturvernlova og vist til at fylkesmannen er forvalningsstyremakt. Det blir og vist til at formålet med fuglefredingsområda er å ta vare på fuglelivet som er knytt til områda og som brukar desse områda som trekk-, hekke- eller overvintringsplassar, samt å ta vare på fuglane sitt livsmiljø i områda. Vidare blir det vist til at dei omtalte surfeområda ligg innanfor verneområda og dermed vil surfing vere ulovleg. Det blir framheva at Jærstrendene er viktige trekk- og overvintringsområde for sjø- og vadefugl og at desse fekk internasjonal status gjennom Ramsar- konvensjonen (*ibid.*).

Ramsar-konvensjonen, eller *The Convention on Wetlands of International Importance*, er ein internasjonal traktat som omhandlar vern av våtmarksområder og blir brukt som argument. Konvensjonen vart grunnlagt i den iranske byen Ramsar i 1971. Målet med konvensjonen er å sikre vern og berekraftig bruk av våtmarker gjennom lokal og nasjonal handling og internasjonalt samarbeid som eit bidrag til å oppnå berekraftig utvikling i verda (The Ramsar Convention on Wetlands, 2013). Medlemslanda forpliktar seg til å oppretthalde den økologiske karakteren til våtmarkene sine og sikre berekraftig bruk av desse områda. I juni 2011 har 160 land ratifisert avtala. Noreg blei medlem i 1975 og har i dag 37 Ramsar-område. På Jæren fekk områda Kolnes, Orre-Reve og Skeie Ramsar-status i 1985 og Børaunen, Nærlandssanden-Obrestad og Kvassehim i 2002 (Miljøverndepartementet, 2003a).

Forvaltninga legg og føre – var prinsippet til grunn for surfeforbodet. Prinsippet er lovfesta i naturmangfaldlova § 9 som retningslinje ved offentleg myndighetsutøving og som generelt miljørettsleg prinsipp ved bruk av naturmangfaldlova og andre lover (Direktoratet for naturforvaltning [DN], 2010). Prinsippet inneberer at dersom det er tvil om kor vidt eit tiltak vil få negative konsekvensar for miljøet i eit verneområde skal tiltaket i utgangspunktet ikkje gjennomførast. Føre-var-prinsippet kjem inn både ved vedtak som har betydning for naturmangfaldet og der det blir tatt sikte på å unngå vesentleg skade på naturmangfaldet og når det er fare for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet (*ibid.*). Utgangspunktet for bruk av føre-var-prinsippet er at forvaltninga si avgjersle skal bygge på eit så godt kunnskapsgrunnlag som mogleg, men når det likevel er usikkerheit om konsekvensane for miljøet skal forvaltninga legge vekt på denne usikkerheita slik at avgjersla legg til rette for at vesentleg skade vert unngått (DN, 2010). Forvaltninga skal ikkje bruke kunnskapsmangel

som grunngjeving for å la vere å hindre ein risiko for irreversibel skade på naturmangfaldet. Forvaltninga skal legge til grunn at eit tiltak ikkje vil ha skadeverknadar på miljøet og dette vil innebere at tiltakshavar må sørge for til dømes relevant fagleg dokumentasjon på at tiltaket ikkje er til skade for miljøet (*ibid.*). Dette vert ofte knytt til prinsippet om omvendt bevisbyrde. Føre-var-prinsippet inneberer at forvaltninga må legge inn ein sikkerheitsmargin. Dette betyr at eit tiltak kan forbydast sjølv om risikoen for miljøskade vert sett på som forholdsvis liten i dag (*ibid.*).

Forvaltninga legg prinsippet om differensiert forvaltning til grunn for verneforskrifta (DN, 2005). Differensiert forvaltning vil seie at forvaltningspraksisen bør vere forskjellig og tilpassast verneverdiane og brukarinteressene i ulike delar av eit verneområde og eventuelt til ulike tider av året (DN, 2010). Grunnen til dette er at i mange verneområde finn ein verneverdiar som er sårbare for menneskeleg aktivitet og denne sårbarheita varierer både geografisk og med årstidene. Utgangspunktet for all differensiert forvaltning er å definere forvaltningsmål med tilhøyrande bevaringsmål og retningslinjer. Gjennom differensiert forvaltning kan det vere aktuelt eller nødvendig å vege ulike interesser opp mot kvarandre (*ibid.*). I naturreservat er plante- og dyrelivet freda og det skal ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet. Samstundes er det viktig at mulegheitene for bruk av området blir vurdert og avklara gjennom konkrete forvaltningsmål og retningslinjer i forvaltningsarbeidet (*ibid.*).

Eit viktig argument som forvaltninga legg til grunn for bølgjesurfeforbodet er at dei meiner at bølgjesurfing har ein forstyrringseffekt på fuglelivet (DN, 2005). Fylkesmannen i Rogaland skriv at det er vanskeleg å finne referansar som samsvarar med forhold på Jæren, men viser til ei studie frå Sverige som omhandlar effekten av forstyrring av fuglelivet (Fylkesmannen i Rogaland, 2005). Det blir vist til at forbodet er basert på ei skjønnsmessig vurdering av kva aktivitetar som kan virke forstyrrande på fuglelivet (DN, 2005). Forvaltninga viser og til eit forsøk der Statens Naturoppsyn har dokumentert forstyrring, det vil seie langdistanseflukt av samtlege artar og individ som var til stade på lokalitet Reve hamn (Fylkesmannen i Rogaland, 2005). I følgje ass. fylkesmiljøvernsjef hos Fylkesmannen i Rogaland Per Kristian Austbø (e-post, 19. oktober 2011) blei dette forsøket forsøkt filma, men med elendig kvalitet. Han skriv (i e-post, 8.juni 2011) at forsøket ikkje er dokumentert i papirformat og at det eksisterer berre

munnleg tilbakemelding frå Statens Naturoppsyn til Fylkesmannen i Rogaland. Det føreligg altså ikkje skriftleg dokumentasjon angåande utfallet av forsøket. Dette forsøket har eg kalla ”overlevingsdrakttesten”.

Forvaltninga viser til at det er minst 13 andre lokalitetar der det kan surfast lovleg heile året langs Jærkysten (DN, 2005). Lokale nettsider blir dratt fram der fleire av desse lokalitetane vert omtala som svært gode, og blant dei beste i Europa for surfing (*ibid.*). Det blir og vist til at forvaltninga har eit inntrykk av at det er ei klar auke i talet på surfarar og dette gjer at presset i området er aukande (*ibid.*). Vidare blir det dratt fram at det er registrert mykje ulovleg surfing etter at vernevedtaket blei vedtatt og at arrangement er gjennomført utan tillating (*ibid.*). Forvaltninga meiner derfor at det er grunnlag for å avslå søknadar om dispensasjonar frå surfeforbodet.

4. TEORI

Denne oppgåva vil gjere bruk av nokre av omgrepa til den franske kultursosiologen Pierre Bourdieu (1930-2002). Det er fleire grunnar til at eg har valt å nytte meg av Bourdieu sine perspektiv. For det første er dette ei anerkjent tilnærming der det fleksible omgrevsapparatet har muleggjort studie på ei rekke område²⁶ (Odden, 2008). I tillegg har Bourdieu vist seg godt egra på norske forhold (Odden, 2008) og har blitt nytta blant anna for å sjå på ulike sider av friluftsliv Noreg²⁷ og på bølgjesurfing både i Noreg og internasjonalt²⁸. I tillegg til dette fungerer Bourdieu sine omgrep som eit sett tankereiskapar som er særleg utvikla for å forstå empiriske forhold der omgrepa inngår i ein interaktiv dialog med empirien og angir i mindre grad kva ein skal leite etter, men heller kor ein skal leite (Wilken, 2008). Bourdieu er og relevant tatt i betrakning at hans teoretiske prosjekt er å avdekke ikkje-erkjente former for makt og dominans i samfunnet og at han ynskjer å bruke vitskapen til å rette eit kritisk blikk på det eksisterande samfunnslivet (Aakvaag, 2008). Bourdieu sine perspektiv er og relevant fordi han presenterer eit teoretisk rammeverk for korleis ein kan forstå individ sine handlingar og praksis, også ut i frå dei objektive strukturane der desse handlingane vert utført.

Ut i frå problemstillingane som har til hensikt å avdekke kvifor surfarane er motstandarar av surfeforbodet, samt å forstå denne motstanden, vil det vere relevant å bruke Bourdieu til å sette sokelys på kvifor surfarane handlar som dei gjer. Her vil surfarane sin *habitus* bli eit interessant utgangspunkt for å studere surfarane, både når det gjeld forholdet deira til surfing generelt, men også til dei spesifikke bølgjene som det har blitt oppretta eit surfeforbod på. Her vil treigheita i habitus bli fruktbart for å studere kvifor surfarane ikkje klarar å omstille seg til at surfing ikkje lenger er tillate. Det vil bli interessant å studere surfarane både på individnivå, men også korleis kulturen i surfemiljøet påverkar surfarane. Utgangspunktet for alle problemstillingane vil bli *felt-* og *kapitalomgrep* som gjer det mogleg å studere primært surfarane som eit sosialt system. Ved hjelp av desse vil det vere mogleg å blant anna sjå på

²⁶ Sjå til dømes Odden (2008, s. 188) for eksempel på desse.

²⁷ Sjå til dømes Pedersen (1999); Odden (2008)

²⁸ Sjå til dømes Ford & Brown (2006) og Langseth (2012a, 2012b).

kva som gir status i surfemiljøet og korleis dette er med på forme surfarane sin motstand mot surfeforbodet. Teorien vil og kunne avdekke interessante poeng knytt til maktforholdet mellom surfarane og forvaltninga og sjå på korleis dette forholdet er eit grunnlag for ulovleg surfing. No skal vi sjå nærmare på Bourdieu sine teoretiske omgrep og empiriske verktøy.

Pierre Bourdieu

Bourdieu sitt teoretiske prosjekt er å overskride skiljet mellom subjektivisme, som tar utgangspunkt i at sjølvstendige og kreative aktørar på ein kompetent måte konstruerer den sosiale verda «nedanfrå og opp», og objektivisme som tek utgangspunkt i objektive sosiale strukturar som eksisterer utanfor og uavhengig av den enkelte aktør og at aktøren sine handlingar og vert styrt «ovanfrå og ned» (Aakvaag, 2008, s.149). I følgje Bourdieu er dette mangelfulle og utilstrekkelege teoretiske posisjonar og Bourdieu vil forene viktige innsikter frå begge tradisjonane. Han hevdar at vi må foreta to epistemologiske brot. Det objektivistiske brotet har som mål å avdekke sosiale strukturar, og her er nøkkelenomgropa rom, sosialt felt og kapital. I det subjektivistiske brotet må den kreative og kompetente aktøren hentast inn att gjennom omgrepene habitus. Omgropa habitus, felt og kapital kan berre definerast innanfor det teoretiske systemet som dei utgjer og aldri i isolert tilstand (Bourdieu & Wacquant, 1993, s. 81) og dei kan heller ikkje lausrivast frå ein konkret empirisk samanheng (Odden, 2008, s. 226). Dei tre omgrepene er relasjonelle og må sjåast i samanheng med kvarandre og Bourdieu spissformulerer dette gjennom formelen «*[(kapital) (habitus)] +felt=praksis*» (Odden, 2008, s. 226). Denne oppgåva vil i gjere bruk av desse tre omgrepene habitus, felt og kapital og sjå nærmare på aktørane som denne oppgåva handlar om, nemleg surfarane. Vi startar med omgrepene habitus.

Habitus²⁹

Denne oppgåva vil bruke habitusomgrepet for å studere surfarar. Omgrepene vil bli brukt for å avdekke kroppslege erfaringar surfarane har med surfing og sosialiseringa i surfekulturen. Det vil lagt vekt på surfarane sine tidlegare erfaringar og opplevingar som dei har hatt på dei

²⁹ Habitusomgrepet er ikkje Bourdieu sitt eige. Omgrepene kan sporast heilt tilbake til Aristoteles og har blitt brukt på ulike måtar og vidareutvikla av blant anna Bourdieu (Wilken, 2008).

spesifikke surfelokalitetane. Treigheita i habitus vil bli særleg interessant å ta med seg og det gjeld og habitus sin motvilje mot endringar.

Habitusomgrepet er kjernen i Bourdieu si forståing av den handlande aktøren³⁰. Bourdieu forklarar omgrepet som eit «eg» i det fysiske og sosiale rommet der aktøren innehavar eit sett av integrerte system av varige og kroppslege disposisjonar som regulerer korleis aktøren oppfattar, vurderer og handlar i verda (Aakvaag, 2008, s.160). Omgrepet understrekar dei dynamiske relasjonane mellom individet og det sosiale og refererer til både individet sine mentale disposisjonar, til erfaringane sine kroppslege forankring og til individet sin sosiale forankring (Wilken, 2008). Habitus er kroppsleggjort og basert på ein før-refleksiv forståing av fysiske og sosiale situasjonar som gir aktøren ein instinktiv praktisk relasjon til verda. Til dømes vil både surfeferdigheiter og ”reglar” i surfekulturen vere ein del av ein surfar sin habitus. Gjennom praksis lærer individet seg ein måte å tenke på og oppstre på og slik sett er habitus måten kroppen tilpassar seg eit miljø på som gjer at ein kan fungere i eit gitt miljø. Habitus er eit sett av disposisjonar ein har med utgangspunkt i all form for sosialisering og fungerer som ein slags praktisk sans som gjer at ein instinktivt veit noko om korleis og kor tid ein skal handle. Når ein handlar, handlar ein med bakgrunn i dei disposisjonane ein har i habitus. Habitus utstyrer aktøren med ei matrise for korleis ho skal oppfatte, forstå og handle i gitte situasjonar. Handlingane er såleis basert på generaliserte for-forståingar og disposisjonar som er omsettelege til ulike situasjonar (Bourdieu, 1990). Det som karakteriserer habitus er at disposisjonane som kroppen har tileigna seg er gløymt og habitus er dermed meir ein kroppsleg tilstand enn ein mental tilstand. Dette betyr at aktørar i stor grad hugsar meir med kroppen enn med hovudet og det kan såleis vere relevant å snakke om «ryggmargskunnskap». Habitus er altså ein praktisk instinktiv sans som gjer at aktøren pre-refleksivt veit noko om korleis ho skal handle i ulike situasjonar.

Habitus er ferdigheiter og disposisjonar som gir aktøren handlingskompetanse og moglegheit til å delta i samfunnslivet på ein fornuftig, kompetent og sjølvstendig måte. Bourdieu meiner at å vere kyndig og deltagande i samfunnslivet er basert på at aktøren er i stand til å ivareta

³⁰ Ein aktør, eller ein agent, er eit individ som opererer i det sosiale rommet. Vi kjem tilbake til dette omgrepet.

interessene sine (Bourdieu & Wacquant, 1993, s.100). Dette vil seie at individet handlar ut i frå eit mål om å ivareta sine eigne *interesser*, og ikkje fordi ho har internalisert verdiar og normer som forpliktar til å etterleve bestemte moralske ideal. I følgje Bourdieu handlar derfor aktørar berre ut i frå at dei har noko å tene på det. Dette er ikkje rasjonelle val, men styrt av habitus. Dette gjer at sosiale aktørar berre rettar seg etter ein regel i den grad interessa for å følgje regelen overgår interessa for å bryte regelen (*ibid.*). Å vere interessert betyr ikkje berre at ein ikkje manglar interesse eller motivasjon, men det står og i motsetnad til likegyldigheit. Å vere interessert er å innrømme at det ein kjempar for er meiningsfullt. I denne oppgåva er det jo allereie tydeleg at surfarane er interesserte i å surfe og at denne motivasjonen er sterkt nok til at dei vel å bryte norsk lov for å få tilgang på surfesølgjene. I følgje Bourdieu handlar altså individet ut i frå eit interessebasert syn på den sosiale verkelegheita.

Ein aktør sin habitus er på same tid individuell, kollektiv og samfunnsmessig (Wilken, 2008). Habitus er individuell (og individualiserande) fordi den integrerer summen av individet sine tidlegare erfaringar og fordi eit kvart individ har sine unike erfaringar, si unike fortid og historie. Den er og individuell fordi den personleggjer det sosiale og inkorporerer dette. Eit individ sin habitus er og kollektiv fordi den er tileigna i eit sosialt miljø som er karakterisert ved ei form for ei felles forståing og eit fellesskap. I surfekulturen er det til dømes spesifikke kodar, reglar og språk som ein nybegynnar i surfing må lære seg. Habitus har såleis eit sosialt opphav og er inkorporert av dei sosiale tilhøva aktøren veks opp under. Aktøren vil kroppsleggjere forventningar som det sosiale miljøet stiller, som reglar og kodar som aktøren må kjenne til for å kunne fungere i ulike sosiale miljø. Slik sett dannar det kollektive rammer for det individuelle og gjer det individuelle forståeleg og ofte også det som er forventa i ulike sosiale samanhengar. Habitus er derfor eit produkt av objektive sosiale tilhøve og set grenser for handlingar og væremåte på eit individuelt nivå. Habitus er slik sett samfunnsmessig fordi den får individet til å akseptere samfunnet slik det er og ta dette for gitt. Dette er mogleg fordi disposisjonane vert bekrefta og reproduksjon gjennom sosialiseringa i samfunnet og gjennom sentrale samfunnsinstitusjonar. Sjølv om habitus er samfunnsmessig og kollektiv vil ikkje dette seie at aktørar som veks opp under like sosiale miljø vil utvikle like habitusar. Det er nemleg umuleg for to individ å ha akkurat den same habitusen (Bourdieu, 1990:60). Men individ frå ei gitt gruppe vil ha fleire erfaringar til felles og dermed likare habitusar enn individ frå andre grupper. Til dømes vil to surfarar ikkje ha like habitusar, men dei vil

sannsynlegvis ha fleire felles referansepunkt og likare habitus enn om ein samanliknar ein surfar og ein naturforvaltar. Dette gjer at det er mogleg å snakke om ulike klassespesifikke habitusar som speglar aktøren sin posisjon i det sosiale rommet og feltet.

Habitus er eit produkt av historia og tidlegare opplevingar som stadig står over for nye opplevingar og som igjen vert påverka av desse (Bourdieu & Wacquant, 1993, s.119). Ein habitus vil slik alltid bere med seg fortida inn i framtida. Dette gjer at fortid, notid og framtid er gjensidig avhengig av kvarandre og gjennomtrengande i habitus. Fordi praksis er eit produkt av kroppsleggjeringa av innebygde regularitetar og tendensar i verda, inneheld habitus og sjølv ei forventning om tendensar og regularitetar i verda (Bourdieu & Wacquant, 1993, s.123). På denne måten er fortida til stades i ei falsk forventning om framtida der det eksisterer ein ikkje-uttrykt referanse til ei framtid som er innskriven i notida. Når ein handlar skjer dette ut i frå historisk lagra disposisjonar og Bourdieu (1990, s.60) skriv at tidlegare opplevingar er spesielt betydningsfulle i den samanhengen. Til dømes vil tidlegare surfeopplevingar gje forventningar om nye surfeopplevingar i framtida. Bourdieu har beskrive habitus som varige disposisjonar, men det betyr ikkje at desse er livsvarige og ikkje kan endrast. Omgrepet blir derimot skildra som treigt, men likevel med moglegheit for forandring (Wilken, 2008). Forandring i habitus knyter Bourdieu til forandring i aktøren sine ytre omgjevnadar. Ein kan til dømes tenke seg at surfarane på Jæren vil tilpasse seg surfe forbodet og slutte å surfe på dei ulovlege lokalitetane. Men dette er ikkje noko som i følgje Bourdieu vil skje automatisk. Og det vil heller ikkje skje verken hurtig eller av seg sjølv, men det *kan* skje (Wilken, 2008). På grunn av denne treigheita til habitus vil habitus vil sikre sin eigen konstante eksistens gjennom eit forsvar mot endringar. Bourdieu (1990, s. 61) skriv at habitus vil beskytte seg mot kriser og kritiske utfordringar³¹ gjennom å ubevisst, pre-refleksivt og uintendert oppsøke miljø som habitus allereie er tilpassa. Det vil seie eit relativt konstant univers av situasjonar som forsterkar habitus sine disposisjonar. Til dømes vil surfe forbodet utgjere ei slik krise eller utfordring som ein surfar vil gjere alt ho kan for å unngå å bli råka av. Habitus vil altså stadig prøve å oppretthalde og reproduksere dei objektive strukturane som produserte habitus.

³¹ Mi oversetting. Bourdieu (1990, s.61) sine nemningar er “*crisis and critical challenges*”.

På denne måten er aktørane fornuftige og veit å lese den framtida som passar dei, som er skapt for dei og som dei er skapte for. Men likevel kan individ oppleve at dei objektive strukturane ikkje lenger stemmer overeins med dei strukturane som opphavleg forma habitusen. I ein slik situasjon kan individ oppleve markante brot mellom den sosiale noverande verkelegheita og den verkelegheita som eksisterte under danninga av habitus. Dette brotet kan til dømes opplevast når det brått vert ulovleg å surfe på ei bølgje som ein har surfa på i ei år-rekke. Dersom desse endringane i dei objektive strukturane oppstår så raskt at aktørane, som har fått forma sine mentale strukturar av desse strukturane, kan kjenne seg forbigådde og i utakt med verda. Dette skjer fordi habitus er tilpassa ein verd som ikkje lenger eksisterer. Dette kan gjere at aktørane tilsynelatande handlar uforståeleg, i utide og meiningslaust (Bourdieu & Wacquant, 1993, s.116). Ein slik situasjon kan vere opptakta til store personlege tragedie og kan ligge til grunn for mistilpassing så vel som tilpassing, opprør så vel som resignasjon (Bourdieu, 1990, s.62).

Aakvaag (2008, s.160) skriv at habitus er kjernen i ein person sin identitet. Eg vil no kort gjere greie for nokre sentrale poeng og viktige avklaringar i den samanhengen. Habitus viser til ein heil måte å vere på, handle på og tenke på som langt på veg ikkje er bevisst. Identitet på den andre sida viser til noko reint kognitivt og noko som ein i stor grad er bevisst om (Prieur, 2002). Habitus er ei nemning for djuptliggande kroppslege disposisjonar som er eit resultat av kontinuitet og reproduksjon. Ein motståande posisjon til dette perspektivet kan representerast ved mellom anna Giddens (1991) der identitet er eit refleksivt prosjekt der aktøren sin sjølvbiografi stadig må reviderast og der livsstilsval blir viktig for konstitueringa av ein personleg og individuell sjølvidentitet. Denne oppgåva skal ikkje gje seg i kast med nokon lenger diskusjon av dette, til det er identitetsomgrepet for komplekst og har for mange motstridande tydingar (Prieur, 2002)³². Oppgåva tek utgangspunkt i habitusomgrepet slik som Bourdieu brukar dette, men likevel vil omgrepet identitet dukke opp³³. Slik sett er kanskje ikkje oppgåva fastlåst i ein fundamental bourdieusme, og identitetsomgrepet blir brukt der dette fell seg naturleg, i hovudsak der det blir vist til anna litteratur.

³² Dei som er interesserte i å lese om identitetsomgrepet i ein friluftslivsfagleg samanheng kan lese i Tordsson (2003, 2010).

³³ Bourdieu brukar sjølv omgrepet identitet. Sjå til dømes Bourdieu (1999, s. 249).

Habitusomgrepet skildrar altså bakgrunnen og rammene for aktørane sin praksis og no skal vi sjå nærmare på kapitalomgrepet og feltomgrepet som skildrar dei sosiale arenaene som praksis utspelar seg innanfor.

Kapital

Bruken av omgrepet om kapital i denne oppgåva blir brukt for å forklare kva goder og ressursar surfarane kjempar om og kva dette betyr for dei. Dette kan vere ferdigheiter og kunnskap og kva dette betyr for deira posisjon og eksistens. Omgrepet vil bli brukt for å forstå surfarane sin jakt på arenaer der det er mogleg å demonstrere ferdigheiter på Jæren og dermed vere med på å avdekke surfarane sin motstand mot surfeverboden.

I følgje Bourdieu deltek alle i ein rekke kampar om innflytelse og kapital. Det som avgjer eit individ sin posisjon og som gir innflytelse er den mengda av bestemte kapitalformer som det handlar om å akkumulere og ha tilgang på (Wilken, 2008, s.39). Bourdieu definerer kapital som knappe ressursar som det er konkurranse om blant grupper og individ i det sosiale livet (Aakvaag, 2008, s.151). Kapital gir makt i eigenskap av å vere ressurs som kan brukast til å oppnå fordelar i samfunnet. Å ha mykje kapital handlar derfor ikkje berre om å vere innehavar av ressursar, men om å forvalte sosiale krefter som kan gje kontroll over delar av samfunnslivet. Sidan kapital er ulikt fordelt vil individ og grupper som har mykje kapital dominere over dei som har mindre. Bourdieu meiner at kapital er både mål og middel i samfunnslivet fordi alle individ og grupper kjempar om meir kapital og dei investerer den kapitalen dei allereie har for å få meir.

Bourdieu opererer med fleire former for kapital; økonomisk kapital, sosial kapital og kulturell kapital. Den økonomiske kapitalen skil seg lite frå økonomane sin definisjon og består seg av pengar, eigedom, reiskapar osb. Kulturell kapital refererer til ein kulturspesifikk kompetanse og handlar om kor godt eit individ beherskar dei høgare klassane sin smak, livsstil og kulturelle praksisformer. Dette kan vere både «god smak» eller utdanning. Sosial kapital består seg av tilgang på sosiale nettverk og dei forbindelsane ein har. Dette gjeld relasjonar til familie, venskap, institusjonar, organisasjonar med vidare, som kan mobiliserast dersom ein

ynskjer å oppnå noko (Aakvaag, 2008, s. 153). Det er langt på veg mogleg å veksle kapitalformer. Til dømes kan sosial kapital under rette forhold vekslast i økonomisk kapital, økonomisk kapital kan omsettast i kulturell kapital osb. Denne moglegheita vert bestemt av kapitalen sin relevans som bytemiddel i forhold til det konkrete miljøet eller feltet og av aktøren si evne til å gjere kapitalen sin likvid (Wilken, 2008).

I tillegg meiner Bourdieu at det finst ein *symbolsk kapital*. Dette er eit paraplyomgrep for dei andre tre kapitalformene. Bourdieu (1999, s. 251) skriv at ein kvar form for kapital har ein tendens til å fungere som symbolsk kapital når denne oppnår ein eksplisitt eller praktisk verdsetjing. Det betyr at dei andre kapitalformene kan konverterast til symbolsk kapital og at omgrepene refererer til evna til å omsette kapital til andre former for verdiar. Symbolsk kapital vil eksistere i eit sosialt rom som eit omdømme, eit ry og som tillit og tru og kan ikkje bevarast lenger enn ein klarar å oppretthalde trua på den sin eksistens. Langseth (2012a) definerer symbolsk kapital blant surfarar som former for kapital som gir status og prestisje i surfemiljøet. Han skriv at symbolsk kapital i surfing er surfe-ferdigheiter, kunnskap om ulike typar surfebrett og surfespottar og liknande. Vidare meiner han at lokal kjensle av å høyre til ein stad og grad av dedikasjon er viktige former for symbolsk kapital som gir høg status blant surfarane på Jæren

Den symbolske kapitalen er tvetydig for den dannar grunnlaget for ein egoistiske jakt på tilfredsstilling, men er samstundes ein søken etter å vere anerkjent av medmenneske (Bourdieu, 1999, s.173). Bourdieu (1999, s. 250) skriv at i den sosiale verda er det mest eineståande av alt å vere anerkjent, betydingsfull og sett opp til. Det er dette som gir mening til livet meiner Bourdieu. Dess større eit individ sin anerkjente sosiale betydning er dess meir eit individ har ein stadfesta sosial identitet, dess meir vil individet vere skåna for tvilen angående meninga med livet (ibid., s.249). Alle former for sosial verdsetjing som utgjer den symbolske kapitalen, i form av å vere berømt, beundra, sitert, invitert, likt osb., er det som rettferdiggjør eit individ sin eksistens og som frigjer ein frå fortvilinga som er i ei tilvære utan mening og utan rett til å eksistere. Den symbolske kapitalen er dermed det som frigjer ein frå likegyldigkeit til noko som gir livet ei mening og retning. Bourdieu (1999, s. 250) skriv at det finst kanskje ikkje noko verre enn å tape i kampen om å få vere anerkjent og å bli fråtatt følelsen av tilgang til ein sosial anerkjent eksistens. Også for ein surfar vil det å ikkje kunne

demonstrere ferdigheiter vere grunnlaget for å miste ein sosial posisjon og dermed stå i fare for å miste det som gir livet meining og retning. Å vere etterspurt og å ha ein posisjon i eit sosialt rom dreier seg ikkje berre om å sleppe unna einsemd og kjensla av å vere ubetydeleg, det dreier seg om på ein varig og konkret måte føle at ein betyr noko og er viktig og har ein sosial posisjon.

Den symbolske kapitalen skaffar gevinstar i forhold til ein habitus som er predisponert for å oppfatte den som eit teikn på betyding fordi habitus er samstemt med den symbolske kapitalen (Bourdieu, 1999). Den symbolske kapitalen er såleis ein kapital som kan oppfattast av individ som er i stand til å kjenne att og verdsetje den og som er i stand til å gje kapitalen verdi. Symbolsk kapital eksisterer derfor berre i kraft av den trua eller førestillinga andre har om denne. Ein dyktig surfar er derfor avhengig av at det er andre surfarar som kan kjenne att ferdighetene på brettet og gje desse verdi. Ein aktør er derfor avhengig av at det er andre som har ei positiv førestilling om og som kjenner denne forma for kapital for at den skal ha verdi. Symbolsk kapital er slik basert på det kognitive og kvilar på kunnskap og verdsetting.

Å vere kjent og anerkjent betyr og å ha makt til å kjenne att og til å verdsetje og til å kunne uttrykke seg med suksess kva som fortener å vere kjent og anerkjent (Bourdieu, 1999, s.251). For å kunne forsikre seg om at eit individ er den vedkomande påstår å vere og at vedkomande har legitim rett til å vere den som ho utgjer seg for å vere, må individet gjennomgå seremoniar og *ritual* for å bevise at ho har rett til å høyre til eit gitt gruppe (ibid., s. 252). I surfemiljøet vil det å bevise at ein har gode ferdigheiter på surfebrettet vere eit ritual. Gjennom handlingar kan individet få moglegheit til å bevise verdighet og få moglegheit til å med liv og sjel gå inn i ein funksjon og oppnå ei stilling. Gjennom å vise dedikasjon, tru og kropp, og sette desse i pant, kan ho oppnå og fortene tilgang på tittelen som medlem av gruppa og få tilgang til dei rettighetene som høyrer gruppa til (ibid.). Dersom individet ikkje har tilgang eller moglegheiter for å bevise at vedkomande er den ho utgjer seg for å vere vil vedkomande kunne bli sett på som ein bedragar. I surfemiljøet vil eksempelvis ein person som berre snakkar om kor god han er til å surfe, men aldri beviser dette, kjapt bli avslørt og sett på som ein ikkje-surfar. Ritualet forsikrar det enkelte individet om vedkomande sin legitimitet og om rett til å høyre til gruppa og rettighetene til gruppa. Ritualet forsikrar og gruppa om sin eigen eksistens som ei høgverdig gruppe.

Vi har no sett kort på kapitalomgrepet. Men sidan omgrepet ikkje kan studerast isolert kjem vi nærmare inn på dette under det vi skal ta føre oss no nemleg feltomgrepet.

Felt

Samfunnet som heilheit -in toto, definerer Bourdieu som det sosiale rom og innanfor det sosiale rom finst det sosiale felt. Individet som opererer i det sosiale rommet og på gitte felt kallar Bourdieu for aktørar. Feltomgrepet skildrar dei sosiale arenaene som praksis utspelar seg innanfor og kan definierast som eit nettverk eller som det indre forholdet av objektive samband mellom posisjonar (Bourdieu & Wacquant, 1993, s. 82). Bourdieu meiner at alle felt er relativt autonome og kan derfor analyserast som relativt sjølvstendige sosiale arenaer som gir mening på sine eigne premissar for dei aktørane som er involvert (Wilken, 2008, s.40). Desse sosiale mikrokosmosa, som er konstituert av det sosiale kosmos i differensierte samfunn, har sine eigne logikkar og spesielle imperativ som er ulike dei som dirigerer andre felt. Det vil seie at ulike felt rettar seg etter ulike logikkar (Bourdieu & Wacquant, 1993, s. 82).

Feltomgrepet er derfor eit analytisk reiskap som kan brukast for å systematisere ulike sosiale kampar om ulike former for kapital som føregår innanfor rammene av ulike sosiale system. (Wilken, 2002, s. 40). Omgrepet refererer ikkje til faktiske oppdelingar av samfunnet, men til relasjonar mellom aktørar som kjempar om tilgang på bestemte former for kapital.

Bourdieu sitt felt-omgrep er eit perspektiv som gjer det mogleg å studere surfarane på Jæren. Langseth (2012a) diskuterer om vi verkeleg kan snakke om surfing som eit felt ettersom Bourdieu har ganske strikte kriterium for kva sin kan kalle eit felt, men han vel likevel å gjere dette. Ford & Brown (2006, s.127) er og blant dei som brukar omgrepet «surfing field». Eg vel derfor å støtte meg på Langseth og Ford & Brown når eg vidare i oppgåva brukar omgrepet surfe-felt(et).

Denne oppgåva er ikkje primært eit studie av naturforvaltninga. Men det er likevel relevant for oppgåva å få eit innblikk i dei mekanismane som eksisterer i forvaltninga fordi desse kan seie noko om mellom anna maktforholdet mellom surfarar og forvaltninga som eit grunnlag

for å forstå surfarane sin motstand mot forbodet. I oppgåva vil derfor forvaltningsfeltet bli brukt som eit analytisk omgrep for å systematisere den sosiale praksisen i forvaltinga. I forhold til å påvise at det er noko som står på spel i forvaltinga som forvaltarane finn det verdt å kjempe for vil eg ikkje definere dette nærmare enn å vise til at forvaltinga har som oppgåve å sette i verk offentleg politikk (Aasetre, 2000). Staten er eit sett av byråkratiske felt (Bourdieu & Wacquant, 1993, s. 96) der forvaltningsfeltet igjen er eit felt av nye overlappande felt. I denne oppgåva vel eg å sjå på forvaltinga som eit eige felt og ikkje vere meir spesifikk og til dømes sjå på fylkesmannen i Rogaland som eit eige felt.

Felt kan skildrast som arenaer der det føregår sosiale kampar og kriteriet for å definere eit felt er at ein kan påvise at det er noko som aktørane finn det verdt å kjempe for (Wilken, 2008, s. 39). Aktørane på feltet deltek i ein rekke sosiale kampar om innflytelse og kapital som utspelar seg innanfor desse spesifikke og relativt autonome områda og aktørane i dei ulike posisjonane på feltet kjempar om å få tilgang på dei spesielle fortenestene som står på spel på feltet. På surfefeltet vil fortenestene dreie seg om tilgang på gode surfebølgjer. Eit felt definerast i forhold til bestemte kapitalformer som det handlar om å vere innehavar av og akkumulere. Ein aktør deltek i ulike kampar med og om ulike former for kapital på ulike felt samstundes. Bourdieu brukar omgrepet *homologi* for å skildre samanhengen mellom felt og den overordna samfunnsstrukturen. Omgrepet refererer til at alle felt er strukturerte på same måte, men dei er organisert rundt ulike former for kapital. Eit gitt felt har sin eigen kapital som gir innflytelse og kapitalen er dermed *feltpesifikk*. Dette vil seie at det er berre feltet sin eigen kapital som gir innflytelse. Omgrepet *trumfkort* blir og nytta, og det kan sjåast på som eit meisterkort som kan ha overlegen verdi, men samstundes ha varierande verdi alt etter korleis spelet vekslar og ha varierande verdi på ulike felt (Bourdieu & Wacquant, 1993, s. 83). Feltpesifikk kapital på surfefeltet vil vere dugleik og kunnskap knytt til surfing. Ein aktør kan heller ikkje delta på feltet viss ikkje kapitalen blir sett på som gyldig av dei andre spelarane. For å oppnå ein gunstig posisjon på feltet er det derfor nødvendig å akkumulere den feltpesifikke kapitalen. Å vere innehavar av feltpesifikk kapital gjer at ein aktør kan eksistere innanfor feltet og med mykje kapital kan aktøren utøve ein påverknad og ei makt og ikkje berre vere ein ubetydeleg storleik (Bourdieu & Wacquant, 1993, s. 84).

Ein aktør med mykje feltspesifikk kapital vil altså vere dominerande på eit felt. Til dømes vil ein surfar med høge surfeferdigheiter ha mykje feltspesifikk kapital, og dermed ha høg status og mykje makt i surfemiljøet. Men i og med at desse ferdigheitene er feltspesifikke er ikkje nødvendigvis denne typen kapital gangbar på til dømes forvaltningsfeltet. Ein aktør i ein dominerande posisjon på eit felt kan derfor vere i ein underordna posisjon på eit anna felt. Men det er mogleg for aktøren å veksle kapitalen sin slik at denne kan flyttast mellom ulike felt. Dette er ikkje uproblematisk og moglegheita for å veksle handlar om kapitalen sin relevans og evna aktøren har til å gjere kapitalen sin gyldig (Wilken, 2008, s. 42).

Kampane på feltet gjer at det eksisterer ein objektiv struktur av sosiale posisjonar som ein aktør kan inneha og det er på eit kvart tidspunkt tilstanden av styrkeforholdet mellom aktørane som avgjer felt-strukturen (Bourdieu & Wacquant, 1993, s. 84) og posisjonane er dermed *hierarkiserte*. Ein aktør vil stadig arbeide for å oppnå høgast mogleg posisjon på feltet. Dette kan aktøren gjere ved å oppretthalde eller auke sin eigen kapital. Men aktøren kan også mellom anna prøve å skape miskredit for den typen kapital som styrken til motstandarane er bygt på for på den måten å skape høgare verdi for sin eigen kapital. (Bourdieu & Wacquant, 1993, s. 85). Dei som dominerer innanfor eit gitt felt er dermed i posisjon til å få føltet til å fungere slik at det er til fordel for dei sjølve, men dei må alltid rekne med at det oppstår motstand, krav, ambisjonar og innvendingar frå dei dominerte (Bourdieu & Wacquant, 1993, s. 88). Slik som i dette tilfellet der surfarane protesterer på forvaltningsfeltet si etablering av surfeforbodet. Kay og Laberge (2004, s. 158) skriv at Bourdieu meiner at strategien til dei som har dominerande posisjonar på feltet er konserverande strategiar. Dei er interesserte i at feltet sitt hierarki skal konserverast fordi dette er med på å oppretthalde deira posisjon på feltet. I tillegg til kampane inne på feltet vil også aktørane også forsøke å stenge ute potensielle eller moglege deltakrar på feltet. Aktørane er ikkje interesserte i at nykomstrar eller at utanforståande blandar seg inn (Wilken, 2008, s. 48). Dette kan aktørane oppnå ved å gjere tilgangen til feltet vanskelegare eller ved å tvinge gjennom visse definisjonar av kva det vil seie å høyre til på feltet (Bourdieu & Wacquant, 1993, s. 86). Eksempelvis vil forvaltningsfeltet krevje at ein har relevant utdanning og at ein er tilsett i forvaltinga, og surfarane vil krevje at for å komme inn på surfefeltet må ein utøvar ha spesifikke ferdigheiter i surfing. Aktørar som vil inn på eit felt må dermed inneha kapital som aktørane som dominerer på feltet ser på som relevant. Dersom ein ikkje har den relevante kapitalen vil ein

verte ekskludert frå feltet. Kay og Laberge (2004, s. 158) skriv at dei som ikkje har makt på feltet er dømde til å utfordre legitimiteten til den dominerande kapitalen for å kunne forbetre sin eigen posisjon på feltet. Dette kallar Bourdieu subversion strategies, eller undergravingsstrategi (ibid.). Til dømes kan surfarane prøve å utfordre legitimiteten til forvaltninga for å heve sin eigen posisjon.

Bourdieu (1996, s. 131) skriv at ein ikkje kan lage sosiologi utan å forutsette at aktøren ikkje gjer kva som helst og at ho ikkje handlar utan grunn. Under habitusomgrepet kom vi inn på at aktøren handlar ut i frå eit interessebasert syn på verkelegeheita. Dette betyr ikkje at aktøren er rasjonell eller at ho gjer rett i det ho gjer. Ein aktør vil likevel kunne handle og vere fornuftig og dette kan ho vere utan at det ligg noko rasjonelt bak. Bourdieu (1996, s. 132) skriv at omgrepet interesse kan erstattast av det strengare omgrepet *investering*, eller illusio. Bourdieu samanliknar eit felt med eit *spel* og legg i omgrepet illusio at det er å vere i spelet, å vere engasjert i spelet og å ta spelet på alvor. Omgrepet betyr vidare at spelet er viktig for dei som spelar, at spelet er verdt bryet og at spelet fortener å bli spelt. Når habitus er samstemt med spelet og strukturane er spelet heilt sjølvsagt og spørsmålet om deltakinga er verdt innsatsen vert aldri stilt. Aktøren har dermed ein sans for spelet (Bourdieu, 1996, s.133). Denne sansen for spelet er inkorporert i aktøren sin habitus og er ein praktisk mestring av spelet si framtid utan at aktøren har ei bevisst målsetting med handlingane (Bourdieu, 1996, s. 136). Aktøren som er vel tilpassa spelet er besett av spelet og er meir besett dess betre ho meistrar det. Eksempelvis vil ein surfar som utviklar ferdighetene sine stadig vere på jakt etter vidare utvikling og betre bølgjer. Det som er sjølvsagt for dei som deltar i spelet ser ut som ein illusjon for aktørar som står utanfor, som til dømes ein naturforvaltar som ikkje deler denne opplevinga av sjølvfølgje (Bourdieu, 1996, s. 133). At aktørane meiner at kampane er verdt bryet har såleis samanheng med investeringa og innsatsen som aktørane har lagt i feltet og dette ligg til grunn for konkurransen og konflikten mellom aktørane på feltet (Bourdieu & Wacquant, 1993, s. 83). Denne innsatsen som spelarane har lagt i spelet gjer at spelarane har eit ynskje om å vinne og om å få sin del av innsatsen og dette sikrar at dei fortset spelet. Innsatsen bestemmer vidare om det betyr noko om ein vinn eller tapar (Wilken, 2008, s. 48).

Eit kvart felt er definert ved nokre heilt grunnleggande reglar som spelarane på feltet må akseptere. Desse reglane omtalar Bourdieu som feltet sine *doxa*. Omgrepet står for dei ikkje

uttalte og langt stykke på veg udiskutable premissane som aktørar handlar i forhold til (Bourdieu, 1990, s. 68). Til dømes vil surfarane sitt syn på at dei lokale har rettar til dei lokale spottane framfor tilreisande surfarar vere ein slik doxa på surfefeltet. Alle som deltar i feltet har det til felles at dei stille sluttar seg til den same doxa som muleggjer konkuransen mellom dei og som set grensene for den (Bourdieu, 1999, s. 105). Denne doxa forbyr at det vert stilt spørsmål ved trua sine prinsipp, og dersom det skulle bli stilt spørsmål ved denne ville det true sjølve feltet sin eksistens (*ibid.*). Doxa er udiskutabel berre innanfor eit felt. Dei som står utanfor feltet kan problematisere og diskutere feltet sine premissar så mykje dei vil (Wilken, 2008, s. 43). Dette betyr at det er berre dei som aksepterer spelereglane som er med i kampen på feltet. På den måten fungerer doxa som eksklusjonsmekanisme. Feltet skil mellom legitime og illegitime måtar å kjempe på. Dersom ein aktør handlar i strid med eit felt sin doxa vil aktøren bli ekskludert frå feltet (Wilken, 2008). På denne måten står altså doxa for ein aksept av spelet sine premissar, medan illusio på si side refererer til det som står på spel (Wilken, 2008, s. 47).

Til no har vi sett på nokre eigenskapar og mekanismar ved enkeltfelt. Vi skal no vidare sjå på korleis ulike felt står i forhold til kvarandre.

Makt

Som vi har vore inne på er utvikla samfunn samansett av fleire differensierte felt som har uforanderlege og foranderlege eigenskapar rotfesta i sin eigen spesielle logikk og historie (Bourdieu & Wacquant, 1993, s. 94). Dei ulike felta konstituerast relasjonelt og hierarkisk innafor eit større sosialt system (Wilken, 2008, s. 39). Det vil seie at dei ulike felta dermed står i høve til kvarandre. Det er derfor relevant for denne oppgåva å sjå nærmare på eit tredje spesifikt felt, nemleg maktfeltet. Dette er relevant fordi at forvaltninga og surfarane heilt tydeleg står ulikt posisjonert i hierarkiet, og det vil derfor vere interessant å studere om surfarane sin underlegne posisjon har betydning for motstanden deira mot surfeforbodet.

Maktfeltet handlar om kven som regjerer (Wilken, 2008, s. 77). Bourdieu skriv at maktfeltet overlappar autonome felt, i denne oppgåva surfefeltet og forvaltningsfeltet, og at makt dermed vert skapt mellom felta og ikkje i eit felt (Wilken, 2008, s. 79). Bourdieu skriv at maktfeltet er knytt til staten og statlege institusjonar og at den legitime retten til makt og kan delegerast til staten sine representantar som til dømes forvaltninga (*ibid.*). Det er berre staten som kan lage

og godkjenne lover og det er berre staten som legitimt kan sperre folk inne. Staten eller staten sine representantar har derfor monopol på utøving av makt innanfor eit avgrensa territorium. Surfefeltet og forvaltningsfeltet er dermed to felt som står ulikt posisjonert i forhold til maktfeltet og vil dermed vere hierarkisk ulike.

Staten er innehavar av det Bourdieu kallar ein *statleg kapital* (Wilken, 2008, s. 78). Dette er ein form for *metakapital* som rangerer høgare enn alle andre former for kapital (Bourdieu & Wacquant, 1993, s. 100). Den statlege kapitalen er ikkje berre ein kapital på feltet, men den er også ein kapitalform som får innflytelse på kampane i andre felt. Bourdieu seier at ein kan oppfatte eit felt som eit rom der det vert utøvd ein felt-verknad (Bourdieu & Wacquant, 1993, s. 86). Dette vil seie at grensene for feltet går der som felt-verknadane sluttar å verke og at ein på denne måten i kvart enkelt tilfelle må finne det punktet der feltet sine verknadar sluttar. Førebelts kan vi konkludere med at forvaltninga sin statlege kapital gjorde at surfarane ikkje lenger får surfe der dei ynskjer. På denne måten ser vi at logikken på eit felt får konsekvensar for logikken på eit anna. Surfarane oppdaga då grensene sine for si eiga sjølvstende (Bourdieu & Wacquant, 1993, s. 95). Autonomien på surfefeltet er dermed underordna autonomien på forvaltningsfeltet på grunn av at forvaltningsfeltet har monopol på utøving av makt i denne saka. Kampane på forvaltningsfeltet fekk då konsekvensar for kampane på surfefeltet og surfarane vart tvungne til å delta i ein kamp eller eit spel som dei sjølv ikkje hadde valt (Wilken, 2008, s. 50).

Bourdieu skriv at i og med at staten har makta til å konstruere den sosiale verkelegheita så er det vanskeleg for andre verkelegheitsforståingar å utfordre det han kallar staten sitt monopol på den legitime sanninga. Dette kan beskrivast som *symbolsk vold*. Symbolsk vold definerer Bourdieu som makta til å få ei bestemt verkelegheitsforståing til å verke objektiv og sann utan at det er klart for dei involverte at det er snakk om ein vilkårleg verkelegheitsforståing (Wilken, 2008, s.68). Symbolsk vold inneberer makt til å definere og klassifisere og gjer at ein kan få aktørane til å tru på bestemte tolkingar om korleis verda er innretta, og at ein kan sikre reproduksjonen av dei eksisterande maktforholda. Symbolsk vold verkar som ei slags naturlov der både den privilegerte og den undertrykte aktøren aksepterer den gitte verkelegheitsoppfatninga (ibid.). Symbolsk vold er relatert til doxa og habitus. Det er doxa som får folk til å godta den sosiale orden. Symbolsk vold involverer derfor ikkje fysisk makt,

men kan sjåast på som ei «usynleg» makt. Både den som utøver og den som makta vert utøvd i forhold til miskjenner at det er snakk om ei maktutøving. Dette kan til dømes skje når dei undertrykte brukar dei dominerande sine kriterier i vurderinga av sin eigen praksis (ibid., s. 70).

Feltanalyse

Det naturlege spørsmålet som dukkar opp no vil vere korleis kan ein bruke desse omgrepa i praksis? Vi skal i det følgjande avsnittet kort sjå nærmare på dette gjennom det som Bourdieu kallar ei feltanalyse. For å foreta ei feltanalyse bør ein i følgje Bourdieu tenke feltet i tre dimensjonar. For det første bør ein analysere kva posisjon feltet har i forhold til maktfeltet (Bourdieu & Wacquant, 1993, s. 90). Dette har vi allereie skissert gjennom å hierarkisk plassere forvaltninga i ein dominerande posisjon i forhold til surfarane. For det andre bør ein etablere ein objektiv struktur av relasjonar mellom posisjonar som er inntekne av aktørar eller institusjonar. I dette tilfellet er forvaltninga representert ved Fylkesmannen i Rogaland som er staten sin fremste representant i Rogaland, Statens Naturopsyn, Direktoratet for Naturforvaltning og Miljøverndepartementet. I overflata vakar surfarane som perifere aktørar som prøver å konkurrere og å få innpass hos forvaltninga og komme med sine synspunkt og meningar. På surfefeltet er det naturlegvis surfarane som regjerer og vi skal utover i oppgåva sjå nærmare på praksisen på dette feltet. Bourdieu meiner at ein til slutt bør ein analysere aktørane sin habitus. Denne oppgåva kjem til å primært ta føre seg surfarane sin habitus. På grunn av omfanget til oppgåva så kjem forvaltninga sin habitus til å vere basert på anna litteratur (t.d Aasetre, 2000). Alle desse tre punkta i feltanalyseomgrepet til Bourdieu som kjapt er gjennomgått no er element som kjem til å gå igjen i oppgåva og som vert diskutert i analysen.

Eit kritisk blikk på Bourdieu

Bourdieu har levert viktige bidrag til sosiologisk teori, men likevel har teoriane vore gjenstand for ein del kritikk. Det vil i det følgjande avsnittet bli det kort bli gjort greie for ein del av denne kritikken som har betyding for denne oppgåva.

Den vanlegaste kritikken mot Bourdieu er at han har eit for strukturorientert syn på samfunnslivet. Aktøren sin handlingsfridom vert underspelt gjennom ein overinstitusjonalisert og oversosialisert konsepsjon av aktøren (Aakvåg, 2008). Aktøren blir på denne måten påverka av ein inkorporert struktur der denne strukturen avgrensar aktøren sine handlingsmoglegheiter. Bourdieu gir altså ikkje aktøren stort rom for handlingsfridom. Mange kritiserer derfor Bourdieu for å ignorere individet si fridom og evne til å tenke og handle sjølvstendig. Sjølv om habitusomgrepet til ein viss grad gir aktøren kreativitet og handlingskompetanse som ein før-refleksiv sans, så blir Bourdieu kritisert for å underspele aktøren sin refleksivitet (*ibid.*). Dette gjer igjen at aktøren sin sjølvstendigheit og evne til overskridning som ligg i bevisstheit og refleksjonskapasitet blir tatt frå aktøren.

Bourdieu blir også kritisert for å hevde at alle handlingar er basert på interesser. At ein aktør alltid handlar ut å frå nyttemaksimering og dermed utelet altruisme som moglegheit kan vere å framstille samfunnet som meir kynisk enn det eigentleg er (Aakvåg, 2008). Det kan stillast spørsmål ved om ikkje individet faktisk lyttar til den moralske stemma framfor eigen-nytta når det handlar i enkelte situasjonar. Det har derfor blitt retta kritikk mot eit slikt interessebasert syn på aktøren sin handlingsmotivasjon.

Bourdieu sine omgrep har sosial reproduksjon som utgangspunkt. Det blir derfor påstått at han er for lite opptatt av sosial endring og at han har problem med å gjere greie for kor denne endringa skulle komme frå (Aakvåg, 2008). Han har utvikla ein samfunnsteori som forklarar det paradokset at dei dominerte gruppene ikkje veltar den beståande ordenen og han blir på denne måten for opptatt av sosial reproduksjon.

Aakvåg (2008) skriv at Bourdieu sitt konfliktsosiologiske opplysningsprosjekt er sjølvmotseiande fordi han ønskjer å bedrive kritisk avsløringsosiologi for å gjere samfunnet betre, mens han på den andre sida har utvikla ein teori som gjer ein slik praksis lite truverdig. Aakvåg meiner at praksis vert motsagt av teoriein fordi aktørane sin klassespesifikke habitus som disponerer dei for å reproduksjonere sin eigen posisjon i det sosiale rom og samstundes så tek habitus frå aktørane den grad av refleksivitet som kunne gjort det mogleg for aktøren å innsjå sin eigen situasjon. Aakvåg meiner derfor at Bourdieu sin teori er veldig pessimistisk med tanke på ein endring til det betre i samfunnet.

5. Metode

Dette kapitelet vil innehalde ein gjennomgang av oppgåva sine metodiske tilnærmingar.

Hensikta med dette er å gjere arbeidsprosessen min så transparent som mogleg. Dette vil gjere at bakgrunnen for korleis det empiriske materialet har blitt til vil komme fram, og prosessen som ligg til grunn for dei tolkingane som eg har gjort vil bli synlege. Med bakgrunn i problemstillingane har eg valt å bruke det kvalitative forskingsintervju som metode. Eg vil i dei følgjande avsnitta gjere greie for utfordringane som dette prosjektet har stått over for og vidare beskrive korleis dei har blitt løyst. Eg vil vidare grunngje løysingane og knyte dei opp mot metodelitteratur og diskutere svake og sterke sider ved opplegget.

Hermeneutikk

Problemstillingane til oppgåva dreier seg om forståing av surfarane sine meininger og handlingar. Det er derfor relevant å gjere greie for kva forståing er og korleis det er mogleg å oppnå forståing. Hermeneutikken forsøker å forklare dette. Gjennom hermeneutikk vil ein forsøke å forklare det ein ikkje forstår gjennom å tolke handlingar, munnlege ytringar og tekstar (Gilje & Grimen, 1993). Denne tolkinga er kjernen i hermeneutikken. Ved å fokusere på eit djupare meiningsinnhald enn det som ein ved første augekast ser, kan ein ved hjelp av tolking oppnå forståing. Eit av særprega ved dette prosjektet er at eg må forhalde meg til ei verd som allereie er tolka av surfarane sjølve (*ibid.*). I dette inngår surfarane sine forståingar og tolkingar av seg sjølve, av andre og av til dømes forbodet. Dette gjeld uavhengig av om surfarane sine forståingar er korrekte eller ikkje. Så spørsmålet er om surfarane sine oppfatningar åleine gir eit adekvat grunnlag for oppnå ei fullstendig forståing? Faren ved dette er at eg kan bli lurt av misoppfatningane deira som kan gjere at eg får eit feilaktig inntrykk av forhold som er knytt til surfeforbodet. For å unngå dette er det nødvendig å gjere nokre grep. Det som blir viktige verktøy i denne samanhengen er teori. Eg vil altså ved både ved å forhalde meg til surfarane sine tolkingar av verda, samstundes som eg rekonstruerer surfarane sine forståingar ved hjelp av teoretiske omgrep kunne klare å gå ut over surfarane sine oppfatningar. Dette er å bygge på ein dobbel hermeneutikk (*ibid.*). Eit anna element som kjem inn i denne samanhengen er min eigen for-forståing eller for-dommar som eg sjølv har. Eg møter ikkje surfarane utan føresetnadar og desse føresetnadane bestemmer kva eg forstår og ikkje, og desse er basert på den bakgrunnen eg sjølv tek med meg inn i

forståingsprosessen. Eg vil seinare avklare kva som er mi ballast og mitt forståingsgrunnlag som vil prege forståinga mi av surfarane sine utsegner.

Eit viktig omgrep i hermeneutikken er den hermeneutiske sirkel (Gilje & Grimen, 1993). Denne illustrerer korleis samanhengen er mellom det eg skal tolke, for-forståinga mi og den konteksten det skal tolkast i. Dette vil sei at all tolking skjer i stadige sirkelbevegelsar mellom heilskap og del, mellom det eg skal tolke og min eigen for-forståing. For å operere ein hermeneutisk sirkel må eg bevege meg i ein evig runddans mellom teori, empiri, metode, litteratur og omgrep. Surfarane sine enkelte sitat må forståast ut i frå heile intervjuet, og heile intervjuet må forståast ut i frå det enkelte sitat. Intervjua blir forstått ut i frå mi eiga forståing, samstundes som intervjua blir sett i samanheng med teoretiske omgrep. Dette vil kunne gjere at mi eiga forståing blir endra, som igjen kan få konsekvensar for vidare tolking. Dette vil vere ein sirkel som det vil vere umuleg å komme ut av, og sidan eg forhåpentlegvis ikkje står i ro på same plassen kan det og vere aktuelt å sjå på prosessen som ein hermeneutisk spiral (ibid.).

Det kvalitative forskingsintervju

Ut i frå problemstillingane ynskjer eg altså å forstå surfeforbodet frå surfarar sitt perspektiv. Eg er ute etter å oppnå innsikt i surfarane sine erfaringar, opplevingar og meininger om surfeforbodet forut for vitskaplege forklaringar. Målet er å gå i djupna for å fange opp kvar enkelt informant si forståing og tankar rundt dette spesifikke temaet og å få tak i subjektive og eigenopplevde erfaringar som gir grunnlaget for motstanden mot surfeforbodet. På bakgrunn av dette ser eg på det kvalitative forskingsintervju som ein hensiktsmessig og relevant metode. Ved å bruke ei slik tilnærming vil eg kunne få eit fyldig og djuptgåande grunnlag for å oppnå forståing for surfarane sine reaksjonar. Intervjuet gir moglegheiter til å lytte til informantane sine eigne historier og deira forståing av verda som dei lever i (Kvale, 1997). Intervjuforma sin styrke er at den vil kunne fange opp variasjonar i informantane sine oppfatningar og ville kunne gje eit bilet av ein mangfaldig og kontroversiell menneskeleg verd (ibid.). I følgje Kvale (1997) har forskingsintervjuet som mål å innhente beskrivingar av den intervjeta sin livsverden, med hensikt om å fortolke det aktuelle og beskrivne fenomenet. Han skriv vidare at intervjuet er basert på ein kvardagsleg konversasjon, men at det er ein

fagleg konversasjon. Eit forskingsintervju går djupare enn ein spontan meiningsutveksling og vil gje grundigare og fyldigare informasjon enn ei kvardagsleg samtale. I dette ligg det at det er forskaren som definerer og styrer situasjonen med den hensikt å få tak i spesifikk kunnskap om eit gitt tema. Dette betyr at intervju som konversasjon må ha ein viss hensikt og struktur der forskaren har bestemte spørsmål som ho vil ha svar på.

Med dette som utgangspunkt tok eg fatt på forskingsarbeidet. Eg skal no vidare beskrive korleis eg gjekk fram i arbeidet med datainnsamling. Men aller først vil eg gjere klargjere min eigen bakgrunn og forståing i samband med dette prosjektet. Grunnen er at dette har konsekvensar for den vidare forståinga av korleis eg gjekk fram reint praktisk. Dette forklarar og kvifor det nettopp er surfarar denne oppgåva handlar om.

Min bakgrunn og grunngjeving for val av kasus

Grunnen min for å velje nettopp dette temaet for oppgåva er mi eiga interesse for problemområdet som er knytt til bruk og vern av natur. Eg er altså interessert i området på generell basis og eg synest at problematikken knytt til desse «nyare» aktivitetane er særleg interessant. Eg hadde derfor som mål å arbeide med denne typen konfliktar. Som vi har sett er det mange slike saker som går føre seg, så kvifor har eg valt nettopp saka på Jæren? Ettersom denne oppgåva tek føre seg ei konkret sak vil ho kunne gå under definisjonen kasus-studie. Flyvbjerg (2006, s. 143) skriv at kasus-studiet er kjenneteikna ved nærleik til verkelegheita og ein mangfoldig detaljrikdom og at når målet er å skaffe mest mogleg informasjon om ei gitt problemstilling kan det vere at atypiske og ekstreme kasus vil gje meir informasjon fordi dei aktiverer fleire aktørar og meir grunnleggande mekanismar i den situasjonen som vert studert. I frå eit forståingsorientert synspunkt vil det vere avgjerande å få klarlagt djupareliggjande mekanismar som årsaka til eit problem og dei vil kanskje komme lettare til syne ved hjelp av denne typen kasus skriv Flyvbjerg. Det har vore mange konfliktar mellom utøvarar av moderne friluftslivsaktivitetar og forvaltninga dei siste åra, men etter mi vurdering har saka mellom surfarane og forvaltninga på Jæren vore ein av dei mest debatterte i blant anna media. Kasusen for denne oppgåva er derfor valt ut i frå ein informasjonsorientert ståstad der eg vurderer saka til å vere eit usedvanleg og avvikande kasus som eg håpar skal kunne avdekke

dei djupareliggende mekanismane som Flyvbjerg skriv om. Vidare skal vi sjå på kva dette betyr for mitt forståingsgrunnlag for surfarane sin motstand mot surfeforbodet.

Kvale (1997) skriv at ein føresetnad for gyldige tolkingar av forskingsemnet er kunnskap og ekspertise på det aktuelle feltet og at betydinga av bakgrunnskunnskap er openbar. Det vil derfor no bli gjort greie for den bakrunnen eg tek med meg inn i dette prosjektet. Eg har sjølv levd eit liv der fritidsaktivitetane mine har engasjert meg på fulltid. Eg har reist og levd av og for fleire friluftslivsaktivitetar i mange år og desse har engasjert meg på fulltid. Med dette utgangspunktet har eg gode føresetnadar for å forstå ein kultur som er basert på utøve ein gitt aktivitet. På den andre sida surfar eg riktig nok ein del dagar i året, men eg reknar meg ikkje som ein surfar for det. Eg har heller ikkje spesielt god innsikt i kva som rører seg i surfekulturen på Jæren, så slik sett studerer eg ein kultur frå utsida. Dette kan ein sjå på som ei svakheit fordi eg manglar detaljert innsikt i kulturen som eg studerer. Men eg meiner sjølv at i dette tilfellet er eit slikt utgangspunkt faktisk ein styrke fordi ettersom eg ikkje er personleg engasjert og involvert i surfeforbodet så vil det vere lettare for meg å vere objektiv. Når det gjeld mitt forhold til bruk og vern av natur på generell basis er eg ein ihuga purist og meiner at all natur er på sitt beste om det ikkje er menneskeleg aktivitet der i det heile (bortsett frå min eigen). Slik sett føler eg at eg til dels har ein fot i kvar leir i forhold til surfeforbodet på Jæren, og eg trur at eg såleis ikkje kjøper alle argument frå den ein eller den andre parten heilt ukritisk og at dette gjer at oppgåva i større grad vil halde eit objektivt nivå.

Forskinsprosessen

Det første eg gjorde etter å ha brukt litt tid på å sette meg inn i saka ved hjelp av aviser og andre media, var å få tak i saksdokumenta som hadde blitt produsert av Norges Surfforbund, Fylkesmannen i Rogaland, Direktoratet for Naturforvaltning og Miljøverndepartementet i samband med prosessen der surfarane klaga og søkte om dispensasjon på surfeforbodet. Eg fekk og tak i forvaltningsplanar, miljørapportar og liknande bakgrunnsmateriell. Dette ga god bakgrunnsforståing for konflikten. Parallelt med dette las eg aktuell forskingslitteratur på området. Så begynte arbeidet med å oppnå kontakt med surfemiljøet. Framgangsmetoden eg brukte i innleiande runde var å ringe rundt til ulike surfarar i Rogalandsområdet for å få eit inntrykk av miljøet. Eg kjente ingen der før, så eg starta med blanke ark. Eg valde ulike

ingangsportar³⁴ til informantar og gjekk gjennom ulike miljø for å sikre at ikkje alle høyrt til same kameratgjengen der det kanskje ville vere relativt einsarta meininger og forståingar. Hensikta med dette var å prøve å sjå om det kunne vere ulike oppfatningar av forbodet rundt omkring i miljøet. Etter at eg hadde fått etablert kontakt brukte eg snøballmetoden der personen eg snakka med tipsa meg om andre som det kunne vere interessant å snakke med og så vidare. Totalt var eg i kontakt med 20 surfarar. Eg gjennomførte innleiande samtalar og innleiande intervju med desse for å finne ut litt om kva dei hadde av kunnskap om surfing og surfe forbodet som kunne hjelpe meg med oppgåva. I løpet av hausten og vinteren 2010/11 var eg jamnleg i kontakt med fleire av dei både på telefon og e-post. I denne fasen var eg og i kontakt med Fylkesmannen i Rogaland, Den Norske Turistforeining, Direktoratet for naturforvaltning, ulike forskrarar osv. Desse brukte eg for å få innsikt i temaområdet og sjå litt kva meininger som finst i ulike miljø. Men på grunn av omfanget til oppgåva har ikkje desse synspunkta blitt brukt.

Desse innleiande samtalane med surfarane brukte eg til å bygge opp og endre på både problemstillingane og intervjuguiden ettersom eg etter kvart fekk betre og betre innsikt i saka. Nokre tema som eg tok opp som eg i utgangspunktet hadde trudd var relevant, viste seg å ikkje vere det, og eg oppdaga og nye sider ved saka som eg ikkje hadde tenkt over i utgangspunktet. Eg brukte og teoretiske perspektiv og anna forskingslitteratur i denne fasen. Slik gjekk arbeidet mitt framover og etter kvart meinte eg at det hadde danna seg eit mønster og eg sat til slutt att med ei gruppe spørsmål som eg meinte kunne kategoriserast i ei hovudproblemstilling og tre underproblemstillingar. Desse brukte eg for å bygge opp den endelege intervjuguiden. Intervjuguiden blei kategorisert i forhold til problemstillingane og den skulle sikre meg at eg fekk dekka dei spørsmåla eg ville ha svar på og samstundes gje meg ein struktur på intervjustituasjonen. Når denne fasen var ferdig tok arbeidet med å finne dei endelege informantane til.

³⁴ Eg skildrar ikkje desse nærmare fordi eg vil sikre intervupersonane sin anonymitet.

Val av informantar

Når det gjaldt å velje informantar var det ut i frå problemstillingane allereie ein del utvalsparameterar bestemt. Det var klart at miljøet som eg skulle arbeide med var surfarar og det låg ei geografisk avgrensing i området rundt Jæren. Men i tillegg til dette sette eg som eit kriterie at informantane skulle ha kjennskap til og engasjement for saka³⁵. Dette er samanfallande med Ryen (2002) sine anbefalingar om at intervupersonane bør ha både ein viss kjennskap til fenomenet og settinga som ein studerer. For å oppfylle eit mål om at ein i utvalsprosessen av informantar må søke å oppnå eit variert utval (Ryen, 2002) sette eg i tillegg og opp nokre sekundærkriterie basert på demografiske variablar. Eg ville ha informantar med ulik alder, kjønn og jobb- og utdanningsbakgrunn. Eg vil vurdere kor vidt eg lukkast med desse kriteria mine til slutt i metodekapitelet.

Eg var altså i kontakt med 20 surfarar på Jæren. Engasjementet var stort, men når det gjaldt å stille opp i eit intervju var det varierande interesse. Eg var borti alt frå dei som prata utan stopp i ein time til dei som var meir skeptiske og mistenksame. Av dei 20 namna som eg hadde på lista strauk eg ganske kjapt 4-5 stk. ettersom dei ikkje oppfylte primærkriteria mine. På dei resterande brukte eg Kvale (1997) sine kjenneteikn på gode intervupersonar. Han skriv at desse er samarbeidsvilige, motiverte, veltalande og kunnskapsrike. Han skriv vidare og at dei er ærlege, konsistente og at dei svarar på presist på spørsmål, samt at dei gir samanhengande framstillingar utan å motsei seg sjølv og utan å spore av. Sjølv om Kvale skriv at denne idealiserte intervupersonen ikkje finst og at desse i tilfelle kanskje vil representera ei gruppe og ikkje vere representative for heile befolkninga, hadde eg desse kjenneteikna i bakhovudet. Eg vurderte etter kvart at rundt 10 surfarar så langt passerte kriteria og kunne passe som informantar. Dei som eg vurderte til å kunne vere gode informantar tok eg etter kvart kontakt med igjen for å prøve å få gjennomført intervju. Men det var då dei verkelege utfordringane begynte.

³⁵ Eg sette ikkje noko eksakt mål på kva dei måtte kunne og vite om saka. Men eg såg på det som lite relevant å intervju nokon som ikkje hadde kjennskap til surfeforbodet i det heile. Då ville eg ikkje få svar på problemstillingane mine. Derfor blei dette ei skjønnsvurdering.

Som vi har sett så skulle utvalet bestå seg av surfarar. Og dette skapte meir utfordringar enn eg hadde forventa. Dei dagane det var gode surfeforhold ein eller annan stad var nemleg dei potensielle informantane brått over alle haugar, for ikkje å seie bølgjer. Eg har ikkje tal på kor mange kveldar eg sette av til intervju, men der den potensielle intervupersonen ikkje tok telefonen, og eg fekk svar tre dagar etterpå: *"Beklagar at eg ikkje tok telefonen, men det blei gode forhold sørpå"*. Dette opplevde eg som ein frustrerande periode. Denne prosessen heldt på i fleire månadar, men etter kvart som tida skrei fram sat eg til slutt att med dei intervjeta eg mente eg trengte. I denne oppgåva har eg fullstendige individuelle intervju med seks surfarar.

Anonymisering av informantane

For å sikre intervupersonane sin anonymitet har eg ikkje laga komplette profilar av dei enkelte informantane. Mi vurdering er at miljøet er såpass lite at det vil vere for lett å kjenne dei att. Derfor vil eg berre gje ei grov oversikt over alder, kjønn, bakgrunn osb. og eg har elles prøvd å anonymisere informantane så langt som det har vore mogleg og alle har fått fiktive namn. Ingen av informantane hadde ynskje om å bli anonymiserte, men eg har likevel valt å gjere dette. Dette får konsekvensar for framstillinga av oppgåva. Eg brukar mellom anna vendingar som «fleire av informantane...» og «nokre av informantane...» i staden for til dømes «tre av informantane...». Grunnen til at eg har valt å gjere dette er fordi ved å kryssjekke informantane sine utsegner i ulike kategoriar vil det vere mogleg å finne ut kven informantane er. Det er ikkje eit mål å kvantifisere surfarane sine meininger og når eg i tillegg vektlegg anonymitetsomsynet så meiner eg at dette kan forsvarast. Etter mitt syn er ikkje oppgåva nemneverdig svekka av dette.

Etiske førehald

Denne oppgåva tek utgangspunkt i informantane si forståing av situasjonen. Det som kjem fram i oppgåva er basert på surfarane sine svar i intervjeta og er dermed surfarane sine personlege synspunkt på surfeforbodet og reflekterer ikkje mine meininger i denne saka. Oppgåva skal dermed ikkje sjåast på som eit forsvar av eller angrep på surfarar, ulovleg surfing, surfeforbodet, fuglelivet, miljøet, forvaltninga eller andre. Eg vil etter beste evne gjengi det som har blitt uttalt og forsøke å tolke dette ut i frå sin eigen kontekst.

Gjennomføring av intervjuet

Eg hadde ingen erfaring som intervjuar før eg begynte på denne oppgåva, så for å førebu meg litt gjennomførte eg eit testintervju med ein surfar. Han hadde ikkje spesielt god innsikt i saka på Jæren, men eg fekk rydda litt i intervjuguiden, testa opptaksapparatet og prøvd intervjuusuasjonen. På grunn av utfordringane med å få til avtalar med surfarane blei intervjuet gjennomførte på surfarane sine premissar. Eg let dei avgjere både tid og stad for alle intervjuet. Dette gjorde eg for rett og slett for å sikre meg at eg fekk gjennomført intervjuet. I tillegg tenkte eg at surfarane ville føle seg tryggare og meir opne dersom dei følte seg trygge i omgjevnadane. Dei einaste rammene eg sette var at intervjuet burde gå føre seg i rolege omgjevnadar og at intervjupersonane skulle vere opplagte og ha god tid. Eg var i utgangspunktet fast bestemt på å gjennomføre intervjuet ansikt til ansikt med informantane. Grunnen til det var å skape betre kontakt med informantane. Men som nemnt var det ei utfordring å få til tidspunkt som klaffa og i tillegg gjorde den relativt store reiseavstanden frå Sunnmøre til Rogaland at reaksjonstida mi vart relativt lang. Totalt blei tre av intervjuet gjennomførte heime hos informantane, eit ute og to på telefon. Dei intervjuet som blei gjennomførte heime hos intervjupersonane skilte seg ut som særleg verdifulle. Kontakten med intervjupersonane blei meir personleg og direkte og eg fekk og ein del anna interessant informasjon på desse besøka. Dei viste meg lokale filmopptak frå surfing på Jæren og dei forklarte korleis dei tenkte i forhold til ver og vind, bølgjevarsling og så vidare.

Telefonintervjuet kan nok vurderast til å vere mindre personlege enn der vi var ansikt til ansikt, men eg trur ikkje at dette har påverka svara til informantane eller at eg fekk mindreverdige svar. Ein ting som talar for at dette stemmer er at svara som eg fekk på telefonintervjuet og ansikt- til- ansikt- intervjuet var temmeleg like. Eg var heller aldri innom sensitive eller veldig personlege tema som skulle tilseie at informantane held tilbake informasjon. Samsvaret mellom intervjuet, saksdokumenta og anna forsking meiner eg og tilseier dette. Gjennomføring av intervjuet tok frå 45 til 70 minutt. Dei første intervjuet var dei lengste. Grunnen til det var nok at intervjuguiden min blei meir presis og eg stilte meir konkrete spørsmål ettersom eg utvikla guiden frå intervju til intervju. Intervjuguiden fungerte godt og den sikra at eg kom inn på alle spørsmåla. Eg vil definere intervjuet som semi-strukturerte. Ut i frå problemstillingane hadde eg utvikla ein intervjuguide med spørsmål som eg ville ha svar på. Men punkta på lista var frie og opne nok til at eg kunne følgje

informantane sine assosiasjonsrekker, slik at intervjuguiden fungerte meir som ei hugseliste ettersom vi hoppa fram og tilbake mellom ulike tema. Eg hadde ingen erfaringar som intervjuar før dette og opplevde at eg vart betre i den uvante rolla etterkvart. Alle intervjua blei gjort i rolege omgjevnadar og tatt opp på band utan forstyrringar eller avbrot. Einaste unntaket var eit av telefonintervjua som blei avbrote i nokre sekund på grunn av ukjent årsak.

Transkripsjon, analyse og tolking.

Kvart intervju blei transkribert fortløpende i etterkant av intervjuet. Eg transkriberte ordrett alt som blei sagt på opptaket. Transkripsjonane er gjort på nynorsk, men inneholder språklege formuleringar som ligg så nær opp til informantane sine dialektar som mogleg.

Transkripsjonane inneholder derfor dialektord og uttrykk og desse er skrivne slik som dei er uttalt. Engelske uttrykk er skrivne på korrekt engelsk. Totalt blei det ca. 60 sider med transkripsjonar.

Etter at alle intervjuer var gjennomførte las eg gjennom alle transkripsjonane fleire gongar. Deretter begynte eg på arbeidet med å systematisere materialet tematisk. Dette gjekk overraskande lett ettersom eg allereie hadde klare kategoriar i underproblemstillingane. For å ytterlegare gjøre arbeidet meir oversiktleg laga eg underkategoriar i kvar hovudkategori. Eg prøvde her å lage kategoriar basert på dei teoretiske omgropa. Ein meir arbeidskrevjande prosess var meiningsfortettinga der informantane sine utsegner skulle bli til kortare formuleringar (Kvale, 1997). Utfordringa bestod seg i å klare å uttrykke det temaet som dominerte i informantane sine meininger så klart og enkelt som mogleg. Eg prøvde å lese transkripsjonane på ein så lite forutinntatt måte som mogleg og vidare tematisere meininga frå informanten sin synsvinkel. Vidare såg eg meiningsseininga i forhold til målet med oppgåva og stilte meg sjølv spørsmål om «kva betyr dette for surfarane sin motstand mot surfe forbodet?» Seinare gjekk eg inn att i transkripsjonane og plukka ut sitat som eg mente var spesielt dekkande for meiningsseininga i dei ulike einingane. Oppgåva gjer bruk av ein kombinasjon av meiningsfortetting og direkte sitat. I den meiningsstolkande fasen av arbeidet gjekk eg lenger enn å berre strukturere tekstane (Kvale, 1997). Målet var her ein djupare tolking av teksten og dette medførte naturleg nok tekstutviding. Her brukte eg teoretiske

omgrep for å rekontekstualisere utsegnene i ein omgrepssmessig samanheng. På bakgrunn av dette bygde eg etter kvart opp ei forståing for surfarane sine meininger.

I oppgåva er resultat, analyse og tolking presentert i lag. Eg har delt oppgåva inn slik at surfarane sine reaksjonar som er knytt til surfing og bølgjene er i eit kapitel, medan tematikken som er knytt til forvaltninga og forbodet er i eit kapitel. I begge kapitela drøftar eg og belyser empirien min ved hjelp av tidlegare forsking og teoretiske omgrep.

Generaliserbarheit, reliabilitet og validitet

I dette avsnittet vil eg gjere ei vurdering av kvaliteten på forskingshandverket og det metodiske handverket som denne oppgåva har gjort bruk av. Hensikta med dette er å demonstrere ei fagleg bevisstheit rundt konsekvensen av dei metodologiske vala som eg har føretatt.

Eit viktig spørsmål i den samanhengen er kor vidt funna er generaliserbare. Kvale (1997) skriv at kvalitativ generalisering særleg har vore diskutert i samanheng med kasus-studie. Spørsmålet som då dukkar opp er om surfarane sine reaksjonar på surfeforbodet kan fortelje oss noko om kva kan komme til å skje i ein liknande situasjon. Flyvbjerg (2006, s. 147) diskuterer bruk av kasus-studie som forskingsstrategi og argumenterer for at ”det gode eksempelets makt” er undervurdert som kjelde til vitskapleg utvikling samanlikna med formell generalisering. Han skriv at eit reit skildrande case utmerket kan inngå som ein metode for å samle viten. For å kunne generalisere funna i denne oppgåva vil eg gjere bruk av det som Kvale kallar analytisk generalisering, som involverer ei grunngjeven vurdering av i kor stor grad funna kan brukast som rettleiing for kva som kan komme til å skje i ein annan situasjon. Her blir det generaliseringspåstandane basert på ein assertorisk logikk der oppgåva presenterer spesifikke bevis og gjer argumenta eksplisitte slik at det vert opp til lesaren å sjølv vurdere generaliseringa si haldbarheit (Kvale, 1997).

Oppgåva sin statistiske generaliserbarheit (Kvale, 1997) er relevant å vurdere i forhold til at utvalet av intervjupersonar i denne oppgåva besto seg av berre seks surfarar. Dette forholdsvis låge talet kan ikkje seiast å gje representative data i kvantitativ forstand. Men Ryen (2002)

skriv at hensikta med kvalitative intervju er ikkje å bringe fram statistisk generaliserbar kunnskap slik som i kvantitative analyser, men å oppnå tilgang til handlingar og hendingar som er relevante i forhold til problemstillingane. Ho skriv vidare at det er den enkelte intervjuperson sitt syn på verda som er det sentrale og ikkje kor mange som ser verda likt eller forskjellig. Det er altså ikkje tal på intervju, men kvaliteten på den informasjonen intervjeta gir. Det er nettopp den store styrken til intervju som metode i kvalitative studie at ein får moglegheit til å gå djupt inn i det enkelte intervjuet. På bakgrunn av dette har målet mitt vore å bruke lang tid på relativt få intervjupersonar, heller enn å bruke lite tid på mange.

At eg valte å berre bruke seks informantar har sjølvsagt samanheng med ei masteroppgåve sitt omfang. Men det har også samanheng med at Kvale (1997) skriv at ein skal intervjuer så mange personar som er nødvendig for å finne ut det ein treng å vite. Eg følte veldig tidleg at eg nådde eit mettingspunkt. For meg framstod miljøet som relativt einsarta og det var etter mitt skjønn små skilnadar i oppfatning av surfing og surfeforbodet. Eg prøvde å finne informantar ved å gå gjennom ulike miljø, men samstundes kan også min bruk av snøballmetoden ha gjort at eg til ein viss grad opererte innanfor same klikken. På den andre sida er surfemiljøet såpass lite at det er få surfarar som er ”utanfor” dette miljøet. I tillegg til intervjeta hadde eg sakspapira og eg hadde internasjonal litteratur som eg kunne støtte meg på. Det er mogleg at det finst surfarar som har heilt andre oppfatningar, men desse klarde eg aldri å spore opp. Så kor vidt synspunkta som kjem fram i denne oppgåva er generaliserbare for alle som surfar på Jæren er uvisst. Målet med oppgåva er då heller ikkje å sjå på kva alle surfarane meiner om forbodet, men på kva det er som ligg bak motstanden til dei som faktisk reagerer.

Ryen (2002) skriv også at det er ikkje berre storleiken på utvalet som påverkar det ikkje-sannsynlege utvalet, men også samansettninga. Intervjupersonane i denne oppgåva representerer ikkje eit tilfeldig utval, tvert i mot så vart dei handplukka etter gitte kriterie som er skildra tidlegare i metodekapitelet. Ryen skriv at for å unngå å få eit for stort materiale bør ein velje informasjonsrike intervjupersonar og heller lage og konstruere eit utval på bakgrunn av gitte variablar. For å oppnå dette sette eg som kriterie at informantane skulle ha kjennskap til saka og samstundes som eg la inn demografiske variablar. Av ulike grunnar lukkast eg berre delvis med dei sekundære kriteria. Grunnen til det var at eg i blant anna primerkriteria mine allereie hadde lagt nokre føringar. Eg oppdaga etter kvart at for at ein intervjuperson skal ha kjennskap til og engasjement for surfeforbodet betydd dette indirekte at surfaren hadde surfa

eller surfa fortsatt på dei forbodne lokalitetane. Men å surfe desse bølgjene er ikkje for kven som helst, og dette gjorde dermed at det berre blei erfarne og dyktige surfarar som stod igjen som informantar. Dette betydde igjen at dei måtte ha surfa ein del år og dette trur eg er grunnen til at eg ikkje fekk veldig unge surfarar som informantar. Eg lukkast heller ikkje med å finne eldre surfarar. I følgje Langseth (2012b) så er den sannsynlege snittalderen på norske surfarar mellom 20 og 30 år. Slik sett er eg innanfor «normal» alder på informantane, og fleire av dei kan i denne samanhengen sjåast på som «godt vaksne». Ei anna utfordring knytt til dette kriteriet er og at ved å søke etter engasjerte surfarar så har eg berre fått tak i samfunnsengasjerte personar og spørsmålet er om desse har spesielle synspunkt som representerer ei viss gruppe. Det kan og hende at dei som sa seg interesserte i å delta i prosjektet også høyrer til ei spesiell gruppe og at eg på denne måten berre har fått tak i informantar med spesielle forståingshorisontar og meiningar. Men fordi det ikkje har noko hensikt å intervju informanter som ikkje kjenner til surfeforbodet i det heile og fordi det er umulig i tvinge personar til å stille opp, så hadde eg i denne samanhengen ikkje så store valmoglegheiter. Når det gjeld kjønnsperspektivet i informantutvalet mitt så er dette veldig skeivt. Berre ei av informantane er kvinne. Det som kan forsvare dette utvalet er at surfarar stort sett er menn (Langseth, 2012a) slik at kjønnsfordelinga blant informantane truleg representerer kjønnsfordelinga blant surfarar generelt. Når det gjeld jobb- og utdanningsbakgrunn så oppnådde eg i stor grad eit variert utval. Ut i frå dette vurderer eg at eg lukkast med primærkriteria, men at primærkriteria blei litt meir tilfeldig. Samla sett hadde eg kanskje gjort andre funn om til dømes utvalet hadde vore mykje større eller om eg hadde brukt andre, og fleire kvinnelege surfarar, og hatt eit større sprik i alder.

Punkta som er nemnt over har og konsekvensar for validiteten til oppgåva. Spørsmålet ein då stillar er om observasjonane reflekterer dei fenomena eller variablane som ein ynskjer å vite noko om (Kvale, 1997). Dette er eit spørsmål er viktig gjennom heile forskingsprosessen. For det første meiner eg at mitt bevisste val av intervupersonar er med på i sikre oppgåva sin validitet. Eg ser på Informantane mine som dei som best kan hjelpe meg å svare på oppgåva sine problemstillingar. Det ligg likevel eit etterhald i forhold til produksjon av ein eventuell ugyldig forståing, (Kvale, 1997) der intervupersonen kan ha ei inadekvat oppfatning om den sosiale verkelegheita. Kanskje kan førestillingane til intervupersonane vere overdrivne eller forvrenge. Konsekvensane av dette vil jo gje eit lite sannferdig bilet av saka, men på den

andre sida meiner eg at hensikta med oppgåva mi er å skildre oppfatninga av verda til intervjugersonane og slik som dei tolkar denne, uansett om denne har hold i verkelegheita eller ikkje (jamfør avsnittet om hermeneutikk).

Informanttrianguleringa som eg har brukt har gjort det mogleg å skaffe til veie eit nyansert bilet av konflikten. Ved at eg har gjort bruk av både intervju og gått gjennom dokumenta i saka, metodetriangulering, har og gyldigheita til oppgåva vorte betra. Det vidare metodiske arbeidet med bruk av intervjuguide, opptak av intervjeta og med ein gjennomtenkt og transparent strategi for transkribering, meiner eg og er med på å betre validiteten. Bruk av sitat i analysen gjer at leseren får innblikk i råmaterialet og dermed sjølv får innblikk i informantane sine utsegner. Slik sett fungerer sitatbruken, slik eg ser det, som ein viktig valideringsfaktor, fordi tolkingsleddet mellom intervjugersonen og leseren vert mindre. I tolkingsfasen blir den kommunikative validiteten forsøkt sikra gjennom diskusjonar av motstridande påstandar (Kvale, 1997) frå intervjugersonane. Gjennom ei hermeneutisk tilnærming prøvar eg å sikre at tolkingane er så gyldige som mogleg

Eit anna kvalitetskriterie i kvalitativt arbeid er ei oppgåva sin pålitelegheit, eller reliabilitet. Denne bør vurderast i fleire stadium av undersøkinga (Kvale, 1997). På intervjustadiet har oppgåva gjort bruk av ein relativt strukturert intervjuguide som blant anna hadde til hensikt å unngå problemet med ledande spørsmål. Intervjuguiden vil gjere det lettare å reproduksjonar gjennom nye intervju. Ryen (2002) skriv at møtet mellom intervjuar og intervjugerson uansett vil vere ein sosial situasjon som vil påverke korleis intervjugersonane reagerer og på innhaldet i responsane. Dette er ikkje til å unngå. Denne vil vere vanskeleg å kopiere frå det eine intervjuet til det neste. Alle intervjeta vart tatt opp og det vil dermed eksistere verbale versjonar av det intervjugersonane har sagt og ikkje berre min rekonstruksjon av utsegnene (Ryen, 2002). Transkripsjonsreliabiliteten har blitt forsøkt auka gjennom ordrett transkribering og bruk av transkripsjonssymbol for å gjere skilnaden på det munnlege og det skriftlege minst mogleg.

Eg har no gått gjennom denne studia sine svake sider metodisk sett og tatt føre ein del viktige aspekt ved dette. I etterpåklokskapens lys ser eg sjølvsagt ting som eg kunne gjort betre. Ei svakheit ved den handverksmessige kvaliteten til denne oppgåva er sjølvsagt mi

manglande erfaring som forskar generelt. Men eg har prøvd å kompensere for dette gjennom å vere kritisk til eige arbeid for blant anna å motverke selektive forståingar og skeive tolkingar. Eg har gjennom å prøve å gjere arbeidsprosessen mest mogleg transparent for leseren prøvd å sikre den intersubjektive reproducirbarheita av både datainnsamling, behandling og tolking. Kvalitative arbeid av denne typen kan nok likevel bli skulda for å vere subjektiv realisme, der alt kan bety alt (Kvale, 1997), men eg har ved hjelp av dette kapitelet gjort greie for korleis eg har prøvd å unngå dette. På bakgrunn av denne diskusjonen vurderer eg det til at metodane eg har brukt er pålitelege og gyldige, med dei etterhalda som eg har nemnt over.

6. Surfarar om surfing

Kalland & Rønnow (2001, s. 16) skriv at mange konfliktar som omhandlar vern og bruk av natur er ført i eit vitskapleg språk på grunn av naturvitenskapen sin legitimitet, og at vitskapleg rasjonalitet og språkdrakt er det einaste som kan gje argumenta gyldigheit og dei einaste som vert tatt alvorleg i dei nødvendige fora. Men dei skriv vidare at ofte er det slik at konfliktane berre tilsynelatande dreier seg om naturvitenskaplege fakta og at ideologisk betonte og følelseslada argument vert underkommunisert sjølv om det kan vere desse som er dei viktigaste grunnane til konflikten. På bakgrunn av dette er det altså relevant å studere både aktørane sine vitskaplege argument og dei meir affektive og emosjonelle sidene ved ei konflikt. Denne oppgåva set seg føre å belyse begge desse aspekta av denne saka sett frå surfarane sin ståstad. I denne saka vert det både i media og i sakspapira kasta «saklege» argument fram og tilbake mellom partane og surfarane sin argumentasjon forheld seg til forvaltninga sine vitskaplege argument. På overflata kan det derfor virke som om denne konflikten berre handlar om at forvaltninga og surfarane har ulikt syn på kor vidt bølgjesurfing skremmer fuglane eller ikkje, og korleis dette går an å bevise den eine eller den andre vegen. Denne saka handlar sjølvsagt om dette og surfarane sitt forhold til forvaltninga og til vitskapleg kunnskapsproduksjon skal vi komme inn på i kapitelet «surfarar om forbodet». Men hensikta mi med dette prosjektet er å vise at denne saka også handlar om noko meir enn ulik kunnskap om det same fenomenet. Oppgåva vil grave litt grundigare i problematikken og sjå nærmare på kva denne konflikten *eigentleg* dreier seg om for surfarane sin del og sjå på kva det verkeleg er som gjer at surfarane er motstandarar av forbodet.

Eg vil derfor først sjå nærmare på surfing og bølgjene si betyding for surfarane og sjå om motstanden kan forståast ut i frå dette. Eg vil ut frå dette prøve å forstå den opplevingsmessige basisen for surfarane sin motstand mot forbodet. Eg vil skaffe meg eit innblikk i surfarane sin verden og studere korleis dei forstår forbodet med utgangspunkt i deira opplevingar, erfaringar og levd liv. Eg vil undersøke surfarane sine interesser, kunnskapar, ferdigheiter og emosjonar knytt til surfing og til dei lokalitetane som har blitt underlagt surfeforbodet. Håpet er at det skal komme fram i lyset kva som er grunnlaget for mentaliteten til surfarane og å male eit bilet over korleis dei tenker. Å undersøke dette er interessant fordi surfarane sitt engasjement spring ut i frå den emosjonelle referanseramma

som vert mobilisert ved provokasjonen som forbodet utgjer. Etter mitt syn vil surfarane sitt sterke engasjement framstå som ufullstendig ved å ikkje vektlegge desse opplevingskvalitetane som er knytt til surfing fordi det er her at motivasjonen som grunnlaget for argumentasjonen ligg og det er her grunnlaget for motstanden ligg. Hovudfokus blir dermed på surfarane sitt forhold til surfing og til dei forbodne bølgjene og det er dei personlege opplevingane og oppfatningane til informantane som denne delen av oppgåva kjem til å bygge på.

Surfarane

For å få eit bakteppe for empirien er det nødvendig å vite noko om informantane. Utvalet mitt består av seks surfarar, fem menn og ei kvinne, som er frå slutten av 20-åra til byrjinga av 40-åra. Dei har surfa i 5, 8, 18, 22, 22 og 26 år og oppgjer at dei surfar grovt rekna opp mot 100-150 dagar i året³⁶. Alle informantane bur i dag i Rogaland. Fire av dei er lokale, medan to flytta hit og blei verande på grunn av surfemogleheitene. Fire informantar er etablert med familie. I forhold til utdanning er ein av surfarane student, tre har høgare eller lågare grad av universitets- eller høgskuleutdanning, ein har yrkesfagleg utdanning og den siste surfaren har vidaregåande utdanning. Alle informantane er i arbeid utanom studenten.

For å få prøve å få forståing for surfarane sin motstand mot forbodet så skal vi altså starte med å skaffe oss eit innblikk i surfarane sitt forhold til surfing og bølgjer.

Bølgjer med meinung

Stig: *Kor lenge er det du har surfa?*

Geir: *Sidan '92. Då kjøpte eg første surfebrettet. Første gang eg prøvde det var i '88-'89 eller noko sånt. Så det har vore heile oppveksten min.*

Stig: *Så då var du sånn 12?*

³⁶ På spørsmålet om kor mange surfedagar informantane hadde i løpet av eit år svara ei surfar at ho surfar 150 dagar i året, ei 3-4 dagar i veka gjennom heile året, ei 10 dagar i månaden i snitt, ei 20 gongar kvar vinter og mykje om sommaren og to har ikkje oversikt, men begge har ordna jobbforholda slik at dei kan surfe på dagtid, så det er sannsynleg at talet er ganske høgt.

Geir: *Første surfebrettet når eg var 12 år ja.*

Eg trur at eg surfar, i periodar surfar eg gjerne seks til sju dagar i veka, mens andre periodar så er det ingen. For det kjem jo an på bølgene, men eg vil tru sånn gjennomsnittlig på ein god sesong surfar eg kanskje tre til fire dagar i veka, i løpet av heile året. (Anne).

Vi ser her Geir sin skildring av oppveksten hans der han begynte å surfe som tolvåring, og vi ser også Anne fortelje om henna aktivitetsnivå i forhold til surfing. Som vi har sett så surfar informantane grovt rekna opp mot 100-150 dagar i året og dei har i gjennomsnitt surfa i 17 år. Alle informantane har altså noko som kan sjåast på som eit høgt aktivitetsnivå der dei har brukt og brukar fortsatt mange dagar av livet sitt på surfing. Dette vedvarande og gjentekne praktiske engasjementet med bølgjene har gjort at surfarane har utvikla ferdigheiter, kunnskap og kompetanse som har blitt kroppsleggjort og danna ein surfe-*habitus*³⁷ (Ford & Brown, 2006, s. 124). Som vi hugsar frå teorikapitelet så er habitus før-refleksive kroppsleggjorte disposisjonar som gjer at ein instinktiv veit korleis og kor tid ein skal handle. I dette ligg det sjølvsagt kroppslege ferdigheiter i form av auka ferdighet i bølgjene, men også kunnskap om ver og vind, kunsten å lese værmeldingar og bølgjevarsel, kunnskap og kompetanse om utstyr, samt å lære seg kodar, språk og andre ting som høyrer surfekulturen til. Å utvikle seg til ein dyktig surfar med dei kvalitetane som er fundamentale i surfing tar lang og er krevjande både i forhold til tid og innsats, men etter kvart som den praktiske utøvinga føregår over tid vil surfarane utvikle seg. Ved å stadig oppsøke ulike bølgjer på ulike tidspunkt vil ein surfar bli stadig dyktigare, og bølgjene vil etter kvart påverke og utvikle kroppane, og dermed habitusen, slik at surfaren får auka evna til å kjenne igjen ulike surfe-forhold. På denne måten kan ein snakke om at kroppen blir *a surfed body*, ein surfa kropp (Ford & Brown, 2006, s.125).

Vi ser altså at surfarane har heldt på med aktiviteten ofte og i mange år. Ein naturleg veg vidare no er å undersøke kva det er som gjer at surfarane fortset å surfe år etter år. Vi skal no

³⁷ Habitus-omgrepet skal vi komme nærmare inn på seinare i oppgåva.

vidare sjå nærmare på kva det er som driv surfarane, og undersøke kva det er dei jaktar på dag etter dag, år etter år. Erik svarar slik på spørsmålet om kva han jaktar på:

Det er den, det er den tanken på å gå glipp av den beste dagen. Du vil aldri gå glipp av den. Så derfor er du der hver dag! Når det er bølger. (...) Og helst få med deg alle dagene kor det er relativt bra surf. Det er bare den følelsen av å, være ute der i elementet, i sjøen og, få den eine eller dei to- tre kanskje superbølgene som gjør dagen din, heile uka kanskje. Som gir deg eit skikkelig kick da. (Erik)

Erik fortel her om kva som gjer at han dag etter dag tek turen ut langs Jærstrendene i ei evig jakt på det han kallar superbølgjer. I surfekulturen generelt lever det også ei myte om at det skal eksistere ei perfekt bølgje og det er denne mange jaktar på (Ford & Brown, 2006, s. 78). Men dei fleste dagane for ein surfar er prega av dårlige surfeforhold. Mesteparten av tida er bølgjene for små, for rotete eller så øydelegg vinden bølgjene. Dette vil seie at dei verkeleg gode dagane med gode forhold er det langt mellom og dette er ikkje noko sin surfar opplever veldig ofte her til lands. Dette gjer gode dagar og gode bølgjer svært ettertrakta. Tilgangen på kvalitetsbølgjer er derfor kjerna i surfarane si jakt. Kampane på surfefeltet handlar derfor om dei gode bølgjene, eller superbølgjene som Erik kallar dei. Det er desse bølgjene som gjer surfinga meiningsfull og som gir surfarane ein retning på tilværet. Surfarane sine erfaringar med bølgjene gjer at dei utviklar «*a feel for the game*» (Bourdieu, 1990, s. 66) og gjer at surfarane får ein sans for superbølgjene. For surfarar som er fanga av dette spelet er jakta på superbølgjer både fornuftig og rasjonelt (Bourdieu, 1990, s. 67). Surfarar er derfor alltid i ei evig jakt på surfeopplevingar³⁸ og dei vil oppsøke den beste surfen dei kan få. Vi skal no vidare sjå på kva det er desse superbølgjene gir ein surfar. Erik og Terje kommenterte dette om temaet:

³⁸ Gurholt (2010) meiner at omgrepet oppleving kan knytast mellom anna til ein person sine umiddelbare inntrykk som uttrykker heilheiter av meinings. På denne måten blir oppleving eit uttrykk for subjektiv erfaring. Omgrepet står for intense augneblink av følt subjektiv eksistens som tillèt personen å vere kjenslemessig fristilt historiske og materielle vilkår i eit avgrensa tidsrom.

Men sånn følelsesmessig, det er vanskelig å forklare følelsen ved det. Det er bare lykke! ((Ler)) Når du kommer hjem og tenker yes, der fekk eg den, kanskje den eine dagen heile året kor det skjer, (...) Så når du får den eine, kanskje dei to dagane i løpet av eit heilt år, og du faktisk klarar å treffe, da er du lykkelig. Lenge. (Erik)

Men det er jo gjerne sånne dagar som du gjerne legg på harddisken. Ein sånn bon-bon som du sug på lenge på etterpå. Som du hugsar, og du snakker om, ikkje sant, det set seg på netthinna, og det set seg i deg. Og du lever litt på dei dagane, for det er det du håpar på at du skal få oppleve igjen. (Terje)

Erik beskriver altså surfeopplevinga med lukke og Terje fortel at dei store surfe-opplevingane er noko som set seg i han og som han håpar på at han skal på oppleve igjen. Ut i frå dette ser vi at opplevingsaspektet utgjer ei viktig side av surfing. Bourdieu (1990, s. 60) skriv at tidlegare opplevingar er spesielt betydningsfulle. Grunnen til det er at habitus stadig vil prøve å reproduksere dei objektive strukturane som produserte habitus. På denne måten er fortida til stades i ei falsk forventning om framtida der det eksisterer ein ikkje-uttrykt referanse til ei framtid som er innskriven i notida. Dette kjem av at habitus favoriserer opplevingar som forsterkar habitusen og dermed vil aktøren stadig oppsøke desse. Dette gjer at habitus igjen vil møte omstende som er i samsvar med dei som opphavleg forma habitusen og igjen oppsøke erfaringar som ytterlegare vil styrke habitus sin disposisjon. Desse opplevingane gjer at surfinga vert meiningsfull og gir dermed surfarane ein retning på tilværet og store surfeopplevingar gir på denne måten ei tilfredsstilling som forsterkar habitusen til surfarane (Ford & Brown, 2006, s. 126). Og med ein forsterka surfe-habitus vil surfarane fortsette å oppsøke surfing og store surfeopplevingar. Surfarane vil altså stadig prøve å reproduksere dei tidlegare opplevingane og surfarane får dermed forventningar til at framtidige surfeøkter skal fortsette å gje store opplevingar. Det er dette som gjer at Terje seier at gode dagar i bølgjene er noko som set seg i han og at dette er noko som han håpar at han skal på oppleve igjen. Ein slik forsterka disposisjon gjer dermed at den evige jakta på dei gode bølgjene fortset. På denne måten gjer ei stor surfeoppleving eit håp om at neste surfeøkt skal verte (minst) like bra som den siste og slik fortset den kontinuerlege jakta på dei beste bølgjene.

Vi skal no gå nærmare inn på kva desse resonnementa har med forbodet på Jæren å gjere, og vidare sjå på korleis dette kan vere med på å forklare surfarane sin motstand mot forbodet.

Terje fortel dette om dei forbodne bølgjene på Kvassheim og Svinestien:

[Kvassheim og Svinestien] er rosinen i pølsa. Det er dei plassane kor du kan føle at du er i utlandet, på ein måte. Det er eksotiske plassar i Norge. Medan alt anna er veldig middelmådig. Dei har ikkje dei kvalitetane som desse plassane har. (Terje)

Alle surfarane poengterer at det er spesielle ting med topografi, vind og bølgjeretning som gjer at Kvassheim og Svinestien er unike og at bølgjekvaliteten for surfing blir så bra. Det kjem fram at Kvassheim og Svinestien har «riktig» vinkel mellom retning på dønning og rev og «riktig» helling på botn og i tillegg til dette er det ei gunstig skjerming frå dominante vindretningar som gir særeigne kvalitetar. I boka «the Stormriderguide Europe – The Atlantic islands» (Sutherland, 2007, s. 3), som gir ei oversikt over dei beste surfespottane i Europa, står Svinestien omtalt som ein av dei få plassane på Jæren som kan bli vurdert til å vere i verdsklasse og at Kvassheim, til liks med Svinestien, er juvelen i krona på Jæren. Ut i frå dette er det mogleg å forstå at Kvassheim og Svinestien har særeigenheiter som gjer at bølgjekvaliteten vert så mykje betre enn på dei andre bølgjene på Jæren.

Ut i frå dette ser vi at surfing er avhengig av spesifikke geografiske lokalitetar og er dermed ein veldig lokalitetsavhengig aktivitet. Å surfe er ikkje noko ein kan gjere over alt og dei verkeleg gode lokalitetane er det langt mellom. I tillegg er det for ein surfar ein viktig samanheng mellom dei utfordringane som bølgja gir og surfaren sitt eige ferdighetsnivå³⁹. Dersom surfinga blir for lett, eller kvaliteten på bølgjene for dårlig, så blir surfinga meiningslaus, og surfaren får ikkje den opplevinga som ho er ute etter. Ut i frå dette ser ein at forvaltninga sitt argument om at surfarane har jo framleis tilgang på så mange andre lokalitetar å surfe på fell på si eiga urimelegheit for surfarane. Surfarane sine krav til opplevingar vert ikkje oppfylt på desse andre lokalitetane og er i surfarane sine auge «bading med brett». For å få dei gode og meiningsfulle opplevingane så stiller surfarane strenge krav

³⁹ Ein teori i psykologien som skildrar denne tilstanden av ei optimal oppleving i skjeringspunktet mellom ferdighet og vanskegrad er kjent som «flow» eller «flyt» på norsk (Csikszentmihalyi, 1990).

til kvalitet og dei har spesifikke forventningar til korleis opplevinga skal vere. Og sjølve opplevinga, etter det vi har avdekkja så langt, er jo det som er sjølve hensikta med surfing. Dersom kvaliteten ikkje er god nok, så har det heller ikkje noko hensikt å surfe. Ut i frå dette så ser vi at for informantane så er Kvassheim og Svinestien det som utgjer dei viktigaste bølgjene på Jæren som gir dei dei opplevingane som dei er på jakt etter.

Det er altså ein nær samanheng mellom det meiningsfulle med surfing og tilgang på dei beste bølgjene. Den sterke tilfredsstillinga dei har hatt på Kvassheim og Svinestien får dei ikkje andre stadar. Dei beste og dei meiningsfulle opplevingane skjer berre i dei beste bølgjene. Og det er desse som har blitt tatt frå surfarane. Etter at forbodet blei etablert så har dette stått i vegen for tilgangen på superbølgjer, og draumen om å igjen få oppleve den sterke tilfredsstillinga dei får av dei gode bølgjene blei knust av forbodet. Forbodet utgjer dermed ein trussel mot kampane på surfefeltet, som omhandlar tilgangen på dei beste bølgjene, det utgjer ein trussel mot det meiningsfulle ved surfinga og den gode opplevinga. Forbodet gjorde rett og slett surfinga meiningslaus. Så langt så ser vi at dette er ein av grunnane til at surfarane er motstandarar av surfeforbodet. Surferane sin motstand kan derfor sjåast på som ein reaksjon på at forbodet står i vegen for kampane på surfefeltet. Når forbodet blei oppretta så stod surfarane i ein situasjon som dei ikkje hadde valt sjølve, og dei var tvungne til å slutte med surfinga på Kvassheim og Svinestien eller ulovleg surfing. Den einaste måten å reprodusere dei store opplevingane på er ved å surfe ulovleg. Berre slik kan dei få oppleve lukke, få opplevingane som set seg på netthinna og få *"kicket"* som informantane snakkar om. Det er berre slik dei kan få oppleve superbølgjene og sjå fram til neste surfeøkt. Surfarane har brukt så mykje tid på aktiviteten og surfinga set så djupt i dei at disposisjonane og trøngen for å surfe er så sterke at å fortsette å surfe er einaste utveg, sjølv om dette betyr at dei må bryte lova.

Surfing, ferdighet og status

Fram til no har vi sett på surfarane sine opplevingar ved surfing og at nemningar som glede og lukke er viktige stikkord. Vi skal no sjå vidare på om surfing kan ha fleire sider ved seg enn dette. Geir forklarar kva surfing er for han:

Sånn som surfing blir for meg så handlar det om å prestere, altså, perfeksjonist på ein måte. At triksa blir betre og betre. At eg gjer dei meir og meir kritisk, og at eg kan linke forskjellige triks. Mens før så var det å berre stå på bølga og gli. Men den tida er femten år sidan, nå er det liksom å prestere mest mulig. Det er ein veldig egoistisk sport for å seie det sånn då. Og du har berre lyst, å utvikle deg og bli flinkare i det du gjer. (Geir)

Geir legg tydeleg vekt på at surfing for han handlar om prestasjonar og ferdighet. Dette gjeld og fleire av dei andre informantane. Surfing vert og omtala som sport blant mange av informantane. At informantane er aktive i konkurransar er og med på å illustrere ferdigheitsperspektivet. Litteraturen (til dømes Ford & Brown, 2006; Booth, 2003) skil surfing i to kategoriar der den første går under nemninga «soul-surfing» og er kjenneteikna av oppleveling, leik, rekreasjon og naturkontakt. Den andre kategorien, konkurrancesurfing, er kjenneteikna ved konkurransar, ferdigheitsfokus og kommersialisering. Desse kan sjåast på som to sub-felt på surfefeltet (Ford & Brown, 2006). Vi skal no sjå nærmare på denne ferdigheits- og konkurranseorienterte sida av surfinga og sjå på om denne sida kan hjelpe til med å forstå surfarane sin motstand mot forbodet. Vi skal no vidare sjå på kva Kvassheim og Svinestien betyr i den samanhengen. Geir var ein av dei med eit sterkt prestasjonsfokus på surfing og han forklarar sitt forhold til ferdighet og dei forbodne bølgjene slik:

Eg har jo surfa konkurransar og, på ein måte, vore skikkeleg flink i dette her. Og viss eg ikkje hadde surfa dei bølgene som er ulovlege, så hadde eg ikkje hatt sjans, på ein måte. Altså fotomessig og konkurransemessig. Så hadde eg ikkje klart å oppnå noko. (Geir)

Vi ser her altså at Geir vektlegg kvalitetane ved bølgjene i ein sportsleg samanheng og ein prestasjonssamanheng og det kjem fram at dei ulovlege bølgjene er viktige i den samanhengen. Det vert jamnleg arrangert surfekonkurransar rundt omkring i landet og mange surfarar reiser rundt og deltek på desse. Dette kan vere mindre konkurransar eller norgesmeisterskap. Norske surfarar reiser og utanlands og er med i internasjonale tevlingar. I alle desse konkurransane er det tydelege rangeringar av deltakarane og det vert veldig synleg kven som er betre enn andre og ikkje minst kven som er den aller beste. Å bli kåra til den

beste er jo som i all idrett og sport det som heng høgast og er sjølvsagt ein ettertrakta tittel. I surfemiljøet er det og blant mange viktig å kunne demonstrere ferdigheiter som er så gode at ein blir eit ettertrakta fotoobjekt. Dei dyktigaste surfarane og dei beste bileta blir trykt i surfemagasin og dei aller beste kjem på framsida og blir laga reportasjar om. Vi skal vidare prøve å forstå kvifor dette er viktig. Fram til no har vi definert surfefeltet og sett at det er superbølgjer surfarane kjempar om på surfefeltet. Men no skal vi sjå på om kampane på feltet i tillegg til dette dreie seg om noko meir. Langseth (2012a) brukar Bourdieu sitt omgrep *symbolsk kapital* for å beskrive kva kapital som er gangbar på surfefeltet. Symbolsk kapital er spesifikke kroppsleggjorte verdiar som er kjent og verdsett blant surfarar. Ein viktig form for symbolsk kapital er nettopp ferdighet. Å vere ein dyktig surfar med høgt ferdigheitsnivå er lett å kjenne att og er viktig i surfemiljøet. Ein surfar sine ferdigheiter blir veldig synleggjort og lett å legge merke til når ho vinn konkuransar eller kjem på trykk i eit surfemagasin. Ein surfar som kan demonstrere høge ferdigheiter oppnår derfor status og prestisje i surfemiljøet. Denne symbolske kapitalen gir ulike surfarar ulike posisjonar i hierarkiet ettersom nokon surfarar utviklar og har høgare ferdighet enn andre. Ein høg posisjon og høge ferdigheiter kan vil også kunne gi muligkeit til å konvertere den symbolske kapitalen til økonomisk kapital ved at ein blir oppdaga av sponsorar, slik at ein faktisk kan tene pengar på å surfe. På surfefeltet handlar det altså om å akkumulere og å vere innehavar av høge ferdigheiter. Høg ferdighet gir med andre ord ein dominerande posisjon og makt på surfefeltet og vil derfor vere ettertrakta symbolsk kapital blant surfarar. Wacquant (1998, s. 218) skriv at Bourdieu ikkje berre har fokus på individet sine forsøk på å akkumulere makt på feltet, men at individet er på konstant søken etter verdigheit og identitet. Ein eksistens i den sosiale verda betyr ulikheit og ulikheit betyr hierarki. At samfunnet har ein hierarkisk oppbygging medfører trøng for distinksjon og verdsetjing. Han skriv at det er berre gjennom å ha eit namn, ein funksjon og ein posisjon i ei gruppe at individet kan unngå «*the absurdity of existence*», det absurde ved tilværet. Å ha mykje symbolsk kapital på eit gitt felt skånar individet for tvilen om meiningsa med livet (Bourdieu, 1999, s. 249). Å ha ein plass i hierarkiet vil dermed gje ein surfar både ei meiningsa med livet og gi livet ein retning og moglegheit for å bli beundra, sett opp til og følelsen av å ha ein sosial posisjon. Sett i lys av dette vil høge surfeferdigheiter ikkje berre gje makt, men og gje ein surfar følelsen av å ha eit namn, ein posisjon, ein identitet og følelsen av å vere anerkjent i miljøet og i samfunnet.

Som vi hugsar frå det siste sitatet til Geir så meiner han at han ikkje hadde hatt sjanse til å kunne hevde seg i konkurransar og til å bli eit ettertrakta fotoobjekt dersom han ikkje hadde surfa på dei ulovlege bølgjene. Surfarane ser altså på Kvassheim og Svinestien som bølgjer som gir surfarane moglegheit til å utvikle og demonstrere ferdighetene sine. For å kunne hevde seg i konkurransane så er ein surfar avhengig av å ha tilgang på lokalitetar med spesifikke kvalitetar for å kunne trenre. For å dra ei samanlikning så er ein dyktig surfar som står utan kvalitetsbølgjer som ein alpin skikøyrar som berre kan trenre i barnebakken. Slikt blir ein jo ikkje verdsmeister av. Skal ein surfar ha moglegheit til å bli eit ettertrakta fotoobjekt så er det også viktig å ha tilgang på lokalitetar til å både trenre og som kan fungere som arena for «photosessions» og «lokaler» for fotografering. Dette medfører at dersom ein surfar skal kunne klatre i hierarkiet er ho helt avhengige av å ha tilgang på ein arena der ho faktisk kan demonstrere ferdighetene sine. Ein person som berre pratar om surfing, men som aldri surfar vil fort bli avslørt som ein bedragar og vil aldri kunne oppnå status i surfemiljøet. Det er berre gjennom å faktisk demonstrere ferdigheter på brettet at surfaren får bevise at ho har rett til å høyre til i gruppa eller har rett til å ha den statusen som ho har. Ein slik demonstrasjon kan sjåast på som eit *ritual* eller ein seremoni som har til hensikt å bevise at du er den du påstår å vere. Gjennom å vise dedikasjon, ferdighet og tru vil surfaren kunne oppnå status og bli anerkjent i miljøet. Men den einaste måten å oppnå ein posisjon på er gjennom å la seg bli vurdert av andre. Berre slik kan ein oppnå distinsjon og verdsetjing og klatre i hierarkiet. Men surfaren er heilt avhengig ein slik arena av for å kunne nå ut til eit publikum som kan kjenne att denne forma for kapital. Har surfaren ikkje tilgang på store bølgjer, vil ho heller ikkje kunne demonstrere ferdighetene sine store bølgjer. Sett i lys av dette vil tilgangen på desse bølgjene ha stor betydning for utvikling og moglegheit for å demonstrere ferdigheter. På denne måten kan Kvassheim og Svinestien sjåast på som eit vere eller ikkje vere i forhold til moglegheiter for å oppnå status som surfarar. Bølgjene vil dermed kunne sjåast på som «*places of prestige*» (Ford & Brown, 2006), eller bølgjer som gir moglegheit for prestisje og innflytelse. Kvassheim og Svinestien vil dermed vere sentrale i surfaren sin posisjon på feltet og gje kjensla av å ha eit namn, ein identitet og ein plass i hierarkiet. Vi skal no sjå på kva Geir seier om sin plass i nettopp dette hierarkiet:

Når du begynner å surfe, så er det eit hierarki her då. Som tar mange år å bygge seg opp i, liksom. Og der er jo, på ein måte, me på toppen. (Geir)

Vi ser her at Geir meiner at han (og ein del andre surfarar) er på toppen av hierarkiet. Vi skal no sjå på kva dette kan bety for surfarane sin motstand mot surfeforbodet. Kay og Laberge (2004, s. 158) skriv at Bourdieu meiner at strategien til dei som har dominerande posisjonar på feltet er konserverande strategiar. Dei er interesserte i at feltet sitt hierarki skal konserverast fordi dette er med på å oppretthalde deira posisjon på feltet. Ulovleg surfing kan ut i frå dette sjåast på som ein konserverande strategi der surfarane som surfar ulovleg kjempar for å oppretthalde sin dominerande posisjon i miljøet. Det er berre gjennom ulovleg surfing at surfarane fortsatt har tilgang på ein arena som er god nok til at dei kan behalde posisjonen sin. Det er her dei kan trenere og demonstrere ferdigheiter, det er her dei kan bevise at dei faktisk fortener å ha den statusen som dei har hatt i mange år. Det er her dei kan førebu seg til konkurransar og bli fotografert. Det er her dei kan bli sett. Ut i frå dette kan forbodet dermed sjåast på som ein trussel mot dei dominerande surfarane sin status på surfefeltet. Og som Bourdieu (1999, s. 250) skriv så finst det kanskje ikkje noko verre enn å tape i kampen om å få vere kjent og verdsett og å bli fråtatt kjensla av tilgang til ein sosial verdsett eksistens. Forbodet utgjer dermed ein trussel mot surfarane sin sosiale posisjon og surfarane står i fare for å miste det som gir livet retning. Viss dei gode surfarane mister muligheita til å demonstrere ferdighet så står dei i fare for å ikkje lenger bli etterspurt og dei endar opp med å vere betydingslause. I og med at dei forbodne bølgjene er blant dei viktigaste stadane på Jæren for å vise fram høge ferdigheiter så kan surfarane sin motstand mot surfeforbodet derfor forståast som ein kamp for å oppretthalde sin eigen status og som ein kamp for å oppretthalde posisjonen i hierarkiet og ein kamp for følelsen av å vere anerkjent som surfar.

At surfarane fortset å surfe kan altså ha samanheng med at desse spesifikke bølgjene kan knytast til at surfarane er avhengige av dei for å oppretthalde sin eigen posisjon. Tidlegare i oppgåva har vi og sett at surfing er noko som informantane brukar til dels veldig mykje tid på og set ganske høgt på prioriteringslista. Ut i frå dette så anar vi at surfing er langt meir enn ein hobby for informantane. Vi skal no gå nærmare inn på dette med surfing som ein del av surfarane sine liv og vi skal i det følgjande underkapitelet undersøke kva denne investeringa i surfing kan ha å seie for surfarane sin motstand mot surfeforbodet.

Surfing som livsstil⁴⁰

[surfing] betyr jo alt. Heile mitt liv er basert rundt det. Alle jobbene mine og alt er liksom, prøver eg å enten til å få sjefen min til å forstå at sånn er det, eg surfer. Og ein gang i blant kan det vere at eg kjem seint på jobb. Eller så må eg få ein jobb der eg jobber ettermiddager, og kan ha fleksitid eller noe sånt. (Erik)

Så eg måtte ta ein sånn middelvei då med den utdanninga som eg tok i «England» Og den tok eg og på ein plass kor det gjekk an å surfe. (...). Så eg studerte (...) med lykt og lupe, kva kunne eg bli (...) ((ler)), kor eg samtidig kunne surfe. (Terje)

Seinare fortel Terje at «[surfing] styrer jo interesser, venner, livet, kor eg bur hen, korleis eg legg opp løpet. Kor eg reiser hen når eg er på ferie og ja, det er mange sånne ting». Og: «[surfing] er ein del av deg. Det er jo livet på ein måte, det er ein del av kvardagen».

Her kjem det fram korleis Erik og Terje prioriterer og har prioritert opp gjennom for å ha moglegheit til å få surfa mest mogleg. Mange av informantane fortel om korleis dei har gjort aktive grep for å kunne ha ein livsførsel som gjer at dei har gode moglegheiter for å oppretthalde eit liv i bølgjene. Fem av informantane bur på Jæren spesifikt på grunn av surfing, og fleire har valt både utdanning og jobb basert på kor det er moglegheiter for å få surfe. Surfing er altså ein stor del av surfarane sine liv og aktiviteten har styrt og styrer fortsatt store delar av livet til surfarane. Surfarane har dermed gjort viktige prioriteringar og store investeringar i surfing (Bourdieu, 1990, s. 67,73). Ford & Brown (2006, s. 123) skriv at studiar av surfekulturen har vist at surfing er meir a "way of life", ein måte å leve livet sitt på, meir enn det er ein hobby. I følgje Ford & Brown (2006, s. 73) fann Williams i 2002 ut at 76

⁴⁰ Omgrepet livsstil blir i denne samanhengen forstått som at utøvaren har sterkt fokus på utøving og deltaking, og at ho brukar mykje tid på, og prioriterer aktiviteten høgt. Sentralt er også at sjølvrealisering, fornøyelse og hedonisme er viktig. For ein grundigare gjennomgang og diskusjon av omgrepet sjå Langseth (2012b, s. 16-17). Bourdieu brukar og omgrepet livsstil og definerer ei livsstilsgruppe ut i frå om gruppa eksempelvis innehar kulturell kapital (Wilken, 2008, s. 56-58). Å ha ein livsstil som surfar vil i denne samanhengen henge sammen med kapitalen der ein surfar med mykje tid til å kunne surfe, ha høg ferdighet osb. vil ha mykje kapital på surfefeltet.

% av surfarar som har surfa i meir enn 6 år ser på surfing som ein livsstil. Dette kan forståast ut i frå at logikken i surfing handlar rett og slett om å surfe. Surfing handlar om å få flest mogleg dagar med gode forhold og få flest mogleg superbølgjer som vi har vore inne på før. Men for å få til dette må surfaren planlegge livet sitt og tida si. I Noreg er den beste tida for surfing om vinteren og på denne tida av året er det avgrensa tid med dagslys. For å få den beste surfen må ein dermed ha fleksibilitet i livet nok til at ein kan stikke og surfe når det er gode forhold. Og kor tid det er gode forhold er vanskeleg å føreseia lang tid i førevegen, og dette gjer at surfarane alltid må vere klare til å stikke av garde på kort varsel. Ein surfar kan derfor heller ikkje ha for lang reisetid til bølgjene om ho vil sikre seg flest dagar med surf i løpet av eit år. Dette gjer at surfing kan få ein stor innverknad på andre delar av livet, som til dømes jobb og utdanning. Ford & Brown (2006, s. 77) skriv at ein habitus i surfing er dei mønster for mål og praksis som er med på å oppretthalde ein livsstil som surfar, og som gjennom gjentatt utøving reproducerer eit surfe- orientert liv. Denne habitusen dreiar seg om ein livsførsel som held ved like og opprettheld gleda over bølgjene. Dette er mogleg fordi habitus styrar åtferda og gjer at åtferda synast fornuftig og naturleg fordi den er tilpassa logikken på feltet (Bourdieu, 1990, s. 55-56), og i og med at surfing handlar om å til ei kvar tid ha tilgang på gode bølgjer styrer habitus surfarane sin livsførsel i denne retninga. Dei som strekker dette lengst, og prioriterer surfing høgast, kategoriserer Ford & Brown som (2006, s. 123) som *hardcore surfers*. Kjenneteikn på utøvarar i denne kategorien er at dei prioriterer surfing framfor det meste anna som både jobb og familie. Fleire av informantane i denne oppgåva vil kunne inngå i denne kategorien. Christensen (2001) har undersøkt ei anna gruppe med brettaktivistar, snowboardarar, og har funne ei heil ungdomsgruppe som har skapt ein eigen kultur med utgangspunkt i fritida. Han finn at det som tidlegare «berre» var ein fritidsaktivitet har av dei som investerer både tid og innsats utvikla seg til å bli eit heilt livsstils-konsept der levande engasjement, innsats, kompetanse og sjølvmediering er viktige element.

Informantane har altså innretta liva sine for å kunne surfe mest mogleg. Stebbins (1992) skriv at personar som oppnår ferdigheiter og kunnskap i ein aktivitet kan oppleve at aktiviteten stadig tar større og større del av eit individ sitt tilvære, heilt til individet er fullstendig oppslukt. I denne tilstanden så ser individet på det som i utgangspunktet var ein hobby som viktigare og viktigare og forfølginga av aktiviteten kan utvikle seg til å bli så systematisk at

det får ein svært sentral del av livet til utøvaren, og i mange samanhengar kan utøvinga bli viktigare enn jobben som ein har. Stebbins (ibid.) brukar omgrepet *serious leisure* når ein person prioriterer fritida si som medium for vidareutvikling og sjølvrealisering av individet heller enn gjennom yrkesutøving. Han definerer omgrepet som ei systematisk og vedvarande forfølging av ein aktivitet som er substansiell og interessant nok til at vedkomande vel aktiviteten sine spesielle uttrykk og ferdigheter som eigen karriereveg. Ei slik karriere er basert på betydeleg personleg innsats, og ferdighetene er som oftast oppnådd på eiga hand utanfor formelle utdanningsinstitusjonar. Fokuset på denne karrieren gjer at individet vil kunne stå ved aktiviteten gjennom tjukt og tynt, på tross av eventuelle truslar om fysiske skadar, kulde og liknande ubehag som utøvinga måtte føre med seg (Stebbins, 1992).

Ein livsførsel der ein prioriterer surfing før både jobb og utdanning er eit teikn på høg grad av dedikasjon. Å leve eit liv der ein set bølgjene i første rekke er høgt respektert og gir status i surfemiljøet (Ford & Brown, 2006). Gjennom å leve livet slik oppnår surfarane symbolsk kapital og status gjennom fritida si og ikkje, eller i mindre grad, gjennom utdanning og jobb. Surfarane sin status er derfor sterkt knytt opp til det å ha ein livsstil som surfar og det å vere ein surfar. Geir fortel om sitt forhold mellom jobb og surfing:

Når folk spør sånn typisk, viss eg blei invitert til dama sine kollegaer og dei andre spør: «kva er det du driv med då?» «Nei, eg surfar eg». «Men kva jobbar du med?» «Nei, eg prøver å finne all slags jobbar som kan forsørge surfinga»

Ut i frå Geir sitt sitat så er det tydeleg at han knyter kva han driv med opp til surfing og ikkje til jobb. Ut i frå dette går det an å sjå på surfing som eit eige karriereval (Ford & Brown, 2006). Det er jo sjølvsagt ikkje slik at ein surfar nødvendigvis må vere ein heiltidssurfar for at surfing skal kunne vurderast som ein eigen livsstil eller ei karriere. Surfing vil og kunne vere ei viktig karriere parallelt med eit tilnærma «normalt» liv med familie og jobb ved sidan av, men uansett vil surfekarrieren vere ein viktig del av surfaren sitt liv. For ein som har satsa det meste, eller til og med alt, på eit liv og ei karriere som surfar og som har meir eller mindre all symbolsk kapital og status knytt til surfing, vil stå igjen på bar bakke når bølgjene forsvinn. Ein surfar som i større grad har prioritert utdanning og ei karriere med omsyn til jobb vil jo kunne ha noko anna som vil kunne generere symbolsk kapital og status utanom surfinga, men

dette vil verte vanskelegare for ein som berre har satsa på surfing og såleis har lagt alle egg i same korga. Dette gjer vedkomande meir sårbar dersom den eine karrieren står på spel eller er trua. Sett i lys av dette kan surfeforbodet tolkast som ein trussel mot både ein livsstil og ei karriere som surfar. Dette vil særleg gjelde dei som meir eller mindre surfar på heiltid.

Surfarane kan jo i prinsippet oppretthalde surfekarrieren sin utan bølgjene på Kvassheim og Svinestien og det er ikkje slik at dei nødvendigvis må slutte med surfing på grunn av forboden. Men desse bølgjene utgjer kanskje dei viktigaste arenaene for framvising og demonstrasjon av ferdighet på Jæren og vil dermed vere viktige i den hierarkiske oppbygginga som karrieren og livsstilen er basert på. Det er i stor grad desse bølgjene surfarane har gjort eigne karrierar ut av og bygt opp livsstilen sin rundt. Det er her dei får utteljing for investeringane dei har gjort i surfing. Ein surfar som har brukta heile livet sitt på surfing og prioritert vekk andre delar av livet får ikkje utteljing for investeringane som ho har gjort viss ho ikkje får surfa lenger på dei bølgjene som karrieren er knytt opp til. Investeringane vil dermed vere bortkasta. Det blir som å ta ei utdanning der jobben ein blei lovt i etterkant ikkje lenger eksisterar. Det er bortkasta innsats, tid og pengar. Desse bølgjene vil derfor vere viktige i forhold til surfarane si surfekarriere og surfarane sin livsstilar nettopp fordi Kvassheim og Svinestien er dei bølgjene som substansielle og interessante nok til at dei er verdt å forfølgje for å bruke Stebbins (1992) sine ord. Statusen som føl med det å vere ein heiltidssurfar og å ha mykje tid og moglegheit til å surfe blir og heilt borte. Surfarane sin motstand mot surfeforbodet vil derfor kunne sjåast på som ein kamp for å oppretthalde ein livsstil og ei karriere som i stor grad kan knytast til Kvassheim og Svinestien. Investeringane som surfarane har gjort er for store til et dei berre kan verte gitt opp over natta. Slik sett kan ulovleg surfing vere ei fortsetting av ei jakt på ein livsstil og ei karriere som gir meiningsmed tilværet og status i miljøet og samfunnet, og det skal tydelegvis meir til enn eit surfeforbod for å stoppe denne jakta.

Surfing kan altså sjåast på som ein eigen livsstil og ei eiga karriere. For vidare å undersøke kor viktig surfing er for informantane i den samanhengen skal vi no sjå på korleis informantane ser på ein situasjon der dei ikkje får surfe og korleis det eventuelt måtte vere å gje opp surfekarrieren. Erik fortel dette:

Viss du ikkje får surfe på lenge, og bommar kvar gang du kjem ut, så før du akkurat høre at du skulle vert her før ein halvtime siden. Og neste gang skjer det igjen, og då

blir du berre surare og surare. Og gretten. Og når du då endeleg får ein god dag, så vil du ha alle bølgene sjølv. Så det er definitivt eit begrep som heiter surfemensen. Og det er, til og med konene våre sier at «nå må du komme deg ut og surfe», for dei merkar det på humøret. At vi begynner å bli sure og irritable.

Ut i frå dette forstår ein at når Erik ikkje får surfa så blir han sur og irritabel. Eit vidare spørsmål er korleis surfarane ser på ein situasjon der dei måtte ha slutt med surfing for godt. Ingen av informantane i denne oppgåva har sluttå å surfe, verken på grunn av forbodet eller noko anna. Men det kan likevel vere interessant å få vite noko om kva dei tenker om spørsmålet fordi svara kan seie noko om kva trussel forbodet utgjer i forhold til livsstils- og karriereperspektivet. Terje fortel dette frå eit år det var så därleg surf: «*Og det var eitt år me hadde heilt flatt. Og då endra du deg som person. For så mykje av tida di går normalt til det, og kjenner du at du får, det blir ein slags abstinens, du blir ganske sånn rastlaus*». Han svarar seinare dette på spørsmålet om korleis han hadde tatt det om han aldri fekk surfe meir: «*Men eg veit ikkje, hadde du vist at du ikkje kunne surfa fordi du hadde mista eit bein eller eitt eller anna sånt. Eg veit ikkje, det hadde sikkert gått det og på eit vis. Men det hadde vore ei tung omstilling*». Vi ser her altså at den vinteren det var så därleg surf så opplevde Terje ein tilstand der han endra seg som person og var ofte rastlaus. Han seier og at mangelen på surfedagar ga ein slags abstinens i suget etter å surfe. Han legg og vekt på at å ikkje få lov til å surfe meir heng saman med årsaken til at han hadde måttå slutte, men at det uansett hadde vore ei tung omstilling. Ut i frå svara til dei andre informantane og så kjem det altså fram at dette ikkje er ein situasjon som dei ser lyst på. Det ser altså ut til at det er knytt sterke negative emosjonar berre til tanken på å ikkje få surfe.

Duquin (2000) skriv at for sportsutøvarar er det ein nær samanheng mellom emosjonelle responsar og årsakene til at ein måtte slutte med ein sport. I tilfelle der ein utøvar sluttar frivillig med sporten kan dette opplevast som noko positivt. Utøvaren kan oppleve dette som gledeleg og situasjonen kan gje ein følelse av fridom. Men i tilfelle der sports-karrieren må avsluttast på grunn av ein brå og uventa årsak kan det oppstå heilt andre reaksjonar. Utøvarar som må slutte med sporten ufrivillig kan oppleve ein følelse av tap og tilstanden kan også medføre depresjonar. Det kan vere ein emosjonell tung prosess å plutselig ikkje ha moglegheit til å utøve sporten sin lenger for utøvarar som har ei sterk tilknyting til og

identifisering med sporten sin. Duquin (2000, s. 481) refererer til Kleiber og Brock og skriv at ein slik ufrivillig avslutning på karrieren kan framkalle ein følelse av ei avbroten livshistorie. Dette er ein prosess som kan påverke tilfredsheita med livet i mange år framover (*ibid.*). Dette kan forklarast med utøvarane sin innsats eller investeringane i sporten. Dei kvalitetane som kroppen tileignar seg gjennom ein sport representerer investeringar gjort i kroppen og Bourdieu (1990, s. 73) siterar Platon når han seier at det som kroppen har lært impliserer totale investeringar og djup emosjonell identifisering. Det vil derfor vere knytt sterke emosjonar til å ufrivillig måtte slutte med ein sport. Desse emosjonane som kan opplevast som ei personleg krise kan forklarast med at utøvaren sin habitus er tilpassa ei verd som ikkje lenger eksisterer (Bourdieu, 1990). Dette skal vi komme nærmare inn på seinare.

Når surfarane ser på surfing som (noko av) det aller viktigaste i livet så gjer det at det vil vere sterke emosjonar knytt til aktiviteten. Denne sterke identifiseringa med og tilknytinga til sporten gjer at det er mykje følelsar knytt til tanken på å ikkje få surfe. I følgje informantane har årsaken til at ein må slutte stor vekt, men ut i frå det Duquin skriv så vil nok opplevinga av ei avbroten livshistorie vere størst når ein må slutte ufrivillig og over natta. I denne samanhengen her så vil surfeforbodet representera ein trussel om ei brå og uventa avslutning på surfinga på Kvassheim og Svinestien. Som sagt tidlegare så vil ikkje surfarane måtte slutte med surfing totalt sett sjølv om Kvassheim og Svinestien forsvinn, men som det har blitt omtalt før så utgjer desse ein viktig del av surfekarrieren til mange. For surferane så gir berre nokre dagar eller ein sesong utan surfing sterke emosjonelle responsar. Mangel på surfing går ut over humøret og det oppstår abstinensliknande tilstandar. Ut i frå dette så ser ein at berre tanken på å ikkje få surfe virkar avskreckande og frykta for å måtte slutte ufrivillig er i høgste grad til stades. Ved å fortsette med ulovleg surfing så unngår surfarane heile problemstillinga. Ulovleg surfing gjer at dei ikkje får abstinensar eller därleg humør. Ulovleg surfing gjer at dei ikkje endrar seg som personar og blir rastlause. Dei slepp å få depresjonsliknande tilstandar som går ut over tilfredsheita med livet, og dei slepp å få kjensla av at livshistoria har blitt avbroten. Ved å fortsette å surfe på Kvassheim og Svinestien så opprettheld dei surfekarrieren si utan å bli avbroten av utanforståande faktorar som set karrieren og livsstilen i fare.

Bølgjene som territorium

Tidlegare i oppgåva har vi sett at surfing er ein veldig lokalitetsavhengig aktivitet. Surfing er ikkje noko som ein kan utøve over alt, ein er avhengig av heilt spesielle stadar med spesifikke kvalitetar. Informantane gir uttrykk for at Kvassheim og Svinestien er nettopp slike lokalitetar som gir surfarane det dei søker. Surfarane gir på bakgrunn av dette uttrykk for at dette gjorde at dei har utvikla spesielle forhold til desse bølgjene. På eit tidspunkt i samtala når vi snakka om Kvassheim og Svinestien sa Terje at «*Ja det er plassar som former deg (...)*». Erik på si side fortalte dette som sitt forhold til Svinestien:

(...) Når den endeleg er på sitt beste, så er det ein av dei beste bølgene i heile Norge. Det er liksom nesten som å vere i utlandet. Han er så kraftig, han har, liksom, har det beste ei bølgje skal ha. Og det er ikkje ei einaste bølgje langs Jæren som er, så god som den då. (...) Han har bare ein spesiell plass i våre hjerter, spesielt blant den litt eldre garden, at det er liksom den beste bølga vi får her. (Erik)

Terje gir her uttrykk for at Kvassheim og Svinestien er bølgjer som har forma han. Erik legg vekt på at Svinestien har ein spesiell plass i hjerta til den eldre garden av surfarane på Jæren og viser dermed korleis det oppstår eit emosjonelt forhold mellom han sjølv og bølgja. Vi skal no vidare først undersøke om eit perspektiv som har fokus på det emosjonelle engasjementet i opplevingslandskapet er perspektiv som kan hjelpe til med å skape forståing av surfarane sin motstand.

Tidlegare i oppgåva har vi sett at gjennom mange år med surfing har surfarane utvikla surfehabituar og at ved å oppsøke ulike bølgjer har kroppane blitt forma av bølgjene og at ein slik kan snakke om at kroppane er surfa av bølgjene (Ford & Brown, 2006). Bølgjene set altså eit avtrykk i kroppane og bølgjene blir dermed ein del av surfarane sine habituar (ibid.). Setten (2002) brukar habitus-omgrepet for å forstå praksis i landskapet⁴¹ og korleis denne må betraktast som menneska si utøving av kroppsleggjort kunnskap, handling, verksemd og bruk. Setten skriv at praksis ikkje er mogleg utan kropp og at kroppen er det eit individ har til

⁴¹ For ein diskusjon av landskapsomgrepet sjå Setten (2002).

rådighet når det vil ta seg fram i ulike landskap. Ho skriv at handling og aktivitet må vere ein del av habitus- omgrepet fordi habitus er ”*action through time*” og at identiteten vår er kroppsleg, samtidig som at identitet blir skapt av det vi står over for. Ho meiner at kroppen ber med seg ”*the traces of places it has known*” og at eit individ gjennom å vere i landskapet vil bere med seg landskapet i seg (Setten, 2002, s. 161). På denne måten vil habitus binde dei levande individua, dei kroppsleggjorte praksisane og landskapet saman.

Christensen (2001) har i si avhandling om ein annan brett-aktivitet, snowboard, blant anna undersøkt utøvarane sitt emosjonelle engasjement i forhold til opplevingslandskapet som utøvarane ferdast i og korleis dei gjennom dette får ei tilknyting til landskapet. Han skriv at landskapet er konstituert av, og er eit vitnemål om, livet til dei som har oppheldt seg der. På denne måten får landskapet eit kvalitativt uttrykk. Han skriv vidare at denne konstitueringa skjer gjennom ein minneproduksjon som er ei følgje av opplevelingar og erfaringar i landskapet og at dette gjer at spesielle stadar blir sterkt verdilada. Christensen vektlegg og at tidsperspektivet er ein viktig faktor og at dette gjer at landskapet er ein historie. Han skriv at gjennom å leve i landskapet så vil utøvaren bli ein del av landskapet like mykje som at landskapet er ein del av utøvaren.

Kalland & Rønnow (2001) skriv at aktivitetar som jakt, fiske og jordbruk er aktivitetar som knyter utøvarane til ein lokalitet og som i stor grad er med på å definere kven dei er. Identifikasjon med sjølve staden vert bekrefta gjennom og reproduset gjennom daglege gjeremål og tidlegare hendingar. Dei skriv vidare at det er desse gjeremåla som omformar dei fysiske omgjevnadane til meiningsfulle landskap. Dersom desse aktivitetane skulle bli stoppa vil det medføre ein alvorleg utfordring for folk sin identifikasjon og dermed til sin eigen identitet. Dei skriv vidare at dette kan i vidaste forstand dreie seg om ein kamp for ein livsstil. Thiis-Evensen (2001) skriv om ei konflikt rundt etableringa av ein nasjonalpark, og ho hevdar at ei slik tilknyting til landskapet er med på å belyse viktige sider ved lokalbefolkinga sin motstand mot etablering av nasjonalparken. Ho skriv at motstanden kan forståast som ein kamp for bandet som er knytt mellom lokalbefolking og den lokale naturen fordi staden er ein del av den enkelte lokale sin livshistorie. Vidare seier ho at identifikasjon til staden vil bli bekrefta gjennom daglege gjeremål og i forteljingar om staden. Denne identifikasjonen er

sentral for å forstå dei verdiane som blir knytt til staden og for å forstå folk sine oppfatningar av korleis naturressursane bør brukast.

Desse perspektiva kan opne for å forstå at surfarane sine 17 år i gjennomsnitt med kroppsleg praksis i bølgjene på Kvassheim og Svinestien har betydning for surfarane sin motstand mot surfeforbodet. Som vi ser av sitatet til Erik så er forholdet mellom surfarane og bølgjene sterkt verdilada og det kjem fram at forholdet til bølgjene har eit merkbart emosjonelt preg. Det er tydeleg at alle åra på brettet på desse bølgjene har gjort at det har oppstått eit nær forhold mellom surfarane og nettopp desse bølgjene. Det er her dei har hatt mange av dei største opplevingane og dette har gjort at Kvassheim og Svinestien på grunnleggande måtar har prega surfarane både fysisk og mentalt. Kroppane, habitus og surfarane sin identitet vil derfor vere forma av og vere eit resultat av bølgjene. Bølgjene har såleis forma surfaren i dei og den dei er. Dei forbodne bølgjene har gjennom mange års kontakt fått kvalitative uttrykk på bakgrunn av minneproduksjon som er knytt til erfaringar og opplevingar i landskapet. Ut i frå dette er det mogleg å oppfatte og forstå bølgja som eit uttrykk for levd liv og at bølgja er ein del av surfarane sjølve. Sett i lys av dette kan det vere relevant å sjå på surfeforbodet som ein trussel mot dette bandet mellom surfarane og bølgjene. Surfeforbodet kan sjåast på som ein trussel mot surfarane sitt meiningsfulle landskap og surfarane si livshistorie. Dette vil gjere at forbodet dermed får negative emosjonelle responsar. Sett i frå denne synsvinkelen kan surfarane sin motstand mot surfeforbodet dermed og forståast som ein kamp for å bevare dette bandet mellom surfaren og bølgjene og som ein fortsetting av den enkelte surfar si livshistorie knytt til Kvassheim og Svinestien.

Det kan altså oppstå sterke band mellom surfar og bølgje. Vi skal no sjå nærmare på dette forholdet mellom surfar og bølgje som kan forklaast med stadstilknyting. Erik og Geir sa dette når vi snakka om å høyre til ein stad og bølgjene:

Stig: Men tenker du på [Kvassheim og Svinestien] som dine?

Erik: Våre. Den første gjengen. Gamlegjengen av surferne, vi som oppdaga stedene. Og det er jo litt sånn skikk i surfing og at dei eldste skal du respektere, og dei som gjerne har funne spottsene og gitt dei navn, og sånne ting, det er på ein måte dei som har førsterett, alltid».

(...)Dei du er oppvokst med på ein måte, gir deg bølger fordi, dei veit at du har rett på desse bølgene her, fordi det er her du er i frå (...).(Geir)

Vi ser her at Erik legg vekt på at dei som oppdaga lokalitetane er dei som har førsteretten og at dei krev respekt. Geir på si side seier at som lokal surfar så har han rett på spesifikke bølgjer fordi han kjem frå området. Begge to har altså eit tydeleg eigarforhold til bølgjene. Vi skal no vidare sjå nærmare på korleis dette kan påverke surfarane sin motstand mot surfeforbodet. Setten (2002, s. 7) skriv at habitusomgrepet fangar ein dimensjon ved kroppsleggjort kunnskap og er eit uttrykk som knyter liv og land saman. Gjennom tilstadeverande praksis vil det slik bli skapt identitetar i landskapet skriv ho. Setten skriv vidare at desse kulturelle og sosiale aktivitetane i landskapet har sitt territorielle uttrykk⁴². Dette uttrykket oppstår gjennom sedvane skriv Setten. Denne sedvanen har sine lokale idear om rettferdigheit og rettigheiter i landskapet og ho viser derfor korleis praksis i landskapet er territorielt befesta.

Fleire av informantane var dei første som surfa mange av bølgjene på Jæren og dei var også pionerar når Kvassheim og Svinestien blei surfa for første gang på midten av 80-talet. Dette var lenge før forbodet blei etablert. Tidsperspektivet blir altså viktig her. I tillegg til å vere først ute så var dei på den tida, ifølgje informantane, berre fem surfarar som heldt på. Desse surfarane har altså vore med på ein prosess der Kvassheim og Svinestien har gått frå å vere eit ”terra nullius”, eit område som ikkje tilhørde nokon, til å bli annexert av surfarane og som i ettertid har vore i deira hender meir eller mindre uforstyrra i 20 år. Slik sedvanleg praksis skal i følgje Setten (2002) gje idear om rettferd og rettar til området. Når forbodet blei etablert så gjekk bølgjene brått frå å vere «deira» til å bli «alle sin eigedom» gjennom etableringa av eit internasjonalt verneområde. Dersom vi ser dette i lys av det Setten skriv om at sedvane skapar idear om rettferd og rett i landskapet så kan vi forstå surfarane sin fortsette surfing som ein strategi og eit grep for å markere og fortsatt kontrollere eit territorium som har vore «deira» frå midten av 80-talet. Ut i frå dette går det an å forstå den ulovlege surfinga som eit

⁴² Eit territorium er eit avgrensa område som blir kontrollert av til dømes ei gruppe, medan territorialitet er strategien som desse brukar for å markere og kontrollere territoriet (Setten, 2002).

territorialt grep for å halde på noko som surfarane ser på som sin eigedom som dei har særskilte rettar knytt til.

Sedvane kan altså vere ein faktor som spelar inn i surfarane sin motstand. Setten skriv og at sedvanar er basert på lovar og reglar som er avgjerande for praksisen i landskapet. Som vi hugsar frå sitata til Erik og Geir så blir det brukt ord som «*skikk*» og «*rett*». Vi skal no gå nærmare inn på dette. Mange vil nok tenke på surfing mest som ein fysisk aktivitet, men surfing har også ein sosial dimensjon der «surfekulturen» vert tileigna i eit sosialt miljø og internalisert i surfaren. Denne kollektive sosialiseringa vil naturleggjere forståingar og handlingar og den kan karakteriserast ved ei form for fellesskap og felles forståing. Ein surfar har derfor også eit sosialt opphav og dei sosiale tilhøva som surfaren veks opp under vil kroppsleggjere dei forventingane som surfemiljøet stiller. Surfekulturen har mange slike forventningar og reglar som surfarane må forhalde seg til, men sidan det er bølgjer som territorium som er tema for desse avsnitta er det særleg eit element som er interessant å studere.

Normalt er det berre plass til ein surfar per bølgje og ettersom bølgjene ikkje kjem regelmessig blir det lange venteperiodar innimellom. Langseth (2011a) viser korleis dette kan medføre sterkt konkurranse om bølgjene. Denne kampen om bølgjene medfører ofte ein aggressiv holdning overfor nybegynnalar med både roping og med beskjedar om å ha seg vekk skriv Langseth. Han viser vidare at denne holdninga, eller desse reglene, etter kvart vert ein del av surfaren og sett på som ein naturleg del av reglane, eller *doxa*, i surfing. Langseth skriv at eit anna resultat av den sjeldne tilgangen på bølgjer er utviklinga av eit syn på kven som er lokale og kven som ikkje er det, og at lokale surfarar på Jæren føler eit eigarforhold til bølgjene som gjer at dei har visse privilegium i forhold til tilreisande surfarar. Tanken om at det er dei lokale som eig bølgjene er altså også holdningar som kjem fram blant mine informantar. Dette eigarforholdet er altså ein del av surfekulturen sin doxa og er så internalisert blant erfarne surfarar at dei ikkje tenker over dette. I tillegg til dette så har surfemiljøet generelt sett vore ein kultur der fridomsidealet har stått sterkt og i surfekulturen generelt har anarkistiske og opposisjonelle verdiar rådd grunnen (Ford & Brown, 2006).

Sett i lys av dette går det an å forstå at sjølve kulturen i surfing også kan vere med på å skape holdningane av at Kvassheim og Svinestien tilhører dei lokale surfarane, det vil seie «*gamlegjengen*» som Erik seier eller dei som er «*her i frå*» slik som Tore vektlegg. Desse «*reglane*» i surfekulturen som utgjer territorialiteten kan og vere med på å forsterke tanken om eigarforholdet til bølgjene. Ut i frå dette vil forbodet framstå som ein betydeleg trussel mot og ein invasjon av territoriet og reviret til dei lokale. Dei lokale surfarane sine rettar og privilegium på deira «eige» territorium er utfordra og invadert av innitrengarar som vil ta i frå dei lokale surfarane territoriet deira. Det kan derfor tenkast at dei revirhevdande holdningane i surfekulturen også er med på å forsterke motstanden mot surfeforbodet. Ved å fortsette med ulovleg surfing opprettheld surfarane både dei revirhevdande og dei opposisjonelle verdiane i surfekulturen og slik får «*reglane*» sitt utløp i motstanden mot surfeforbodet.

Opprør

Så det er, ja, ein del såinne, ja, ((Ler)) frustrerande ting med det forbodet. Ufatteleg frustrerande. Eg har lyst å vere lovlydig, men det kan eg ikkje få til. Og så har eg jo lyst å surfe endå meir, så då gjer eg heller det. (Anne)

Anne si uttale viser korleis ho ser på forholdet mellom det å følgje lovverket kontra tronen til å surfe, og korleis ho, som ein elles lovlydig borgar, likevel ofte vel å bryte lova for å få tilgang på dei beste bølgjene. At surfarane fortset å surfe kan forklarast med at dei er *interesserte*. Dei er fanga i og av bølgjene og dei innrømmer gjennom handlingane sine at det som står på spel for dei er viktig. For å forstå korleis det er mogleg å utsette seg sjølv for faren for å hamne på kant med lova så må ein sjølv vere fanga av surfinga. For ein som står utanfor så vil det sjå heilt meiningslaust ut at denne «leiken» skal vere verdt å risikere så mykje for. Men for surfarane er det perfekt logikk å bryte lova og ikkje følgje reglane. I følgje Bourdieu så gjer den sterke interessa at dei sosiale aktørane berre rettar seg etter ein regel dersom interessa for å følgje regelen overgår interessa for å bryte regelen (Bourdieu & Wacquant 1993, s. 101). Surferane si interesse for å fortsette å surfe er i denne saka så stor at å legge surfebrettet på hylla ikkje er eit alternativ for Anne og dei andre surfarane, sjølv om dette betyr at dei må bli lovbrutarar.

I tillegg er *investeringane* som surfarane har gjort så store at å slutte å surfe er utenkeleg. Surfarane sine habitusar er eit produkt av historia og er til dels varige disposisjonar (Bourdieu 1990, s. 54). Dette vil ikkje seie at habitus ikkje kan endrast og tilpasse seg nye ytre omgjevnadar, men dette vil krevje både tid og individuell aksept (Wilken, 2006, s. 38). Men i denne saka så har det oppstått endringar i dei objektive strukturane som har vore så raske og så store at aktørane, som har fått sine mentale strukturar av desse strukturane og dermed er tilpassa desse strukturane, opplever dette som ei personleg tragedie. Surfarane var altså tilpassa ei verd der dei fekk surfe og stort sett gjere som dei ville og dette har dei gjort i 20 år. Men når surfeforbodet brått vart vedtatt over natta så stod surfarane der og var ikkje lenger tilpassa den nye situasjonen. Habitusane deira var for treige. Dei rakk ikkje å reagere før det var for seint og alt som dei var vant med frå før var no tatt i frå dei. Dei hadde mista dei beste bølgjene sine. I følgje Bourdieu (1990, s. 62) så kan det altså oppstå ei personleg krise når aktøren er tilpassa ei verd som ikkje lenger eksisterar. I ein slik situasjon så kan aktøren enten tilpasse seg eller ikkje og ho kan resignere eller gjere opprør. Mange surfarar vel altså det siste. For surfarar som er fanga av spelet i bølgjene så vil opprør vere ein naturleg reaksjon. Eit opprør gjer at surfarane sine habitusar ikkje treng å tilpasse seg den nye situasjonen og dermed får treigheita i habitus styre surfarane i retning av fortsatt surfing. Ulovleg surfing blir dermed eit ledd i ein konserverande strategi der surfarane får oppretthalde kampane på surfefeltet. Ulovleg surfing gjer at surfarane får oppretthalde sjølve meinингa med surfinga, som er å surfe gode bølgjer. Ulovleg surfing gjer og at surfarane får oppretthalde sin identitet og status i surfemiljøet og i samfunnet. Vidare gjer ulovleg surfing at surfarane får oppretthalde surfekarrieren og livsstilen som dei har investert så mykje i og har så sterke interesser for. Eit opprør mot forbodet gjer og at surfarane får behalde eit meiningsfullt landskap som er ein del av surferane si livshistorie, samt at fortsatt surfing opprett held ideen om rettar til landskapet. I tillegg til dette så gjer ulovleg surfing at surfarane får leve opp til reglane og normene i surfekulturen om kven som eig bølgjene og surfarane får leve opp til den nedarva opposisjonelle og anarkistiske opprørsmentaliteten i kulturen. I sum kan derfor motstanden mot forbodet og ulovlege surfing sett i eit motivasjonsmessig og affektivt perspektiv derfor forståast som eit resultat av at surferane er meir interesserte i å surfe enn dei er i å følgje forbodet. Dette kjem av at verdien av å surfe er så stor at den overgår risikoen for å få ei straff for ulovleg surfing.

7. Surfarar om forbodet

Fram til no i oppgåva har vi sett på surfing som motiverande faktor og som affektivt grunnlag for motstanden mot forbodet. Tidlegare i oppgåva har vi sett på forvaltninga sitt faglege legitiméringsgrunnlag og argument i forhold til etablering av surfeforbodet. I dette kapitelet skal vi sjå nærmare på surfarane sitt syn på og forståing av forvaltninga sin argumentasjon og korleis surfarane oppfattar og har opplevd saksgangen rundt etableringa av forbodet. Til slutt vil eg prøve å forstå korleis dette pregar konflikten.

Ved å gå gjennom sakspapira er det mogleg å få innsikt i kva argumentasjon surfarane har brukt over for forvaltninga. Men synspunkta frå sakspapira vil i mindre grad bli brukt som kjelder også i dette kapitelet. Grunnen til dette er at sakspapira har blitt framstilt av enkeltindivid i surfemiljøet og dermed ikkje nødvendigvis representerer alle meininger og synspunkt som rører seg i miljøet. Dette vil seie at også denne delen av oppgåva vil basere seg på dei personlege opplevingane og historiene rundt forbodet blant informantane for å finne ut kvifor surfarane «der ute» er motstandarar av forbodet. Det er altså i hovudsak samtalane med surfarane også dette kapitelet kjem til å handle om. I materialet mitt kjem det fram at det er primært to forhold som surfarane reagerer på når det gjeld etableringa av forbodet. Det første er surfarane sitt syn på det faglege grunnlaget for forbodet og det andre er surfarane sitt syn på saksgangen. Vi skal starte med det det første temaet som kanskje er det mest opplagte spørsmålet i denne saka, og det temaet som ligg i overflata og er mest synleg.

Surfarane sitt syn på forvaltninga sitt arbeid og grunnlaget for forbodet

Erfaringsbasert kunnskap

Vi er jo ute med fuglen kvar dag. Så vi ser jo reaksjonane deira. De svømmer jo rundt oss. Det er ikkje snakk om at fuglen svømmer vekk når vi kjem der. Han sitter, i staden for å sitte akkurat der eg sitter, så sitter han to meter ved sida av meg. Og det virkar no ikkje som om dei er redde oss i det heile tatt. For dei svømmer jo rundt oss, og dukkar etter fisk, og kva dei no enn gjer, rett ved sida av oss. (Erik)

Samanlikna med den forskinga dei gjer på skremmeeffekten vår, og deira kunnskap om surfing, så vil eg tippe at me har minst like god kunnskap om fugl som dei har om surfing. I alle fall når ein snakkar om oppleving av effekten i forhold til fugl, ikkje sant. At me ser kor sjukt nærme me kjem fuglar når me er ute i vannet. (Terje)

Vi ser her at informantane meiner at surfarane ikkje er til sjenanse for fuglelivet⁴³. Dette ser det ut til å vere brei einigkeit blant informantane om. Nokre av informantane meiner og at fuglane til og med likar å vere i nærleiken av dei. Blant informantane var det derfor ei unison oppfatning av at forvaltninga ikkje har noko grunnlag for å etablere eit forbod mot surfing fordi surfarane sjølv har erfaringar som tilseier at dei ikkje skremmer fuglane. Men surfarane opplever likevel at surfarane sine erfaringar ikkje er noko som forvaltninga ser på som relevant. Eit viktig ledd i forståinga av surfarane sin motstand handlar derfor om det som forvaltninga legg til grunn for etableringa av forboden.

At forvaltninga ikkje ser på surfarane sine synspunkt på som relevant kan forklarast med det Aasetre (2000, s. 68) skriv om at det er indikasjonar på at forvaltninga prioriterer fagleg ekspertkunnskap framfor andre typar kunnskap som såkalla «lokal kunnskap» og at forvaltarar i større grad aksepterer medverknad frå andre delar av forvaltninga enn frå uorganiserte brukargrupper. Dette kan vise seg å ikkje vere heilt uproblematisk. Studie som er gjort på konfliktar om vern og bruk av natur mellom forvaltning og lokalbefolkning viser at motsetnaden mellom akademisk kunnskap og folkeleg kunnskap er ei av konfliktlinjene (Kalland & Rønnnow, 2001; Skogen & Haaland, 2001). Denne kløfta som eksisterer mellom vitskap på den eine sida og lokal, kroppsleg erfart kunnskap på den andre har fått stor fagleg merksemd (Kalland & Rønnnow, 2001) og ser ut til å til ein viss grad vere med på å prege debatten mellom surfarane og forvaltninga på Jæren.

For å trekke ei samanlikning med rovdyrdebatten så skriv Skogen & Haaland (2001, s. 28) at når mange erfarne jegerar og skogsfolk som til dømes har observert ulvespor opplever å ikkje bli trudd av forvaltninga er dette noko som er provoserande. Slike opplevingar kan vere tunge

⁴³ Om surfarane veit kva typar fuglar som er trua og om det er desse som dei snakkar om er usikkert. Men så lenge surfarane trur at det er dei trua fuglane som sit der så vil jo dei oppfatte desse som om dei ikkje blir skremt.

å takle for dei som har ein identitet sterkt knytt til det å vere ein erfaren skogskar, og det vert ekstra ille når det er nokon med «skrivebordskunnskap» som påstår at det kanskje kan vere hundespor jegeren har sett skriv Skogen & Haaland.

Og surfarane meiner at dei har kunnskap om og erfaringar med både surfing og fuglelivet etter mange år med surfing på Jærkysten. Surfarane meiner altså at det er *dei* som sit på kunnskapen om bølgjer og surfing og sidan dei i tillegg er ein berørt part meiner dei surfarane burde dei ha blitt inkluderte i avgjersla om å etablere eit surfeforbod på Jæren. Men dei blei aldri kontakta før forbodet vart sett i kraft, og dei har heller ikkje blitt kontakta i ettertid. Dei meiner at forvaltninga ikkje har den nødvendige kunnskapen om eller ferdighetene i surfing til å kunne seie noko om kva skadeverknadar denne aktiviteten har. Surfarane meiner altså at forvaltninga ikkje har den nødvendige surfekapitalen til å kunne uttale seg om surfing. Ut i frå dette forstår ikkje surfarane kvifor forvaltninga ikkje kan høyre på den kunnskapen og dei erfaringane som surfarane sit på. Terje fortel dette om hans syn på surfarane sine kunnskapar og potensiale og korleis deira kapital kunne blitt brukt:

Eg har tenkt at i steden for at vi skal vere fiender, så kan vi heller samarbeide. Vi er der ute hver dag. Nesten. Tråler strandene opp og ned. Vi ser alt som skjer. Vi kunne heller komme med tips til han [fylkesmannen], om ting som vi ser som kanskje burde han ta tak i. Som sikkert berører miljøet mer, mye mer enn det vi gjør. (Erik)

Erik seier her at surfarane er kunnskapsrike og at dette er kunnskap og erfaringar som forvaltninga burde kunne gjere seg nytte av, og at eit samarbeid kunne vore fruktbart. Fleire av informantane kunne altså tenke seg eit samarbeid med forvaltninga, men dei opplever at dei blir avviste og ignorerte. Dette gjer altså at surfarane følar at dei ikkje blir tatt på alvor og at dei opplever at deira kunnskap blir devaluert og sett på som irrelevant. Erik er også innom eit anna relevant punkt i dette sitatet. Dette er eit av fleire døme på at surfarane ser på seg sjølve som miljøvenlege. Ford & Brown (2006) skriv at 87 % av surfarar som har surfa i meir enn 6 år meiner at bevisstheit rundt miljø er ein viktig del av surfing. Heywood & Montgomery (2008) viser at soul-surfing er med på å fostre bevisstheit rundt miljø og at dette særleg gjeld lokale surfespottar. Materialet mitt viser og at informantane er opptatt av miljø og at dette har samanheng med at surfarane er avhengige av det naturlege miljøet som dei

opererer i. Dei opplever derfor at å bli stempla som miljøkriminelle er ein motsetnad til korleis dei ser på sin eigen påverknad på naturen og på korleis dei ser på verdiar i naturen som viktige og som ein del av surfeopplevinga. Dei set derfor spørsmålsteikn ved kvifor nokon skulle tru at dei er interesserte i å øydelegge naturen. Forbodet gjorde at surfarane over natta blei stempla som miljøkriminelle og dette stempelet opplevast som tungt for fleire av surfarane som ser på seg sjølv som elles lovlydige borgarar.

Surfarane opplever altså at dei har mykje kapital på surfefeltet både i form av surfeferdigheiter, men og i form av kunnskap om og holdningar til miljø, natur og fuglar. Dei meiner og at forvaltninga burde utnytte denne kapasiteten. Men surfekapital blir altså ikkje sett på som relevant av forvaltninga og dermed er ikkje denne kapitalen noko verdt på forvaltningsfeltet. Begge partar ser altså på seg sjølv som ekspertar, men det er berre ein av dei som har makt til å fastslå «sanninga» som blir ståande. Dette er mulig fordi forvaltninga er den parten som sit med den *statlege kapitalen* som er ein *meta-kapital* som rangerer høgare enn alle andre former for kapital og som har innflytelse på kampane på andre felt (Wilken 2008, s. 78). Den statlege kapitalen gjer at forvaltninga sit med all makt og kan overstyre surfarane sin surfekapital og gjere denne irrelevant. For i følgje Aasetre (2000) så prioriterer jo forvaltninga berre fagleg ekspertkunnskap frå andre delar av forvaltninga og sidan dei er den dominerande aktøren på forvaltningsfeltet så er det dei som bestemmer kva som er feltspesifikk kunnskap og kva som er godkjente observasjonar eller ikkje. På denne måten tvingar forvaltninga fram visse krav for kva som skal til for at ein observasjon er gyldig eller ikkje. Sidan forvaltninga berre godtek observasjonar frå forvaltninga sjølv så kan dei oversjå og ignorere surfarane sine observasjonar og synspunkt. Dette er altså strategien som forvaltninga brukar for å skape miskredit for den kapitalen som surfarane sit på og dermed får forvaltninga feltet til å fungere slik at det er til fordel for dei sjølve. Og i og med at surfarane ikkje sit inne i forvaltninga så blir dei ekskluderte. Men forvaltninga si verkelegheitsoppfatning er *ein* versjon av verkelegheita. Denne makta til å få ei bestemt verkelegheitsforståing til å framstå som objektiv og sann utan at dei involverte er klar over at det er snakk om ein vilkårleg verkelegheitsoppfatning kallar Bourdieu *symbolisk vold* (Wilken, 2006, s. 68). Dei som privilegerast av den bestemte verkelegheitsoppfatninga kan gjennom definering og klassifisering få aktørane til å tru på bestemte tolkingar av korleis verda er innretta, og på denne måten reproduksere maktforholda (ibid).

Surfarane meiner altså sjølve at dei har erfaringsbasert kunnskap om både fuglelivet og naturen der dei opererer og ser på seg sjølve som kompetente og dyktige, men dei opplever at deira kunnskap blir oversett og nærmast latterleggjort av forvaltninga. Surfarane poengterer at det er dei som sit på spisskompetansen om surfing og dei føler seg forbigått og oversett og dei har problem med å forstå at det som dei ser på som ein miljøvenleg aktivitet kan bli stempla som miljøkriminalitet. Dei opplever det som frustrerande at kunnskapen deira ikkje blir tatt omsyn til og brukt av forvaltninga, og dei etterlyser muligheiter for samarbeid der surfarane sin kunnskap kunne komme til nytte. Surfarane sine opplevingar av at forvaltninga ignorerer deira erfaringar både provoserer og skapar grobotn for mistillit til forvaltninga sine argument for at surfing er skadeleg for fuglelivet. Kva denne mistilliten fører til skal vi komme nærmare tilbake til seinare.

Vitskapleg kunnskap

Så viss han kunne bevisst oss og sagt at han liksom hadde gjort ein jobb og bevise at vi faktisk kanskje skremmer fuglen, hatt nokre gode argument, så greitt nok. Men han har jo ikkje gjort noko research, han har ikkje gjort forsøk, han har ikkje sjekka og testa og prøvd. Ingenting. (Erik)

Foreløpig så kvitvaskar vi oss sjølv ved at vi meiner at det ikkje er nokre holdepunkt i det dei har. At det ikkje er noko gode argument, god forsking, om ein kan bruke det ordet på det. (Lars)

Vi har altså sett at surfarane brukar erfaringsbasert kunnskap i argumentasjonen sin, men at denne står i ein underordna posisjon i forhold til vitskapleg produsert kunnskap. Men som vi ser av sitata til Erik og Lars så brukar surfarane også forvaltninga sine kriterier i argumentasjonen sin, som altså går ut over den erfaringsbaserte kunnskapen, nemleg vitskapleg produsert kunnskap, og set spørsmålsteikn ved forvaltninga sin bruk av denne. Som vi ser av sitatet så stiller informantane seg altså tvilande til det vitskaplege grunnlaget

som forvaltninga legg til grunn for etableringa av surfe forbodet og surfarane meiner at forbodet er basert på manglande dokumentasjon om kor vidt surfing faktisk har ein negativ effekt på fuglelivet. Surfarane etterlyser derfor vitskaplege forsøk som beviser at surfarane skremmer fuglane.

Kalland & Rønnow (2001) peikar på at ein i dag kan nok sette spørsmålsteikn ved kor viktig skiljet mellom vitskap på den eine sida og den erfaringsbaserte, lokale, kroppsleg erfarte kunnskapen på den andre er for å forstå ein del konfliktar ettersom lokalbefolkinga sjølv har tilgang til den vitskaplege diskursen gjennom blant anna utdanning. Fleire av surfarane har høgare akademiske utdanninger og sett i lys av at dess meir strukturen i surfarane sin habitus liknar på strukturen i den dominante kulturen, dess lettare vil dei kunne leve opp til kulturen sin krav og tileigne seg den sine verdiar (Wilken, 2006, s. 71). Dette skulle tilseie at fleire av surfarane sin habitus skulle vere forholdsvis lik forvaltarane i forhold til utdanning og syn på naturvitskaplege metodar og rasjonalitet. Dette skulle gjere at den kulturelle skilnaden mellom surfarane og forvaltninga er mindre, i alle fall om ein samanliknar med til dømes rovdyrdebatten som har vore i Noreg dei siste åra, der skilnadane er større (Skogen & Haaland, 2001). Så det er kanskje ikkje på dette punktet at motsetnadane mellom surfarane og forvaltninga er størst. I saka som omhandlar forbodet på Jæren er det tydeleg at det ikkje er dei naturvitskaplege metodane generelt surfarane set spørsmålsteikn ved, det er heller *mangel* på bruk av metodane det vert reagert på. Surfarane meiner altså at forvaltninga ikkje har føretatt vitskaplege forsøk som surfarane ser på som relevante og gyldige. For å dra fram eit døme på dette brukar fylkesmannen i grunngjevinga av forbodet det som eg har kalla «overlevingsdrakttesten» som argument der representant for Statens Naturoppsyn i følgje surfarane padla ut på eit seglbrett på stille hav i ei oransje overlevingsdrakt. Fire av surfarane nemner dette forsøket og det kjem tydeleg fram at surfarane ikkje ser på gyldigheita og pålitelegheita som god. Her er Anne sine tankar rundt forsøket:

(...) Eg trur ikkje det går an å teste det på ein måte. Og det er jo på mange måtar ein sånn därleg forskingsmetode, Eg studerte ((eit samfunnsfag)) i ((by i Noreg)) eit år, og du kunne liksom ikkje kle deg ut som ein narkoman og teste kva slags respons du fekk på det. Det er ikkje godkjent forsking. Det er jo fake, sant. På same måte vil det jo vere fake viss du svømte ut etter fuglane, og skulle liksom sjekke om dei vert skremt. (Anne)

Anne seier her, til liks med mange av dei andre informantane, at ho har innsikt i vitskaplege metodar og kan uttale seg om kva som er «*godkjent forsking*» og ikkje. Surfarane meiner at dette forsøket tydeleg viser at forvaltninga verken har kunnskap om surfing fordi forsøket vart gjennomført på stille hav og i ei oransje drakt (mot normalt svart), og der representanten for Statens Naturoppsyn padla rett inn i ein fugleflokk. Surfarane set derfor spørsmålsteikn ved forskingsmetodane som er brukte. Surfarane sine reaksjonar heng altså saman med at surfarane for det første meiner at det er mangel på dokumentasjon, samt at surfarane for det andre stiller seg skeptiske til forvaltninga sin bruk av vitskaplege metodar.

Aasetre (2000, s. 68) skriv at det verker som om forvaltninga er prega av tru på ein vitskapleg basert kunnskap og tru på vitskapleg metode inn mot forvaltning. Han skriv vidare at forvaltninga sin strategi er prega av rasjonalistisk tilnærming til planlegging, og at ein føretrekker forskingsbasert kunnskap. Ut i frå dette kan ein seie at dette er forvaltninga sine grunnleggande reglar som ein som forvaltar må akseptere og er dermed forvaltningsfeltet sin doxa. Informantane i denne oppgåva legg og tydeleg vekt på at «*testar*» og «*forsøk*» er måten å gå fram på skal ein kunne seie noko om surfarane sin påverknad på fuglelivet. Det synest dermed som om det er einigheit mellom både forvaltninga og surfarane at vitskapleg kunnskap og kunnskapsproduksjon er doxa på forvaltningsfeltet. Men surfarane meiner at forvaltninga ikkje har brukt det som er grunnleggande reglar for tileigning av kunnskap, nemleg tilstrekkelege vitskaplege metodar, for å bevise at surfarane faktiske skremmer fuglane⁴⁴. Dette gjer at surfarane oppfattar at forvaltninga brukar ein illegitim metode for å oppnå det dei vil. I følgje Bourdieu finst det legitime og illegitime måtar å kjempe på på eit feltet og at doxa slik sett fungerer som eksklusjonsmekanisme fordi det er berre dei som aksepterer spelereglane som kan vere med i kampen (Wilken, 2008, s. 43). Men sjølv om forvaltninga, i følgje surfarane, ikkje brukar vitskaplege metodar så får ikkje dette konsekvensar for forbodet på grunn av forvaltninga sin *statlege kapital*. Og kapitalforma viser til at det er staten eller staten sin representant som har monopol på legitim bruk av fysisk og

⁴⁴ Om surfarane faktisk hadde sluttat med surfing på Kvassheim og Svinestien dersom forvaltninga hadde produsert vitskapleg forsking som surfarane hadde hatt tiltru til og som kunne dokumentere at surfing er skadeleg for fuglelivet er uvisst.

symbolisk vold (Wilken, 2008). Dette gjer at den objektive strukturen av autonome felt, i dette tilfellet surfefeltet og forvaltningsfeltet, får ein tydeleg struktur der forvaltningsfeltet sin metakapital får konsekvensar for kampane på surfefeltet. Makta er dermed tydeleg definert mellom dei to felta. Dette gjer at surfarane blir berre makteslause tilskodarar til det som skjer på forvaltningsfeltet, og dermed og på surfefeltet, og dei føler at dei er ute av stand til å vere med på å forme sin eigen skjebne.

At surfarane i denne saka oppfattar at forvaltninga kan ta avgjersler utan forskingsbasert kunnskap er med på å påverke surfarane sine reaksjonar i negativ retning. For det første fordi dei meiner at forboden er basert på manglande fakta og for det andre fordi dei forskingsmetodane som faktisk er brukte blir av surfarane sett på som heilt ugyldige. Surfarane opplever dermed at forvaltninga kan bruke illegitime metodar utan at dette får konsekvensar. Dette gir dei ei kjensle av at forvaltninga berre kan gjere som dei vil og dette medfører at surfarane får ei ytterlegare mistillit til forvaltninga og dei opplever i tillegg ei stor grad av avmakt⁴⁵ i denne situasjonen. Kva denne kjensla av avmakt fører til skal vi komme nærmare inn på seinare.

Surfarar om saksgangen

Til no har eg diskutert det som nærmast kan sjåast på som metodiske diskusjonar om korleis ein kan finne ut om surfarar skremmer fuglane eller ikkje. Men konflikten omfamar fleire element. Terje fortel:

Den reint forvaltningsmessige prosessen der, korleis dei behandlar oss som ein, tydelegvis, ein berørt part som ikkje får lov til å uttale oss i nokon høringar, som ikkje blir involvert i nokon saker, som ikkje eingong får tilsendt høringsdokumentet som blir sendt ut i ettertid. Som på alle moglege måtar blir forsøkt å, på ein måte, sopt under teppet, altså som interesse. (Terje)

⁴⁵ Omgrepene blir diskutert seinare i oppgåva.

Og så har dei funne ut at me og er jo det [forstyrring], så då berre sleng dei på samtidig. Og så berører det ei heil brukargruppe som ikkje blir hørt fordi det skjer rett før forskrifta blir vedtatt. Plutseleg står det surfing der, når det berre har stått vindsurfing og vannmotorsport før. (Terje)

Her kjem det fram at surfarane reagerer på at bølgjesurfing blei tatt med på lista over forbodne aktivitetar etter den offentlege høyringa og at bølgjesurfing blei tatt med som ei presisering av lista over aktivitetar som gir unødvendig forstyrring heilt på tampen av prosessen. Surfarane føler seg derfor ignorerte og oversett som gruppe. Ut i frå dette ser vi at saka dermed og har samanheng med surfarane sine opplevingar av sjølve saksgangen rundt forboden. Grunnen til at surfarane reagerer på forvaltninga sin framgangsmåte er at dei meiner at å følgje korrekt saksgang må vere ein del av forvaltninga sin måte å arbeide på på forvaltningsfeltet. Men surfarane opplever derimot at korrekt saksgang ikkje vart følgt i deira tilfelle fordi surfarane ikkje fekk uttale seg på høyringar og fordi surfing vart tatt inn som presisering over aktivitetar på tampen av prosessen. Surfarane meiner derfor at dei ikkje har fått muligkeit til å verken forberede seg eller å forsøre seg før det allereie var for seint. Surfarane opplever derfor at forvaltninga bryt med korrekte framgangsmåtar og prosedyrar som burde eksistere i ein offentleg etat. Men også i dette tilfellet gjer forvaltninga sin statlege kapital at forvaltninga kan handle og fortsetje som dei vil utan at dette får konsekvensar. Når forvaltninga kan gå utanom det som surfarane oppfattar som klare retningslinjer for saksgang så gjer dette at surfarane si kjensle av avmakt ytterlegare aukar.

I tillegg til dette så er det eit element at surfarane opplever at ein aktivitet som er veldig viktig for dei (som vi såg i kapitelet “surfarar om surfing”) blir sett på som ein detalj og ein parentes, og at surfarane sine interesser, synspunkt og livshistorier vert ignorert og oversett. Surfarane reagerer og på at bølgjesurfing blir putta i same bås og dermed samanlikna med aktivitetar som dei sjølve ser på som heilt annleis. Lars fortel:

Viss dei absolutt skal ha eit forbod så må du differensiere, i den vannsportgruppa, kor dei har lagt seglebrett, kiting, og vannskuter, saman med oss. Noko vi meinar er feil fordi (...) at vannskuter er jo horribelt at vert samanlikna med oss alle tre, for det er jo eit motorisert køyretøy. Windsurfing og kiting er jo ikkje det same, dei har jo eit større

utstyr, som dei tek med uti vatnet. Så sånn sett så meinar vi at, kanskje spesielt kiting, som (...) tar mykje plass i naturen då, i forhold til det vi gjer. (Lars)

Vi ser her korleis Lars opplever at bølgjesurfing vert samanlikna med vannskuter, kiting og seglbrett. Å oppleve at sporten surfarane har investert mykje i berre blir slengt på forbodslista og samanlikna med aktivitetar som surfarane ser på som heilt andre ting, til dømes vannmotorsport, vekker både undring og harme. For forvaltninga er det kanskje ikkje så stor skilnad på windsurfing og bølgjesurfing, men i utøvarane sine auge så er det klare skilnadar og dette får jo store konsekvensar for bølgjesurfarane. Sistnemnte brukar, som Lars seier, blant anna langt mindre plass enn samanlikna med windsurfing og kiting. At dei havnar i same kategori som eit motorisert køyretøy, som dei meinar er klart meir naturfiendtleg, opplevast som vanskeleg. I tillegg opplever surfarane at andre aktivitetar som dei meiner skremmer fuglelivet meir, som til dømes båttrafikk fortsatt er lov. Surfarane meiner derfor at forvaltninga demonstrerer uvitenheit om kva surfing er og kva surfarane driv med. Denne mangelen på kapital på surfefeltet i form av kunnskap gjer og at det vert endå meir provoserande for surfarane at forvaltninga berre kan putte surfing i ein sekk med andre aktivitetar og dette gjer at surfarane opplever at forvaltninga berre kan gjere som dei vil, heilt uavhengig av det surfarane ser på som korrekt bruk av kunnskap og retningslinjer på feltet.

Eit av dei argumenta som forvaltninga brukar overfor surfarane og som gjer at dei kan forby det dei vil med lova i hand er føre-var prinsippet. Som vi har sett tidlegare i oppgåva inneberer prinsippet at dersom det er tvil om kor vidt eit tiltak vil medføre negative konsekvensar så skal ikkje tiltaket gjennomførast. I dette tilfelle vil det kunne brukast til å forby surfing «for sikkerheits skuld» i tilfelle surfing skulle vere skadeleg for fuglelivet. I omgrepet ligg det jo då implisitt nettopp at forvaltninga ikkje veit om surfing er skadeleg for fuglelivet. Slik sett fungerer føre-var prinsippet som eit *trumfkort* på feltet som slår ut all argumentasjon og alle retningslinjer for det som surfarane ser på som gyldig saksgang og rutiner. Surfarane opplever derfor at når føre-var prinsippet blir slengt på bordet så er det slutt på all argumentasjon og diskusjon. Føre-var prinsippet vert derfor oppfatta som noko det ikkje går an å argumentere i mot og prinsippet gjer at surfarane si avmaktskjensle vert total.

Så langt har surfarane sine opplevingar av og syn på det faglege grunnlaget og på saksgangen rundt etableringa av forbodet blitt tatt opp og det har førebels blitt konkludert med at surfarane opplever mistillit, avmakt og makteslausheit i møtet med byråkratiet og forvaltninga. Dette vil no bli diskutert grundigare og vi skal sjå på kva følgjer denne avmaktskjensla kan ha for surfarane sin motstand mot forbodet og sjå på kva val surfarane står over for i denne opplevde makteslause situasjonen.

Avmakt og protest

Og bare det at når vi tar opp saka vår så er det som å stange hovudet i ein vegg. Altså, det er ingen å snakke med. Det var ingen dialog, det var berre, nei sånn skal det vere.
Og sånn vil det bli (Erik).

Det er den følelsen av at du lever ikkje i noko demokrati. (Terje)

I etterkant av at forbodet blei etablert så tok surfarane kontakt med forvaltninga for å prøve å få i gang ein dialog, men dei opplevde at dei blei møtt med stengte dører. Ut i frå desse sitata ser ein tydeleg at surfarane opplever at dei ikkje blei hørt og at forvaltninga ikkje var interesserte i å høyre på surfarane sine argument. Dei meiner derfor at dette har vore ein udemokratisk prosess. Tidlegare har vi sett at surfarane opplever at forvaltninga sine avgjersler er basert på både manglande forsking og på ein illegitim saksgang. Måten ei avgjersle får legitimitet på er at dei er fatta i tråd med gjeldande reglar og ved at dei er oppfatta som velgrunna (Engelstad, 2005, s. 73). Men surfarane oppfattar at verken forskinga eller saksgangen er fatta i tråd med reglane. Og dei opplever heller ikkje at avgjerslene er vel grunngitt eller at dei blei hørt når dei tok kontakt med forvaltninga i etterkant av at forbodet var etablert. På bakgrunn av dette sit surfarane med ei kjensle av avmakt i dette møtet med byråkratiet.

Før eg går vidare med dette skal eg definere maktomgrepet litt nærmare. Østerberg (2003, s. 115) brukar Weber sin definisjon på makt som mulegheit til å påtvinge andre sin åtferd sin eigen vilje. Bourdieu brukar og Weber sin definisjon når han skriv det er staten som har monopolet på fysisk og symbolsk vold innanfor eit avgrensa territorium (Wilken, 2008).

Østerberg skriv at maktutøving kan skiljast i to grupper, nemleg maktutøving som er opprettheldt av rettsgrunnar og er knytt til lovverk og ei maktutøving der rettsgrunnar ikkje spelar inn. Den første gruppa omfattar legitim makt og den andre kallar han den «nakne» makt. Østerberg skriv at all makt har behov for å rettferdiggjere og legitimere seg sjølv og viser at Weber deler legitimitetsgrunnane inn i tre grupper. Desse gruppene er tradisjonelt herredømme, karismatisk herredømme og legalt herredømme. Den gruppa som er mest relevant i forhold til denne oppgåva er det legale herredømmet som er herredømme i form av lover. I det legale herredømmet er det ikkje ein person sjølv som vert lydt, men formelle, abstrakte lovgitte reglar som gjeld innanfor saksavgrensa kompetanseområde. Østerberg skriv at innanfor denne herskeforma er det reglementsbestemte arbeidsoppgåver som skal treffe avgjersler på formelt grunnlag, og at den mest reindyrka forma for legalt herredømme er byråkratiet. Forvaltninga vil i denne oppgåva hamne i denne kategorien.

Tidlegare har eg skissert strukturen for posisjonane i forhold til maktfeltet og identifisert forvaltningsfeltet som staten sin fremste representant og innehavar av meta-kapitalen som overgår andre former for kapital på feltet. Dei som styrer avgjerslene og dei som er underordna er dermed ulikt posisjonert i forhold til maktfeltet. Dette asymmetriske maktforholdet mellom dei to partane gjer altså at surfarane oppdagar makta si underside, makta sett nedanfrå, og frå dette perspektivet er det surfarane opplever at dei ikkje har noko å stille opp med over for forvaltninga og at avmakt og makteslausheit oppstår (Engelstad, 2005, s. 77). Kjensla av avmakt handlar ikkje om at mennesket er i ein objektiv situasjon der ein er fullstendig innestengt i si eiga avmakt, men at mennesket opplever det slik. Altså at ein har kjensla av å ikkje ha noko å stille opp med (Engelstad, 2005, s. 78). Men kva val står surfarane over for i det som dei opplever som ein makteslaus situasjon? Engelstad (2005, s. 26) skriv at det er mange måtar å møte avmakt på frå skam til protest. Han skriv vidare at dersom den underordna er tvungen til å lyde så vil vedkomande leite etter høve til å unndra seg og sabotere. Og som vi har sett i teorikapitelet så må dei som regjerer på eit felt alltid rekne med motstand, krav og ambisjonar frå dei dominerte (Bourdieu & Wacquant, 1993, s. 88). Vi skal no sjå vidare på desse perspektiva og sjå om dette kan hjelpe oss å forstå surfarane sin motstand. Ola, Geir og Terje viser sin tankegang:

Så når du får den der ekstreme frustrasjonen at du kapitulere og føler eigentleg at du ikke kan bruke det som er normale veier, normale veier i forhold til, demonstrere, framlegge ting sakleg, og alt dette her. Og då går ein over på det som heiter sivil ulydighet. Og det vil forplante seg innover i heile surfemiljøet, og så vil det utvikle seg. (Ola)

Eg har prøvd den kampen. Og det er ikkje vits i å ta han. Altså, det er ein tapt kamp. Så då får eg berre surfe der eg vil. Og ta dei konsekvensane som kjem. (Geir)

Altså, nå er miljøsaken å gå i mot noko som skulle vere ei miljøsak. (Terje)

Vi ser her korleis Ola, Geir og Terje handterer situasjonen som oppstod i etterkant av etableringa av forbodet og etter at surfemiljøet hadde forsøkt å komme i dialog med forvaltninga utan å bli hørt. Surfarane meiner sjølve at dei har deltatt legalt på feltet gjennom å sende dispensasjonssaknadar og å følgje korrekt saksgang. Men etter at saka blei lukka for godt, og det ikkje fanst fleire ankemogleheter, står surfarane tilsynelatande utan mogleheter til å delta på forvaltningsfeltet lenger. Bortsett frå på eitt punkt. Einaste måten å kunne delta på feltet vidare er no å delta i spelet illegalt, altså ved å surfe ulovleg.

Kalland & Rønnow (2001) skriv at i mange naturvern-konfliktar kan intervenering i lokalbefolkinga sin sjølvråderett gjennom vern av natur medføre motreaksjonar og at i situasjonar der lokalbefolkinga føler seg marginalisert og tilsidesett tilseier all erfaring at brukarane vert lite motivert til å ta vare på naturressursane og at dette kan opne for antidemokratiske holdningar, framkalle protest-trong og sabotasje. I område der til dømes dyreartar hor vorte freda har dette medført at lokalbefolkinga har fått så mykje ubehag at dei startar med sabotasjeliknande aksjonar. Dei skriv vidare at freding derfor lett kan virke mot si hensikt. Eit døme på dette er tydeleg i rovviltkonflikter der lokalbefolkinga som er motstandarar av ulvebestanden i området saboterer og motarbeider forvaltninga (Skogen & Haaland, 2001). Fleire stadar i landet er det jo heller ikkje uvanleg at lokalbefolkinga driv tjuv-jakt og skyt ulv ulovleg. Til dømes har det i Trysil i fleire år pågått snikskyting av ulv i det stille under parolen «skyt, grav ned og hald kjeft» (Hundeide, 2001).

Som vi har sett på har jo surfarane opplevd at dei har blitt oversett og ekskluderte og det kjem jo fram av sitata at surfarane viser teikn til å demonstrere mot og motarbeide forbodet. På bakgrunn av dette opplever surfarane ei fullstendig kjensle av avmakt i møtet med dette byråkratiske systemet som det ikkje går an å verken ha ein dialog med eller som er interesserte i å høyre på surfarane sine argument. Forvaltninga har derfor gjennom si saksbehandling og mangel på kommunikasjon skaffa seg ein komplett mistillit frå surfemiljøet. Surfarane opplever at dei blir oversett og ignorerte og dei forstår at det ikkje går an å kjempe mot dette systemet, i alle fall ikkje med lovlege middel. Surfarane opplever derfor at den einaste måten å kunne protestere mot forbodet på er ved å surfe ulovleg. Kay og Laberge (2004, s. 158) skriv at dei som ikkje har makt på feltet er dømde til å utfordre legitimiteten til den dominerande kapitalen for å kunne forbetre sin eigen posisjon på feltet. Dette kallar Bourdieu subversion strategies, eller undergravingsstrategi (*ibid.*). Forvaltninga sin dominerande posisjon genererer på denne måten ein dynamikk der surfarane sin motstand vert uttrykt gjennom opposisjon og sabotasje. Denne følelsen av avmakt som surfarane opplever i møtet med forvaltninga gjer at surfarane sin motstand og ulovlege surfing kan forståast som ein motreaksjon og ei form for motmakt fordi dette er einaste måten dei kan nå fram til forvaltninga på. Ved å surfe ulovleg får surfarane delegitimere forbodet gjennom handling og dette kan sjåast på som ein stille protest. Ulovleg surfing er surfarane sin måte å devaluere og undergrave forbodet på og er eit uttrykk for ein kulturell motstand mot ein hegemonisk, legitim kultur representert ved myndighetene. På denne måten kan surfarane oppnå ei form for autonomi og etablere ein stad der makta ikkje når fram. Dette fører sjølvsagt til ei ytterlegare polarisering av debatten og dette gjer at forholdet mellom surfarane og forvaltninga vert vanskelegare.

8. Eit verktøy for forvaltninga

Er det mulig å få ei fredeleg løysing på Jæren?

Som nemnt i innleiingskapitelet har det vore eit sekundært mål med denne oppgåva å komme fram til nokre punkt som kan vere med på å betre situasjonen i denne konflikten mellom surfarane og forvaltninga. Eg vil derfor no som ei avslutning på oppgåva, basert på empirien, kort diskutere korleis ein kan komme til ei fredeleg(are) løysing på Jæren. I denne saka er det to partar. Det opplagte er at for å oppnå ei gunstigare løysing enn den som eksisterer i dag må begge partar engasjere seg. Men i denne saka er det ei tydeleg maktskeivheit. Det er derfor mest hensiktsmessig å konsentrere seg om den parten som har størst moglegheit til å påverke rammene for dialogen (Skogen & Haaland, 2001). Denne diskusjonen kjem derfor i første rekke til å dreie seg om myndighetsorgana som har moglegheit til å forandre «spelereglane» (ibid.). Dette er eit tema som eg vil ikkje vil diskutere på generelt grunnlag, til det er problematikken for stor. Eg vil derfor berre kort skissere nokre løysingsforslag basert på empirien til denne oppgåva og samanlikne desse med tidlegare forsking.

Surfarane i denne oppgåva legg vekt på at dei ikkje har fått vore med på prosessen og at dei fekk tredd forbodet ned over hovuda sine. Skogen & Haaland (2001) viser til forsking som seier at personar og grupper som får delta i prosessen med å ta ei avgjersle og som opplever at dei kan påverke denne, oftast vert meir tilfredse med både prosessen og utfallet av den. Dei skriv vidare at med moglegheit for påverknad vil dei betrakte vedtaka som meir rettferdige og tilfredsstillande, samt at dei får eit meir positivt syn på personar i byråkratiet som til sist fattar vedtaka. Ut i frå dette så ser ein at forvaltninga på Jæren sin framgangsmåte med «fences and fines» (Thiis-Evensen 2001) ikkje har vore produktiv. Surfarane i denne oppgåva har og, som vi har sett, etterlyst eit samarbeid med forvaltninga og surfarane poengterer at det er jo dei som har kunnskap om kva surfing er. Ut i frå dette kan det virke som integrering, medverknadsmogleheter og mogleheter for å komme med innspel og synspunkt kan virke som konfliktdempande tiltak.

Surfarane opplevde at det var ein mangel på dialog i prosessen. Dette auka surfarane si kjensle av avmakt. Skogen & Haaland (2001) skriv at det er viktig at forvaltninga legg vekt på ein dialog med dei lokale aktørane. Dei skriv at dette må vere ein tovegs prosess og at

dialog ikkje er det same som informasjon. Dei skriv og at openheit og at etablering av relasjonar er viktige faktorar i ein slik prosess. Surfarane har og lagt vekt på at det ikkje eksisterte nokon dialog i debatten, at det ikkje var nokon dei kunne fremje sine synspunkt til. Sett i lys av dette kan det virke som om reell tovegs kommunikasjon er gunstig for forholdet mellom surfarane og forvaltninga. Eit samarbeid med surfarane vil i tillegg oppfylle forvaltninga sine eigne ambisjonar i forvaltningsplanen. Det står nemleg i handlingprogrammet under friluftsliv i samband med forstyrring av fugl, at surfer-organisasjonane er aktuelle samarbeidspartalar. Dette står oppført som førsteprioritet (på ein skala frå 1-3) (Fylkesmannen i Rogaland 2010, s. 90). Surfer-organisasjonane står og oppført som aktuelle samarbeidspartnarar i samband med effektmåling av slitasje på vegetasjon og forstyrring av fugleliv (*ibid.*). Sett i lys av dette vil eit samarbeid med surfarane gjere at forvaltninga vil både kunne leve opp til sine eigne ambisjonar i forhold til sitt eige handlingsprogram for overvaking og forsking samt at det vil kunne betre forholdet til surfemiljøet.

Noko av det som gjer at surfarane reagerer på surfeforbodet er at forvaltninga, i surfarane sine auge, ikkje kan vise til relevant forsking som beviser at surfarane på Jæren har ein negativ effekt på fuglelivet. Forvaltninga legg vekt på føre-var prinsippet som argument for eit surfeforbod. For surfarane er dette vanskeleg å forhalde seg til. Skogen & Haaland (2001) skriv at i rovdyrkonfliktene så har forskingsbasert kunnskap ofte falt på steingrunn på grunn av lokalbefolkninga si manglande tiltru til denne type kunnskap. Ut i frå resultata i denne oppgåva så er det tvert i mot nettopp forskingsbasert kunnskap surfarane etterlyser. Derfor kan det sjå ut som om spesifikke forskingsprosjekt som går på surfing og fugl vil vere med på å auke forvaltninga og forbodet si truverdigheit.

Eg har no skissert nokre poeng som ut frå empiri og forsking kan virke konfliktdempande. Om dette er realistiske mål som det har til hensikt å arbeide med, eller om saka på Jæren er opp og avgjort for evig og alltid, er utanfor mi rekkevidde. Det får bli opp til surfarane og forvaltninga på Jæren å avgjere.

Korleis undersøke konfliktpotensialet?

Denne oppgåva er eit kasus-studie, men spørsmålet er om funna i denne oppgåva kan brukast til meir enn å berre gjelde denne saka? I eit forsøk på å gjere resultata av denne oppgåva til noko generaliserbart, praktisk og brukbart vil eg presentere nokre spørsmål som kan vere relevante for forvaltninga å stille i andre saker der det kan oppstå liknande konfliktar mellom friluftslivsutøvarar og forvaltninga⁴⁶. Hensikta med spørsmåla er å kunne identifisere konfliktpotensialet i ei gitt sak og å kunne gjere tiltak som gjer at forholdet mellom forvaltning og utøvar ikkje vert verre enn den treng å vere. Funna i saka på Jæren viser at det kan lønne seg å oppdage potensialet i ein tidleg fase. Spørsmåla er basert på empirien til denne oppgåva, men eg meiner at dei til dels er generaliserbare til liknande saker. Dette er spørsmål som forvaltninga kan stille utan å ha særleg innsikt i den aktuelle aktiviteten.

Eit relevant spørsmål å stille er kor vidt utøvarane er avhengige av den aktuelle og spesifikke lokaliteten for å utøve aktiviteten sin? Konfliktpotensialet er stort i tilfelle der aktiviteten er lokalitetsavhengig. Utøvarane i slike kategoriar kan ikkje drive aktiviteten over alt og er avhengige av heilt spesifikke kriterier. Døme på lokalitetsavhengige aktivitetar er ulike former for surfing, elvepadling og klatring.

Eit anna spørsmål som kan vere interessant å få svar på er kor vidt dette er ein lokalitet som utøvarane har brukt i lang tid? Dersom utøvarane har ei lang fortid med bruk av lokaliteten vil sjansen vere stor for at dei vil reagere og at dei kan yte motstand. Lang tids bruk gjer at det kan ha innarbeidd seg ei sedvane og ei sterkt tilknyting til staden.

Det kan og vere fruktbart å finne ut om denne aktiviteten synest å vere ein viktig del av utøvarane sine liv. Som vi har sett i denne oppgåva så har surfarane basert heile liva sine på å surfe og dette gjer at dei ikkje gir seg utan kamp. Denne oppgåva har vist at både utdanning, jobb og bustad har blitt valt på bakgrunn av ønsket om å surfe mest mogleg. Dersom aktiviteten kan sjåast på som ein særskilt sentral del av ein eit individ sitt liv så vil

⁴⁶ Spørsmåla er inspirerte av Jacob & Schreyer (1980)

konfliktpotensialet vere stort. Typiske aktivitetar som ofte vert rekna som livsstilsaktivitetar er surfing, basehopping, kiting og liknande aktivitetar.

Dette er altså spørsmål som forvaltninga kan stille i ein innleiande fase. Ut i frå funna i denne oppgåva kan det virke som om kombinasjonen av alle tre spørsmåla gjer konfliktpotensialet stort. I tilfelle der forvaltninga finn ut at her kan det oppstå kraftige reaksjonar kan det vere nyttig å stille seg nokre spørsmål i den vidare prosessen. Eit relevant spørsmål er om det er mogleg å kontakte utøvarane og eventuelt inkludere dei i prosessen? Som vi har sett i denne oppgåva så blei ikkje surfarane kontakta og dette har gjort at dei har følt seg både oversett og ekskluderte. Følgjene av dette har vi diskutert. Resultata i denne oppgåva viser og at det kan vere nyttig å stille seg spørsmålet om korleis ein best kan skape tiltru og tillit blant utøvarane? Som vi har sett så har surfarane si tiltru til forvaltninga blitt därleg i løpet av prosessen. Lav tiltru og oppleving av urettferdig behandling kan medføre sabotasjeliknande reaksjonar. Ved å stille desse spørsmåla og ved hjelp av dette verktøyet meiner eg at det vil kunne vere moglegheiter for forvaltninga å få eit betre forhold til utøvarane og gje moglegheiter for å kunne dempe konfliktpotensialet i ei gitt sak i framtida.

9. Avslutning

Oppsummering og konklusjon

Denne oppgåva har hatt som primærmål å forstå kvifor surfarar er motstandarar av surfeforbodet på Jæren samt å forstå denne motstanden. Den første delen av oppgåva tok utgangspunkt i surfarane sitt forhold til surfing og til dei forbodne bølgjene for å forstå motstanden. Den andre delen av oppgåva analyserte forvaltninga sitt arbeid med etableringa av forbodet som grunnlag for surfarane sin motstand mot forbodet.

Den første delen av oppgåva som omhandlar surfing er viktig fordi det er på dette nivået at motivasjonen som grunnlaget for surfarane sin argumentasjon ligg. Ein innblikk i dette er med på å gje ei forståing for kva som skapar det emosjonelle engasjementet til surfarane. Det er jo dette som dannar grunnlaget for surfarane sin motstand som vert utløyst av den provokasjonen som forbodet utgjer. Denne delen utgjer dermed den motiverande faktoren og det affektive grunnlaget for surfarane sine reaksjonar og motstand mot forbodet.

Dei sentrale funna i oppgåva knytt til surfing viser at grunnen til at surfarane er motstandarar av surfeforbodet og at dei surfar ulovleg, er at surfing blir opplevd som veldig viktig for dei. Mange av surfarane har bygt opp heile liva sine rundt aktiviteten. Surfing gir surfarane store personlege opplevingar som dei oppfattar som viktige. I tillegg gir surfing tilhøyrigheit, ein samanheng i tilværet, ein identitet og ein posisjon i surfemiljøet og i samfunnet. Oppgåva viser at dette oppnår ikkje informantane kor som helst. Surfarane er fullstendig avhengige av bølgjer med visse kvalitetar. Det er dei gode bølgjene som gir surfarane det dei er ute etter. Og det er her surfeforbodet kjem inn. Surfeforbodet tek nemleg dei beste bølgjene frå surfarane. Slik sett utgjer forbodet ein trussel mot det som kan sjåast på som sjølve meininga med tilværet for mange av informantane. Surfarane sin motstand mot forbodet kan derfor sjåast på som ein kamp for å oppretthalde dei gode opplevingane som surfing handlar om, som ein kamp for å oppretthalde sin eigen posisjon i surfhierarkiet og i samfunnet, og som ein kamp for ei heil karriere og ein heil livsstil som er knytt til surfing og som i stor grad er knytt til Kvassheim og Svinestien.

Surfarane har og tilknytingar til bølgjene gjennom lang tids bruk og gjennom mange opplevingar som gjer at desse bølgjene har fått ein spesiell posisjon i hjerta til mange av surfarane. I løpet av dei 20 åra som det har blitt surfa på Kvassheim og Svinestien så har surfarane utvikla ein følelse av eigarforhold til desse bølgjene. Denne tanken om eigarforhold til lokale bølgjer er og ein del av kulturen i surfing. Forbodet utgjer dermed ein trussel mot dette forholdet, og forbodet gjer at kjensla av eigarskap til desse bølgjene er trua. Surfarane sin motstand kan derfor forståast som ein kamp for å få behalde eit meiningsfullt landskap som er ein del av surfarane si livshistorie, som ein kamp for å behalde eit eigarskap som er oppnådd på bakgrunn av sedvane og i tillegg kan surfekulturen sine normer om kven som «eig» lokalitetane vere ein faktor. Den ulovlege surfinga kan dermed sjåast på som eit revirhevdande tiltak.

Surfarane har gjort store investeringar i surfing både når det gjeld tid, økonomi og prioriteringar i forhold til utdanning og jobb. Dette langvarige engasjementet og dei sterke emosjonane som er knytt til surfing og til dei bølgjene som inngår i surfeforbodet er så sterk at interessa og motivasjonen for å fortsette å surfe er sterkare enn motivasjonen for å følge lovverket. Viss surfarane sluttar å surfe dei bølgjene som er forbodne så har dei for mykje å tape. Surfarane sin motstand mot forbodet kan derfor forståast som ein kamp for å oppretthalde dette affektive grunnlaget som er knytt til surfing og til dei spesifikke bølgjene.

Oppgåva har og gjort funn som seier at grunnen til at surfarane er motstandarar av forbodet og grunnen til at dei fortset å surfe sjølv om dette er ulovleg ligg på eit anna plan. Desse grunnane er knytt til forvaltninga og til forvaltninga sitt arbeid med etableringa av forbodet. Surfarane sjølv har erfaringar med fuglelivet i vatnet, men opplever at forvaltninga ignorerer denne erfaringsbaserte kunnskapen. Surfarane reagerer også på at forvaltninga i deira auge kan etablere eit forbod utan å ha tilstrekkeleg vitskaplege bevis på at surfing er skadeleg for fuglelivet. I tillegg til dette meiner surfarane og at saksgangen har vore ulovleg og at retningslinjene ikkje har blitt følgd fordi dei ikkje fekk vere med på høyringsrundene og fordi surfing blei oppført på forbodslista heilt mot slutten av prosessen. Dette gjer og at surfarane opplever at forvaltninga berre kan gjere som dei vil utan å følgje korrekte og legitime framgangsmåtar i eit sånt arbeid. Surfarane opplever derfor ei sterk grad av avmakt mot dette systemet som forvaltninga utgjer.

Surfarane opplever at dei i denne situasjonen er heilt makteslause. Dei ser at einaste måten dei kan utfordre forbodet på er gjennom ulovleg surfing. Surfarane sin motstand mot forbodet kan derfor forståast som ein reaksjon på forvaltninga sine handlingar og framgangsmåtar. Ulovleg surfing blir dermed surfarane sin måte å delegitimere og undergrave forbodet på, og surfinga kan sjåast som ein protest og ei form for motmakt mot dette byråkratiet som sit med alle korta.

Det sekundære målet med oppgåva har vore å komme fram til nokre punkt som skal kunne betre situasjonen på Jæren og gjere at det er mogleg at forholdet mellom surfarane og forvaltninga verte fredelegare. Basert på empirien til oppgåva så viser det seg at moglegheiter for medverknad frå surfarane, tovegs kommunikasjon og forsking som surfarane ser på som truverdig vil kunne vere med på å dempe konflikten. Oppgåva har også prøvd å generalisere resultata til å kunne ha overføringsverdi til liknande konfliktar mellom utøvarar av «moderne» friluftslivsaktivitetar og forvaltninga, og har komme fram til nokre spørsmål som forvaltninga kan stille i saker der det er potensiale for ei konflikt. Desse er knytt til om utøvarane er avhengig av lokalitetar med spesielle kvalitetar, om lokalitetane har vore brukt i lang tid og om aktiviteten kan sjåast på som ein sentral del av utøvarane sine liv. Dersom svaret er ja på desse spørsmåla så kan konfliktpotensialet vere stort og forvaltninga bør sette i verk tiltak for å førebygge moglegheiter for ei konflikt. Desse tiltaka vil til dømes vere å kontakte utøvarane og inkludere dei i prosessen så langt det er mogleg, samt å stille seg spørsmål om korleis det er mogleg å få oppretta tillit til forvaltninga sitt arbeid.

I denne saka er det opplagt at både surfarane og forvaltninga verdset det same naturmiljøet, men dei gjer det med ulike innfallsvinklar og meningar. Surfarane og forvaltninga er altså to ulike partar som rettar seg etter ulike logikkar som møtest innanfor det same geografiske området. Denne oppgåva har hatt surfarane sine logikkar som hovudperspektiv. Surfarane sine logikkar er knytt til surfing og desse er i stor grad er affektive. Oppgåva har vist at surfarane sin motstand mot forbodet handlar om andre ting enn at surfarane ikkje er interesserte i miljøvern og at dei har manglande kunnskap om fuglelivet slik som representanten for forvaltninga påstod i innleiinga til denne oppgåva. Vi har sett at surfarane sin motstand mot surfeforbodet og den ulovlege surfinga mellom anna handlar om

surfeopplevelingar, prestisje, status, tilhøyrighet, rettferdigheit, sedvane, kultur, protest og makt. Konklusjonen er at denne *kampen for bølgjene* for surfarane kan på den eine sida forståast som eit affektivt og emosjonelt forhold til surfing og til dei beste bølgjene og på den andre sida forståast som ein form for protest mot eit byråkrati som sit med all makt.

Ei vurdering av det teoretiske rammeverket

Denne oppgåva har støtta seg til Bourdieu sine teoretiske omgrep. Det vil no bli ein kort diskusjon og evaluering av dei teoretiske perspektiva i forhold til dette prosjektet. I løpet av arbeidet har eg hatt eit skråblikk til andre teoretiske perspektiv, men eg valte til slutt å reindyrke Bourdieu. Dette kan ha gjort at oppgåva har gått glipp av viktige poeng, men eg meiner likevel at Bourdieu sitt fleksible omgrevsapparat har gjort nytta si i denne oppgåva. Grunnen til at eg meiner dette skal eg kort gjere greie for no.

Felt og kapital-omgrepa har mellom anna vore nyttige for å identifisere surfing som ein sosial arena der det føregår jakt på bølgjer og status. Dei har og vore nyttige for å sjå på surfarane sitt forhold til forvaltninga. Men det som eg opplever som særleg interessant for denne oppgåva er habitus-omgrepet. Omgrepet fangar opp kor rotfesta surfing er i surfarane og korleis surfarane opplever å høyre til og har ei avhengigheit av bølgjene og korleis dette dermed er sentralt i surfarane sin motstand mot forbodet. Habitust-omgrepet viser korleis både surfing og bølgjene er ein del av surfarane og at dette forholdet er basert på eit langvarig engasjement og at dette gir sterke emosjonelle tilknytingar. Omgrepet viser kor viktig tidsperspektivet er i denne samanhengen. Eg meiner at eit langvarig og djupt engasjement for surfing og bølgjene forklarar meir om surfarane sin motstand enn om surfing skulle utgjere ein refleksiv identitetsmarkør eller eit «image» som surfarane kan hoppe inn og ut av (Giddens, 1991). Indre pre-refleksive rettesnorer vert skapt over tid og å bli ein dyktig surfar krev mange år og ein sterk indre motivasjon og dette gjer at surfing sit djupt i surfarane. Vidare forklarar habitus at surfarane sine disposisjonar er treige og at denne treigheita er sentral i surfarane sine vanskar med å etterleve surfeforbodet. Eg meiner at habitusomgrepet er med på å avdekke kor viktig surfing verkeleg er for surfarane og at surfing er noko som er verdt å kjempe for. Og det er jo, som vi har sett, surfarane si tilknyting til og affektive forhold til surfing som utgjer grunnlaget for motstanden mot forbodet. Ut ifrå dette er min påstand i

forhold til teoretiske implikasjonar av dette arbeidet at Bourdieu sine klassiske samfunnsvitskaplege perspektiv er godt egna for vidare utforsking av liknande prosjekt. Bourdieu sine omgrep har gjort det mogleg å avdekke sider ved surfarane sin motstand som i utgangspunktet ikkje var synlege og dei har vore interessante, vanskelege og fruktbare sparringpartnerar undervegs i prosessen.

Ei vurdering av oppgåva.

Eg vil no heilt til slutt gjere ei totalvurdering av arbeidet og sjå på om måla med prosjektet har blitt nådd på ein tilfredsstillande måte. Etter mi vurdering er den største innvendinga mot denne oppgåva målet om å gjere ei heilskapleg og brei analyse av surfarane sin motstand. Dette ambisiøse ønsket har gjort at oppgåva kan skuldast for å vere overflatisk. Ved å gå laus på ein meir avgrensa del av surfarane sine reaksjonar på forbodet hadde det vore mogleg å gå meir i djupna og dette kunne gitt meir detaljerte beskrivingar. Desse kunne også ha gitt auka forståing for heilheita. Det blei gjort ei grundig vurdering om det var mogleg å gå laus på saka med eit smalare perspektiv, men eg vendte tilbake til utgangspunktet. Grunnen til det har vore enkel. Surfarane sin motstand mot surfeforbodet er samansett og kompleks og det er vanskeleg å skilje ut nokre grunnar som er viktigare enn andre. Ærendet mitt med denne oppgåva blei derfor nettopp å prøve å gje eit heilskapleg bilet av surfarane sin motstand. Eg meiner at dette kan forsvara fordi forvaltningskonfliktar der utøvarar av dei såkalla moderne friluftslivsaktivitetane er involvert er eit lite utforska temaområde. I denne samanhengen kan det vere både hensiktsmessig og nyttig å starte med ei brei tilnærming slik at det opnar for vidare arbeid med snevrare innfallsvinklar. Etter mi vurdering har i alle fall ein del sentrale og viktige poeng blitt synleggjort i denne oppgåva.

I målet mitt med å fange heilheita er det eit paradoks at eg likevel ikkje har fått med «alle» sider ved surfarane sin motstand. Grunnane til at surfarane reagerer på surfeforbodet er mange og dei er som sagt komplekse. I denne oppgåva har det blitt presentert nokre grunnar til at surfarane er motstandarar av forbodet og det har blitt diskutert korleis det går an å forstå denne motstanden. Men det er viktig å hugse at dei sidene ved motstaden som har komme fram speglar informantane si forståing, mi forståing, samt at dette har blitt sila gjennom eit

spesifikt teoretisk perspektiv. Slik sett skal denne oppgåva berre sjåast på som *eitt* bidrag til å danne forståing for det samansette temaområde som denne saka utgjer.

Vegar vidare

I denne samanhengen kan det vere relevant heilt til slutt å sjå på korleis ein kan arbeide vidare med å skape forståing for konfliktar mellom utøvarar av «moderne» friluftslivsaktivitetar og forvaltninga.

Det kunne til dømes vore interessant å sett grundigare på og gjort ei fullstendig analyse av forvaltninga sitt perspektiv i denne saka. Det kunne vore fruktbart å prøve å avdekke kva slags holdningar forvaltninga har til surfarane og kva meiningar og syn som pregar forvaltningskulturen som kan ha vore med på å avgjere denne saka i surfarane sin disfavør. Forvaltninga sitt syn på si eiga rolle som «objektiv» aktør og saksbehandlar kunne ut i frå eit slikt arbeid blitt sett i eit litt anna lys.

Eit anna relevant perspektiv kan vere å ta tak i ei eller fleire av dei andre konfliktene som eksisterer mellom forvaltning og utøvarar av andre liknande aktivitetar som har auka sterkt dei siste åra, som til dømes kiting, terrengsykling eller elvepadling. Kvar av desse aktivitetane har sitt sær preg, sine ulike lokalitetsbehov og sine interne kulturar som kan gjere at utøvarane vil reagere ulikt og på bakgrunn av dette trur eg at konfliktene til ei viss grad vil utarte seg på forskjellige måtar. Det kunne også vore fruktbart og sett på likskapar og ulikskapar mellom ulike konfliktar i ulike geografiske område.

Dei mange konfliktene som har oppstått mellom utøvarar og forvaltninga dei siste åra viser i alle fall at det er eit behov for ytterlegare forsking på dette området.

Litteratur

Aftenbladet (2004, 15. 01). Mye styr med bølgesurferne. Henta 14.5.2013

frå: <http://www.aftenbladet.no/nyheter/lokalt/Mye-styr-med-bølgesurferne-2776381.html>

Arnesen, T. & Riseth, J. Å. (2008). Konfliktfyllda naturskyddsprocesser i Norge. I: Sandstrøm, C., Hovik, S., og Falleth, E. I. (Red). *Omstridd natur: Trender & utmaningar i nordisk naturforvaltning* (s. 83 – 104). Umeå: Borea Bokforlag.

Booth, D. (2003). Expression sessions: Surfing, style and prestige. I: Rinehart, R. E. & Sydnor, S. (Red). *To the extreme: alternative sports, inside and out*. Albany: State University of New York Press.

Bourdieu, P. (1990). *The logic of practice*. Stanford: Stanford University Press.

Bourdieu, P. (1996). *Symbolsk makt*. Oslo: Pax Forlag.

Bourdieu, P. (1999). *Meditasjoner*. Oslo: Pax Forlag

Bourdieu, P. & Wacquant, L. J. D. (1993). *Den kritiske ettertanke: Grunnlag for en samfunnsanalyse*. Oslo: Det norske Samlaget

Christensen, O. (2001). *Absolutt snowboard: Studier i sidelengs ungdomskulturer*. Doktorgradsavhandling. Det historisk-filosofiske fakultet, Universitetet i Oslo, Oslo

Csikszentmihalyi, M. (1990). *Flow: The psychology of optimal experience*. London: Harper and Row.

Damsgaard, E. (2007). Forbudte kyster. Magasinet *Fri Flyt*, nr. 42, 7/2007, s. 38-42.

Den Norske Turistforening (2010). *Ferdselsregulering uthuler allemannsretten*. Henta

15.9.2011 frå:

<http://www.turistforeningen.no/files/DNT/Resolusjoner/Resolusjon%202010%20-%20Ferdselsregulering%20uthuler%20allemandsretten.pdf>

Den Norske Turistforening (2011). *Allemandspliktene*. Henta 15.9.2011 frå:

http://www.turistforeningen.no/article.php?ar_id=29948&fo_id=8546

Direktoratet for Naturforvaltning (2005). *Klagebehandling – søknad om dispensasjon frå bølgesurfe-forbod innenfor Jærstrendene landskapavnområde med biotopfredninger og naturminne*. Brev til Norsk Surfforbund frå Direktoratet for naturforvaltning datert 28.09.2005. Ref. 05/398 ARE-VE-TLA. Arkivkode 423.5. Trondheim: Direktoratet for naturforvaltning.

Direktoratet for Naturforvaltning. (2010). *Områdevern og forvaltning*. DN- håndbok 17.

Henta 4.1.2012 frå: <http://www.dirnat.no/content/1191/>

Direktoratet for Naturforvaltning (2011). *Om direktoratet*. Henta 14.12.2011 frå:

http://www.dirnat.no/om_direktoratet_for_naturforvaltning/

Duquin, M. (2000). Sport and emotions. I: Coakley, J. & Dunning, E. (Red.)
Handbook of sports studies. (S. 477-489). London: Sage.

Ellingsen, Ø. (2004, 15.01). Fuglene jager surferne. *Aftenbladet*. Henta frå <http://www.aftenbladet.no/lokalt/Fuglene-jager-surferne-2776379.html>

Energi- og miljøkomiteen (2011). *Innst. 400 L (2010-2011) Innstilling til Stortinget fra energi- og miljøkomiteen. Prop. 88 L*. Oslo: Energi- og miljøkomiteen. Henta 18.7.2013 frå: <http://www.stortinget.no/Global/pdf/Innstillinger/Stortinget/2010-2011/inns-201011-400.pdf>

Engelstad, F. (2005). *Hva er makt?* Oslo: Universitetsforlaget.

Flyvbjerg, B. (2006). *Rationalitet og makt. Bind I: Det konkretes videnskab*. København: Akademisk Forlag.

Ford, N. & Brown, D. (2006). *Surfing and social theory: Experience, embodiment and narrative of the dream glide*. London: Routledge.

Fuglehaug, K. (2011). *Ut i Naturen: Beklager Stengt*. [TV-serie episode].

Norge: Norsk Rikskringkasting. Henta 14.05.2013 frå <http://www.nrk.no/nett-tv/klipp/730488/>

Fylkesmannen i Rogaland (1995). *Revidert verneplan for Jærstrendene landskapsvernombord. Miljø-rapport nr. 4 – 1995*. Stavanger: Miljøvernavdelinga, Fylkesmannen i Rogaland

Fylkesmannen i Rogaland (2005). *Avslag på søknad om dispensasjon for bølggesurfing i fuglefredningsområder langs Jærstrendene landskapsvernombord*. Brev frå Fylkesmannen i Rogaland til Norges Surf forbund. Datert 3.1.2005. Ref. 2003/20696. Arkivnr: 432.2. Stavanger: Fylkesmannen i Rogaland

Fylkesmannen i Rogaland (2010). *Jærstrendene Landskapsvernombord med biotopfredninger og naturminne. Forvaltningsplan del 1*. Stavanger: Miljøvernavdelinga, Fylkesmannen i Rogaland.

Fylkesmannen i Rogaland (2011). *Om fylkesmannen*. Henta 14.12.2011 frå: <http://www.fylkesmannen.no/Rogaland/Om-Fylkesmannen/>

Giddens, A. (1991). *Modernitet og selvidentitet: Selvet og samfundet under sen-moderniteten*. København: Hans Reitzels Forlag.

Gilje, N. & Grimen, H. (1993). *Samfunnsvitenskapens forutsetninger: Innføring I samfunnsvitenskapenes vitenskapsfilosofi*. Oslo: Universitetsforlaget.

Gurholt, K. P. (2010). I: Steinsholt, K. og Gurholt, K. P. *Aktive liv: idrettspedagogiske perspektiver på kropp, bevegelse og dannelses* (s. 175-203). Trondheim: Tapir Akademiske.

Heywood, L. & Montgomery, M. (2008). Ambassadors of the last wilderness?: Surfers, environmental ethics and activism in America. I: Atkinson, M. og Young, K. (Red.). *Tribal Play: Subcultural Journeys Through Sport* (s. 153-172). Bingley: Emerald Group Publishing.

Hundeide, M. (2001). Ulvestrid I solnedgang: Om pressens innvirkning på meningsdannelse i rovdyrdebatten. I: Kalland, A. & Rønnow, T. (Red.) *Miljøkonflikter: om bruk og vern av Naturressurser* (s. 139-161). Oslo: Unipub Forlag.

Jacob, G. R. & Schreyer, R. (1980). *Conflict in outdoor recreation: A theoretical perspective*. Journal of Leisure Research 12 (s. 368-380). Henta 23.10.10 frå:
http://www.uvm.edu/rsenr/rm240/jacob_schreyer.pdf

Johannesen, A., Tufte, P. A. & Christoffersen, L. (2010). *Introduksjon til samfunnsvitenskaplig metode*. Oslo: Abstrakt.

Jærstrendene landskapsvernområde med biotopfredninger og naturminne [Bilete] (2011). Henta 2.6.2011 frå:
<http://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMRO/Milj%C3%B8/Kart/Kart%20J%C3%A6rstrendene.pdf>.

Kalland, A. & Rønnow, T. (Red.). (2001). *Miljøkonflikter: om bruk og vern av Naturressurser*. Oslo: Unipub Forlag.

Kay, J. og Laberge, S. (2004). «Mandatory equipment»: Women in adventure racing. I: Wheaton, B. (Red.) *Understanding lifestyle sports: consumption, identity and difference* (s. 154-174). London: Routledge.

Kvale, S. (1997). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal akademisk.

Kvivik, I. (2006). Surfere foren eder. Magasinet *Ultrasport* #99, 4/2006, s.38-42.

Langseth, T. (2012a). *Liquid ice surfers – the construction of surfer identities in Norway*. Journal of adventure education & outdoor learning, Vol 12, no 1, 3-23.

Langseth, T. (2012b). *Spanningssøkingens sosialitet. En sosiologisk undersøkelse av verdisystem i risikosport*. Doktorgradsavhandling. Norges Idrettshøgskole, Oslo.

Lode, A. (2004, 23. 02) Miljøvernministeren vil høre bølgesurferne. *Aftenbladet*. Henta frå <http://www.aftenbladet.no/innenriks/politikk/Miljoministeren-ville-hore-bolgesurferne-2779828.html>

Martinussen, W. (1991). *Sosiologisk analyse*. Oslo: Universitetsforlaget.

Miljøverndepartementet (2001). *Stortingsmelding nr 39 (2000-2001). Friluftsliv. Ein veg til høgare livskvalitet*. Oslo: Miljøverndepartementet. Henta 14.5.2013 frå:
<http://www.regjeringen.no/nn/dep/md/dokument/proposisjonar-og-meldingar/stortingsmeldingar/20002001/stmeld-nr-39-2000-2001-.html?id=194963>

Miljøverndepartementet (2003a). *Kronprinsregentens resolusjon om revidert vern av Jærstrendene landskapsvernområde med biotopfredingar og naturminner i Rogaland*. Oslo: Miljøverndepartementet. Henta 23.5.2013 frå:
http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/dok/lover_regler/kgl_res/2003/kronprinsregente_ns-resolusjon-om-revider.html?id=444539

Miljøverndepartementet (2003b). *Forskrift om vern av Jærstrendene landskapsvernområde med biotopfredingar og naturminne i Randaberg, Sola, Klepp og Hå kommunar, Rogaland*. Oslo: Miljøverndepartementet. Henta 23.5.2013 frå:
<http://www.lovdata.no/for/lf/mv/xv-20031212-1675.html>

Miljøverndepartementet (2010-2011). *Prop. 88 L. Proposisjon til Stortinget. Endringer I friluftsloven og straffeloven.* Oslo: Miljøverndepartementet. Henta 14.5.2013 frå:
<http://www.regjeringen.no/pages/16245650/PDFS/PRP20102011008000DDDPDFS.pdf>

Miljøverndepartementet (2011). *Om departementet.* Henta 14.12.2011 frå:
<http://www.regjeringen.no/nn/dep/md/om-departementet.html?id=673>

Miljøverndepartementet (2012-2013). *Prop. 1 S. Proposisjon til Stortinget.* Utgiftskapittel: 1400–1474 og 2465, Inntektskapittel: 4400–4471 og 5578. Oslo: Miljøverndepartementet. Henta 18.7.2013 frå:
http://www.statsbudsjettet.no/Upload/Statsbudsjett_2013/dokumenter/pdf/md.pdf

Norges Surfforbund (2013). *Om NSRF.* Henta 22.7.13 frå: <http://www.nsrf.no/node/7>

No surfing Picto [Bilete] (2013). Henta 2.8.2013 frå:
<http://www.seton.net.au/signs-labels/safety-signs/international-pictograms/water-safety-signs-no-surfing-picto-s8021.html>

Odden, A. (2008). *Hva skjer med norsk friluftsliv? En studie av utviklingstrekk i norsk friluftsliv 1970-2004.* Doktorgradsavhandling. Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologiledelse, geografisk institutt, Norges teknisk- naturvitenskapelige universitet, Trondheim.

Pedersen, K. (1999). «*Det har bare vært naturlig!*». *Friluftsliv, kjønn og kulturelle brytninger.* Doktorgradsavhandling. Institutt for samfunnsfag, Norges idrettshøgskole, Oslo.

Prieur, A. (2002). *Frihet til å forme seg selv? En diskusjon av konstruktivistiske perspektiver på identitet, etnisitet og kjønn.* Kontur nr. 6 2002. Henta 9.1.2011 frå:
http://www.hum.au.dk/cek/kontur/pdf/kontur_06/annich_prieur.pdf

- Reusch, M. (2012). *Allemandsretten: Friluftslivets rettsgrunnlag*. Oslo: Flux Forlag
- Ryen, A. (2002). *Det kvalitative intervjuet: Fra vitenskapsteori til feltarbeid*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Setten, G. (2002). *Bonden og landskapet: Historier om natursyn, praksis og moral idet jærske landskapet*. Doktorgradsavhandling. Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologiledelse, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Trondheim.
- Skogen, K & Haaland, H. (2001). *En ulvehistorie frå Østfold: Samarbeid og konflikter mellom forvaltning, forsking og lokalbefolking*. NINA fagrappor 52. Lillehammer: NINA
- Skår, M. & Vistad, O. I. (2001). *Motorferdsel i utmark: Oppsummering av faglig og forvaltningsmessig status*. NINA fagrappor 046. Trondheim: NINA.
- Solli, J. (2009). Frisk bris og høye bølger om vernet natur: Hvorfor er reguleringer av ferdsel nødvendig? Magasinet *UTE*, Nr 42, 2/2009, s. 32-33.
- Stebbins, R. A. (1992). *Amateurs, professionals and serious leisure*. Montreal: McGill-Queens's University Press.
- Sutherland, B. (Ed) (2007): *The stormrider Guide Europe – Atlantic islands*. Cornwall: Low Pressure Ltd.
- The Ramsar Convention on Wetlands. (2013). *The Ramsar Convention on Wetlands*. Henta 11.6.2011 frå: http://www.ramsar.org/cda/en/ramsar-home/main/ramsar/1_4000_0
- Thiis-Evensen, A. L. S. (2001) Blod og vin: identitet og stedstilknytning på Isola del Giglio. I: Kalland, A. & Rønnow, T. (Red.) *Miljøkonflikter: om bruk og vern av Naturressurser* (s. 67-82). Oslo: Unipub Forlag.

Tordsson, B. (2003). *Å svare på naturens åpne tiltale. En underøkelse av meningsdimensjoner i norsk friluftsliv på 1900-tallet og en drøftelse av friluftsliv som sosiokulturelt fenomen*. Doktorgradsavhandling. Norges Idrettshøgskole, Oslo.

Tordsson, B. (2010). *Friluftsliv, kultur og samfunn*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Wacquant, L. J. D. (1998). Pierre Bourdieu. I: Stones, R. (red.). *Key sociological thinkers*. S 215-229. London: Macmillan.

Warshaw, M. (2003). *The encyclopedia of surfing*. Orlando: Harcourt.

Wilken, L. (2008). *Pierre Bourdieu*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.

Østerberg, D. (2003). *Sosiologiens nøkkelbegreper* (6. utg.). Oslo: Cappelen Akademiske Forlag.

Aakvaag, G. C. (2008). *Moderne sosiologisk teori*. Oslo: Abstrakt Forlag AS.

Aasetre, J. (2000). *Holdninger og kultur i norsk naturforvaltning*. Doktorgradsavhandling. Norges teknisk- naturvitenskaplige universitet, Trondheim.

Vedlegg 1: Intervjuguide Surfemiljøet

Bakgrunn

- Namn, alder, bustad, oppvekst, utdanning og jobb (vil bli anonymisert)

Surfing

- Kor lenge har du surfa? Kor ofte surfar du? (Dagar/år?) Skilnad på før/etter forbodet?
- Kvifor surfar du? Kva er det med surfing som fascinerer deg?
- Kva betyr surfing for deg? Kor viktig er surfing for deg? Har surfing noko å seie for kven du *er*? Har surfing styrt nokre av vala i forhold til bustad, utdanning og jobb?
- Kan du beskrive/fortelje om ein perfekt surfedag? Kor viktig er denne opplevinga for deg?
- Korleis hadde du opplevd å aldri få surfa meir?

Dei forbodne bølgjene (Svinestien og Kvassheim)

- Kor lenge har det vore surfa på Kvassheim og Svinestien?
- Kor lenge har du surfa der? Kor ofte?
- Har du surfa der etter forbodet? (Dette treng du ikkje svare om du ikkje vil!) Kor surfar du i dag?
- Kva betydde/betyr desse bølgjene (Svinestien og Kvassheim) for deg? Føler du tilhøyrigheit til desse? Evt på kva måte? Kvifor/kvifor ikkje?
- Korleis opplevde du å miste bølgjene? Kva er forskjellen på no og før?
- Kvifor er dette dei beste spottane? Kvifor legg de så mykje innsats i å få dei tilbake?
- Kvifor kan du ikkje surfe på alle dei andre bølgjene på Jæren?

Forbodet.

- Kvifor reagerar du på at surfing blei forbudt? Kvifor trur du at surfing blei forbudt?
- Meinar du at surfing er forstyrrande for fuglane? Kvifor/kvifor ikkje?
- Kva konsekvensar har forbodet hatt for surfarane?
- Kor stort er surfemiljøet som er berørt av forbodet?
- Kjenner du til/ Kva synest du om dokumentasjonen som Fylkesmannen legg fram som bevis på at surfarar skremmer fugl?

- Kva synest du om måten forvaltninga gjekk fram i denne saka over for surfmiljøet? Føler du at FM tok argumenta til surfarane på alvor? Kvifor/kvifor ikkje? Korleis opplevast dette?
- Kva skulle blitt gjort for at du hadde akseptert forbodet (viss du ikkje gjer det)? Evt kva kan gjerast?
- Påverkar vedtaket di tiltru til systemet? På kva måte? Kva konsekvensar kan det få?
- Kva trur du er grunnen til at nokon fortset å surfe trass i forbodet?
- Oppfattar du at det er skilnadar innad i surfemiljøet når det gjeld syn på saka?
- Korleis ser du på surfing på Jæren i framtida? For deg sjølv? For miljøet?

Avsluttande spørsmål

- Har du andre kommentarar til saka som eg ikkje har spurt om?
- Veit du om andre som du trur veit noko om eller som er engasjerte i denne saka?